

INNHALD

NORSK NAMNELAG

- Gunnstein Akselberg: Kongefamilien, namneval og namnetradisjonar ... 3
- Botolv Helleland: Nordiske namnetidsskrift 4
- Innkalling til landsmøte i Norsk namnelag 5

NASJONAL KONFERANSE

- Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking..... 5

SAMARBEIDSNEMNDA

- Samarbeidsnemnda i møte med departementet 7

NAMNEKONSULENTTENESTA

- Samrådsmøtet i Namnekonsulenttenesta 8
- Sognefjellet er vedteke 10

NORMERING OG BRUK AV NAMN

- Ivar Utne: Ny personnamnlov 11
- Botolv Helleland: Navn på ny bru over Svinesund 19
- Erling Georg Larsen: Lister feil for Lista 21
- Finn E. Isaksen: Andebusokninger ergrer seg over nye veinavn..... 23
- Klaus Johan Myrvoll: Venjastaua – Venjastua – Venjastova..... 24

NORNA

- NORNA-nytt 26
- Staffan Nyström: Den trettonde nordiska namnforskarkongressen 27

ICOS-NYTT

- Vellukka verds-kongress i Uppsala 28
- Nytt styre i ICOS 28

FN-NYTT

- Nils J. Gaasvik: Rapport frå den 8. FN-konferansen om stadnamn. 29

UNDERVISNING

- Studiereforma – undervisningsemne i namnegransking 31
- Gulbrand Alhaug: Nettbasert mellomfag i namnegransking 35

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

- Magne Myhren: Sløddfjorden eller Sløttfjorden 38
- Per-Stian Vatne: Namn på kjæledyr i Ørsta 39
- Gulbrand Alhaug: «Ikkje akkurat Ola og Kari» 44
- Kristoffer Kruken: Meir om Bjørn Storberget og personnamna 46
- Einfrid Perstølen: Stadnamn på Perstølen 48

BOKOMTALAR

- Kristoffer Kruken: Bibelsk namnebok 52
- Olav Veka: Stadnamn frå inn- og utland 54
- Botolv Helleland: Kristen innverknad på nordisk namngjeving 56

Botolv Helleland: Eivindarmál – heidersskrift til Eivind Weyhe.....	57
Åse Wetås: Venneskrift til Gulbrand Alhaug	58
Tom Schmidt: Avhandling om navneleddet <i>bólstaðr</i>	60
Botolv Helleland: Innsjønamn i Telemark.....	62
Gulbrand Alhaug: Halling og rørosing	64
NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI	
Klaus Johan Myrvoll: Norsk namnebibliografi 2001	66

NORSK NAMNELAG

KONGEFAMILIEN, NAMNEVAL OG NAMNETRADISJONAR

På spørsmålet om kva barnet som Märtha Louise og Ari Behn ventar seg til våren ein gong, bør heita, svarar Benedicte Adrian i VG 22. oktober i år: «De må selvfølgelig velge et norsk navn. For hvis ikke nordmenn tar vare på navnetradisjoner, er det ingen som gjør det. Jeg er veldig svak for Baltazar». Diskusjonen om namnet til Märtha Louise sin fyrstefødde er alt i gang i dei norske media.

Ivar Utne, ein av arkitektane til den nye og liberale personnamnlova, føreslo i ei NRK-sending 22. oktober at Märtha Louise og Ari Behn sin fyrstefødde burde døypast *Maja* av di namnet er bibelsk (ei kortform av *Maria*), av di det er moderne og av di det er folkeleg. For mange nordmenn vil nok *Maja* likevel truleg vera både for folkeleg og for moderne for eit kongeleg barn.

Også Viggo Sandvik prøver seg på ei folkeleg og moderne form i VG 22. oktober når han får spørsmålet om kva barnet skal heita: «Hyggelig. Det tyder på at de har paret seg, og da er de akkurat som oss andre. Jeg har for øvrig sansen for begge to, jeg. – Bobben Behn synes jeg høres bra ut. Eller hva med prinsesse Tutta?». Sandvik går lenger enn Utne, og gjer det meir for å provosera og skapa løyer enn for å lansera eit seriøst namneframlegg, men det prinsippet som både han og Utne framhevar er viktig.

Tidegare i haust gjennomførde den danske avisa Politiken ein kampanje for at den nye danske prinsen skulle få namnet *Knud*. Framstøyten mislykkast, namnet vart trass i iherdig avisinnsats *Felix Henrik Valdemar Christian*.

Dei siste 30 åra har kongefamilien vorte meir og meir 'vanleg' og folkeleg. Det starta med giftarmålet mellom kronprins Harald og den borgarlege frøken Sonja Haraldsen, og det har kulminert så langt med dei 'borgarlege' giftarmåla til kongeborna Haakon Magnus og Märtha Louise. Men det er ikkje berre den borgarlege bakgrunnen til ektemakane som er viktig i så måte, også livsstilen og dei sosiale aktivitetane er meir folkelege hjå Haakon Magnus og Märtha Louise enn hjå nokon kongelege siste hundreåret.

Det er mange omsyn å ta ved namneval, og omsyna er ikkje mindre hjå dei kongelege enn hjå folk flest. Viktige prinsipp ved val av kongeleg namn i Noreg er ta omsyn til det royale, det tradisjonelle, det folkelege og det

moderne. *Olav* er t.d. både eit kongeleg, eit tradisjonelt, eit moderne og eit folkeleg namn. Det same kan vi seia om namna *Astrid*, *Ragnhild*, *Harald* og *Håkon*. Dei er kongelege og folkelege namn på same tid. Slik sett er dei gode namneval. Likevel burde det no vera tid til å tenkja nytt om kongelege namneval. Kvifor ikkje velja eit kvinnenamn som *Berit*, *Gerd*, *Gunnhild*, eller *Åse*? Eller eit mannsnamn som *Knut*, *Lars*, *Sigurd*, *Olav*? Sams for alle desse namneformene er at dei er folkelege, dessutan er dei heimlege, eller dei er innlånte former som har gått seg til i språket og fått norsk form. Nokre av dei er òg kongelege.

Elles rår vi Benedicte Adrian til å skaffa seg eit eksemplar av *Norsk personnamnleksikon* slik at ho kan setja seg betre inn i norsk personnamntradisjon.

Gunnstein Akselberg
gunnstein.akselberg@hf.uib.no

NORDISKE NAMNETIDSSKRIFT

Norsk namnelag har sidan 1984 gjeve ut tidsskriftet *Namn og Nemne* og meldingsbladet *Nytt om namn*. Desse publikasjonane har funne sin plass mellom namneinteresserte i landet, og hjå ikkje så få i grannelanda. Mange av lesarane våre kjenner og abonnerer kanskje på dei nordiske tidsskrifta *Namn och bygd* (NoB) og *Studia anthroponymica Scandinavica* (SAS) som kjem ut i Uppsala. *Nytt om namn* vil gjerne slå eit slag for desse to viktige namnetidsskrifta og oppmodar hermed lesarar som ikkje alt har dei, til å melda seg som tingarar. I førre nummer av *Nytt om namn* låg det ved eit tingsark for *Studia anthroponymica Scandinavica*, og i dette nummeret ligg det ved eit ark om *Namn och bygd*. Jamført med dagens bokprisar er det ein rimeleg sum ein betaler for ein kvalitetsproduksjon.

Botolv Helleland
botolv.helleland@inl.uio.no

INNKALLING TIL LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG

Det vert med dette kalla inn til landsmøte i Norsk namnelag fredag 9. mai 2003 kl. 16.30 (etter Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking) i auditorium 1 i det nye Universitetsbiblioteket på Blindern, Universitetet i Oslo.

Sakliste:

1. Verksemda i Norsk namnelag 1999–2002
2. Tidsskriftet *Namn og Nemne*
3. Meldingsbladet *Nytt om namn*
4. Rekneskap
5. Val av styre og redaksjonsmedlemer
6. Ymist

NASJONAL KONFERANSE

DEN 10. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING

**Gustav Indrebø og norsk stadnamngransking
Fredag 9. mai 2003 kl. 9–16 på Blindern, Oslo**

Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking skal haldast 9. mai 2003 på Blindern, Universitetet i Oslo, med Seksjon for namnegransking som tilskipar. Denne gongen vert konferansen halden i det store auditorium 1 i Georg Sverdrups hus, som er identisk med det nye Universitetsbiblioteket på Blindern. Organisasjonskomiteen er den same som for den niande konferansen, nemleg Gunnstein Akselberg frå Universitetet i Bergen, Gulbrand Alhaug frå Universitetet i Tromsø, Botolv Helleland frå Universitetet i Oslo og Ola Stemshaug frå NTNU i Trondheim, med Helleland som hovudansvarleg. Redaksjonskomité for konferanserapporten vert Tom Schmidt og Åse Wetås.

Tittelen på konferansen, *Gustav Indrebø og norsk stadnamngransking*, er vald med tanke på å kasta ljøs over og samstundes ta opp til diskusjon ulike sider av den namnefaglege verksemda til Gustav Indrebø (1889–1942). Ein kan dela dette arbeidet i fem hovudbolkar: 1) administrasjon, 2) innsamling, 3) studiet av naturnamn, 4) studiet av administrasjonshistoriske namn og 5)

stadnamnormering. På alle desse felte har han etterlate seg varige spor. Det er nok å nemna at han var den fyrste styraren på Norsk stadnamnarkiv. Han samla sjølv inn stadnamn og stod for oppbygging av samlingane i arkivet. Han sette i verk dei store stadnamninnsamlingane gjennom skuleborn. Han gav ut fleire bøker og ei rad artiklar om naturnamn, han gav ut fleire viktige arbeid om administrasjonshistorie og stadnamn, og han skreiv ei mengd innlegg om stadnamnormering og ikkje minst boka *Norsk namneverk*, samstundes som han sat som namnekonsulent i nærare 20 år. Alle desse sidene er aktuelle å ta opp på konferansen, ikkje berre i tilknytning til Indrebø, men òg som sjølvstendige studiar innanfor desse emna.

I tillegg til dei norske føredragshaldarane er det som vanleg ved slike konferansar invitert ein gjesteførelesar, denne gongen arkivsjef Svavar Sigmundsson ved Örnefnastofnun Íslands i Reykjavík.

FØREBELS PROGRAM

- Kl. 09.00 Opning. Inger Indrebø Eidissen: Nokre minne om far min.
- Kl. 09.15 Svavar Sigmundsson: Navne på de administrative inndelinger på Island
- Kl. 10.00 Gunnstein Akselberg: Administrative inndelingar i Hordaland sett i ljøs av Indrebøs studiar av den gamle fylkesskipnaden
- Kl. 10.30 Kaffi/te og kringle
- Kl. 11.00 Kjell Venås: Norske innsjønamn
- Kl. 11.30 Oddvar Nes: Gustav Indrebø og gransking av naturnamn
- Kl. 12.00 Åse Wetås: Gustav Indrebø (1926): «Kasus obliquus i norske stadnamn». Om proprium og kasusfleksjon
- Kl. 12.30 Lunsj
- Kl. 13.30 Vidar Haslum: Artikkelvariasjonen i stedsnavn (ubestemt/bestemt form)
- Kl. 14.00 Ola Stemshaug: Stadnamninnsamling etter Gustav Indrebø
- Kl. 14.30 Pause
- Kl. 14.45 Føredrag
- Kl. 15.15 Terje Larsen: Normeringsproblem etter lov om stadnamn
- Kl. 15.45 Pause
- Kl. 16.00 Botolv Helleland: Gustav Indrebø som namnekonsulent 1923-42
- Kl. 16.30 Slutt

- Kl. 16.30 Landsmøte i Norsk namnelag

Kl. 19.30 og utover: Sosialt samvær med rjomegraut på Sofies plass 1 (ved Bislett)

Deltakaravgift: kr 100 (dekkjer deltaking på konferansen, kaffi/te og kringele, sosialt samvær og dessutan rapporten frå konferansen som kjem seinare).
SAMARBEIDSNEMNDA

SAMARBEIDSNEMNDA I MØTE MED DEPARTEMENTET **Nytt initiativ for innsamling av stedsnavn**

Etter oppfordring fra deltakerne på Seksjon for namnegranskings *Seminar for ein åttiåring* 22.11.2001 tok Arbeidsutvalget i Samarbeidsnemnda for namnegranskning kontakt med Kulturdepartementet med tanke på et møte om innsamling og arkivering av stedsnavn. Dette møtet ble holdt 14.12. samme år. Avdelingsdirektør Stein Sægrov i Kulturavdelingen stilte for Kulturdepartementet, mens Botolv Helleland, Ola Stemshaug og undertegnede møtte for Samarbeidsnemnda. Møtet var meget positivt, og departementet bad fagmiljøet om å komme med konkrete innspill om hvordan et slikt prosjekt kunne legges an, men uten å binde seg til økonomisk støtte. De enkelte fagmiljøer har sendt inn synspunkter og ideer til undertegnede, som i et notat (publisert i rapporten fra det nevnte seminar) har beskrevet situasjonen i dag og forsøkt å skissere opp et program for videre innsamling. Et innspill til departementet bør inneholde:

- a) en kort beskrivelse av de økonomiske og arbeidsmessige forhold ved arkivene,
- b) en nøyaktig oversikt over mengden av *innsamlet materiale* ved samlingene våre,
- c) en oversikt som tydeliggjør hvilke områder (kommuner, bygder, grender) som er dårlig dekket,
- d) et forslag til en oppbygging av en prosjektorganisasjon som skal stå for innsamlingsarbeidet,
- e) et forslag om en felles registreringsmal (den har vi vel i realiteten allerede),
- f) et forslag om en felles database for alle registrerte navn, både de som vi allerede har i samlingene, og de som blir samlet inn i den kommende fasen (en tanke som for øvrig har vært lansert i forbindelse med Norsk stadnamnbase).

Arbeidsutvalget vil arbeide vidare med denne saken og håper å kunne legge fram en mer ferdig prosjektplan i løpet av 2003.

Ole-Jørgen Johannessen
ole-jorgen.johannessen@nor.uib.no

NAMNEKONSULENTTENESTA

SAMRÅDINGSMØTET I NAMNEKONSULENTTENESTA

Det årlege samrådingmøtet i Namnekonsulenttenesta vart i 2002 halde i Trondheim 19.–20. september. Alle sekretærane og eit fleirtal av konsulentane var til stades. Peter Hallaråker møtte for klagenemnda. Frå Statens kartverk møtte Johnny Andersen, Nils Jørgen Gaasvik, Aud Harstad Bakken, Karsten Lien og Inger Tellefsen. Dagleg leiar Marit Hovdenak møtte for Norsk språkråd og Anne Britt Klemetsen Hætta for Sametingets språkavdeling. Kulturdepartementet var ikkje representert denne gongen.

Sekretærane la fram korte årsrapportar frå dei regionale konsulenttenestene. Det er framleis Kartverket som er største oppdragsgjevaren. Elles er Direktoratet for naturforvaltning stadig sterkt inne i samband med oppretting av verneområde. Ein annan sakstype som aukar, er adressenamn i kommunane. *Irene Andreassen* tok opp særskilt den uforsvarlege ressurs-situasjonen for arbeidet med finske (kvenske) namn. Elles vart det påpeikt av fleire at det trengst meir innsamla namnetilfang som grunnlag for normeringsarbeidet. Særleg prekært er dette i Troms og Finnmark, der innsamlinga har stansa heilt opp.

Nils Jørgen Gaasvik rapporterte om verksemda til Statens kartverk siste året. Han drog fram arbeidet med å kople namn frå N250 Kartdata opp mot eksisterande namn i SSR. No vil avslutte/foreslåtte skrivemåtar ikkje lenger komma med på kart i denne målestokken. Arbeidet med å leggje inn samiske namn med moderne rettskriving i SSR er nesten fullført. Viktige oppgåver for Kartverket framover blir mellom anna å modernisere sjøkartnamna, leggje inn namn frå Økonomisk kartverk i SSR, og å utvikle nettstaden Norgesglasset.

Johan Helgetun, leiar i prosjektet «Rindal i vekst», heldt eit inspirerende foredrag om arbeidet med Trollheimskartet, som kom ut i 2001. Helgetun tok utgangspunkt i dei ideane om bygdeutvikling som ligg bak prosjektet «Rindal i vekst». Trollheimskartet gjekk naturleg inn som del av eit slikt prosjekt og var ei fin profilering. Kartet er i målestokk 1:75 000 og dekkjer

same området som ni kart i Noreg 1:50 000. Utgjevinga var ein kraftinnsats i samarbeid mellom «Rindal i vekst», Kartverket, dei kommunane det galdt, namnekonsulenttenesta og firmaet Bravida, som produserte kartet. Ein er svært godt nøgd med resultatet, sjølv om det har komme ein del klagesaker i etterkant, og det var stor forskjell på arbeidet i kommunane.

Eit viktig poeng å merkje seg i samband med revisjonen av stadnamnlova, er at Helgetun meinte saksgangen slik han er no, fungerer ypparleg for å gjennomføre slike prosjekt.

Astrid Sann Evensen, sekretær i Tromsø, la fram skisse til nettstad for namnekonsulenttenesta. Ideen og forslaget vart svært godt motteke. Problemet med å nå ut med informasjon var i det heile eit gjennomgangstema på møtet. Denne arbeidsgruppa vart oppnemnd for å arbeide vidare med nettsida: Astrid Sann Evensen, Botolv Helleland, Terje Larsen og Eli Johanne Ellingsve.

Eli Johanne Ellingsve innleidde om den forserte oppdateringa av sjøkart, med summarisk oppretting av namn utan at det blir reist namnesaker. Ho stilte spørsmål om sjøkartverket stod utanfor stadnamnlova og om mandatet til å revidere ein nasjonal kartserie som dette, utan å nytte høvet til å bringe namna i pakt med lova.

Karsten Lien slo fast at Kartverket står ved det dei har lova om samarbeid mellom dei namneansvarlege og Namnekonsulenttenesta i dette spørsmålet, og lova at namnelister for dei aktuelle karta skulle bli ordna. *Inger Tellefsen* greidde ut om tilhøvet mellom nye kart, nyutgåver og nytrykk, og opplyste at etter 1998 blir sjøkart haldne å jour i høve til SSR. *Lien* viste til at ein ikkje bryt lova ved å bruke godkjende former utan at det blir reist sak. For Noreg 1:50 000 og ØK sin del sprakk framdrifta i namnearbeidet i høve til utgjevingstakta tidleg på 1990-talet. Jamvel om dette har betra seg, var ein redd det same kom til å skje også med sjøkart. Ein har fått munnleg løyve frå Kulturdepartementet til å gjera naudsynte endringar utan å reise namnesaker.

Det var ikkje usemje om at Namnekonsulenttenesta kan arbeide med namneverket på sjøkart parallelt med utgjevinga, slik som det blir gjort på Noreg 1:50 000-serien.

Karsten Lien hadde ei kort orientering om namnerådet i Kartverket, særleg med tanke på dei møtedeltakarane som var nye denne gongen. Namnerådet skal mellom anna ta opp prinsipielle spørsmål, påtale inkonsekvensar i vedtaka, følgje opp framdrifta av SSR og vera ei støtte- og referansegruppe for dei namneansvarlege.

Nils Jørgen Gaasvik, *Botolv Helleland* og *Terje Larsen* var til stades på FN-konferansen om normering av geografiske namn i Berlin 26.8.–

6.9.2002 og orienterte om dette. *Ola Stemshaug* meinte namnearbeidet i FN var svært positivt, og at det burde skrivast ein norsk tidsskriftartikkel e.l. om dette emnet for å få kunnskapen ut til folk. Det kan føre til større forståing også for namnearbeidet innanlands.

Nils Jørgen Gaasvik innleidde om klagesaker, og peikte på at desse sakene blir liggjande lenge i systemet, særleg i kommunane i den ekstra høringsrunden. *Eli Johanne Ellingsve* viste til høringsfråsegna frå namnekonsulentane i samband med evalueringa av lova, der dei ønskte å få bort den ekstra høringsrunden og at klager burde vera grunnjevne. Frå Kartverket si side bad ein om at gamle klagesaker måtte prioriterast, og elles store saker som er viktige å få avklart, og som blir etterlyste av dei som produserer karta. Det vart også understreka at Namnekonsulenttenesta må seie klårt frå til kommunane om fristar. Konsulenttenesta er ansvarleg både for rett saksgang og at sakene ikkje stoppar.

Under eit ymse-punkt vart desse sakene drøfta:

- a) Rettskrivingsendringar og normeringspraksis. Endringar i skriftnormalane skal ikkje automatisk føre til endringar i namneformer.
- b) Tilgang til SSR for namnekonsulentane.
- c) Skrivemåten av namn i bygdebøker. Dette kjem det meir om i ein seminarrapport frå Norsk lokalhistorisk institutt.
- d) Namneverket på Svalbard. Kartverket og konsulenttenesta skal prøve å etablere kontakt med Polarinstituttet, mellom anna med tanke på å få lagt namna herifrå inn i SSR.
- e) Nye fylkesvise saksbehandlingskurs for namnesaker. Kartverket går vidare med denne saka.

Namnekonsulenttenesta for Vestlandet får ansvaret for samrådsmøtet 2003.

Tor Erik Jenstad
tor.erik.jenstad@hf.ntnu.no

SOGNEFJELLET ER VEDTEKE

Namnet på fjellstrekninga mellom Gudbrandsdalen og Sogn har vore skrivne på fleire måtar: *Sognefjell*, *Sognefjellet*, *Sygnefjell*, *Sygnefjellet*. No har det vore namnesak på dette namnet. Namnekonsulentane hadde primært tilrådd

skrivemåten *Sygnefjellet* med grunnlag i eldre uttale i Lom. Namnet er opphavleg gjeve frå Gudbrandsdals-sida og såleis hadde forma *Sygne-* vore den beste ut frå kulturminneprinsippet. Namnekonsulentane meinte likevel at *Sognefjellet* kunne akseptast etter stadnamnlova. Statens kartverk ved fylkeskartkontora i Sogn og Fjordane og Oppland har no gjort endeleg vedtak og fastsett *Sognefjellet* (29.11.2002). Denne skrivemåten skal ha verknad for alle offentlege etatar, medrekna Vêrvarslinga ved Meteorologisk institutt.

BH

NORMERING OG BRUK AV NAMN

NY PERSONNAMNLOV

1. Innleiing

Ny lov om personnamn gjeld frå 1.1.2003. Denne artikkelen er ein presentasjon av lova med vekt på reglar i lova der namnegranskingsmiljøet har engasjert seg i høyringsrunden. Eg vil følgje desse reglane frå første framlegg til endeleg form. Eit eksempel er framlegget frå namnemiljøet om å endre eit etternamn frå ei eldre form til ei form som følgjer rettskrivinga, utan omsyn til talet på namneberarar, f.eks. *Dahl* til *Dal*. Det forslaget vann fram. Det blei òg gjennomslag for å hindre *sen*-endingar i ekte patronym. Men framlegg om genitivsmarkering i ekte patronym, f.eks. ekstra *s* i *Håkonssønn*, vann ikkje fram, og heller ikkje ønsket om ei halv stilling som personnamnkonsulent knytt til namnegranskingsmiljøet.

Det som særleg skil ny lov frå gamal er:

- meir liberal haldning til namneformer og til kva for mellom- og etternamn folk kan velje blant
- meir opning for bruk av utanlandske namneskikkar
- opning for at sambuarar kan bruke mellom- og etternamn på linje med ektefellar
- gjeninnføring av doble etternamn med bindestrek.

Under førebuinga blei det òg lagt vekt på at:

- innvandrarar kan føre vidare eigne skikkar i Noreg
- reglane skal skilje minst mogleg mellom folk med norsk og annan bakgrunn
- namn er ei privat sak, som styresmaktene i liten grad skal styre
- det er eit generelt politisk mål å gjere sakshandsaminga enklare.

Proessen fram til endeleg lov har vore slik: Arbeidsgruppa (AG) som førebudde lova la fram sitt forslag i NOU 2001: 1. *Lov om personnavn. Tradisjon, liberalisering og forenkling*. I den arbeidsgruppa deltok eg etter framlegg frå Samarbeidsnemnda for namnegransking, og eg støtta forslaget på alle punkt. Lova var til høyring våren 2001, blant anna i fleire organ der namnegranskarar og andre med namnefilologisk bakgrunn deltek. Justisdepartementet (JD) summerte opp høyringane og presenterte lovframlegget sitt i Ot.prp. nr. 31 (2001–2002). Justiskomiteen i Stortinget kom med tilrådinga si i Innst. O. nr. 33 (2001–2002). Lova blei handsama i Odelsstinget 21.3.2001 og i Lagtinget 18.4.2001, og sanksjonert i Statsråd 7.6. 2002.

JD har gjeve ut rundskriv til lova: *Rundskriv G-20/02, 15. november 2002. Lov om personnavn. 7. juni 2002 nr. 19*. JD heldt kurs for sakshandsamarar på fylkesmannskontora og folkeregistera før lova tok til å gjelde. Dessutan kjem det skjema tilpassa lova. Eg har utarbeidd ei liste over namn frå kulturar som kan bruke same namneformer som føre- og etternamn. Nettadressa for lista er www.hf.uib.no/i/nordisk/navneliste.htm.

I framstillinga nedanfor vil eg, som nemnt, leggje hovudvekta på dei reglane i lova som høyringsorgana med tilknytning til det namnefaglege miljøet, tok opp. Det gjeld universiteta i Oslo (UiO), Trondheim (NTNU) og Tromsø (UiT), Samarbeidsnemnda for namnegransking og Namnekonsulenttenestene (stadnamn). Dessutan er desse institusjonane og organa med nærskylde interesser tekne med: Statens kartverk, Norsk språkråd og Sametinget.

Det vil bli vist korleis dei nemnde reglane blei handsama av Justisdepartementet og Stortinget. JD gjorde endringar i mange av framlegga etter høyringa, og tok bl.a. omsyn til innspel frå det namnefaglege miljøet. I stortingshandsaminga blei det gjort framlegg om endringar som gjaldt grensa for verna ettenamn, endringar i skrivemåten av etternamn og om fordelinga av arbeidet med namnesaker mellom organa. Berre dei to første endringsframlegga blir omtalte nedanfor.

Framstillinga nedanfor byggjer i hovudsak på referata frå høyringa i *Ot.prp. nr. 31*, men òg direkte på høyringsfråsegnene (HF) og andre dokument i nokre tilfelle.

Fleire sider ved den nye lova er omtalte i pressemeldinga frå Regjeringa i *Nytt om namn* (Non) nr. 34, s. 15–16, i artikkelen min «Ny lov om personnavn» i *Språknytt* nr. 2/2002 og i Guro Reisæters artikkel om fleirkulturelle perspektiv på lova i Non nr. 34, s. 17–25. Dei fyldigaste framstillingane står i dei offentlege dokumenta som er nemnde ovanfor, og som finst på Inter-

nettet. Der finst òg referata frå odelstings- og lagtingshandsaminga. Heile lovteksten er attgjeven nedanfor, og i denne artikkelen blir det vist til paragrafane i lova. HF frå Samarbeidsnemnda for namnegransking er trykt i Non nr. 35, s. 8–12.

2. Etternamn (Ot.prp., pkt. 5)

Termen «slektsnamn» i den gamle lova blei endra til «etternavn» i den nye, særleg på grunn av innarbeidd bruk (Ot.prp. nr. 31, pkt. 5.2).

2.1. Verna etternamn (§ 3; Ot.prp., pkt. 5.3)

AG gjorde framlegg om at grensa for verna namn skulle setjast ned frå 500 til 200 berarar, slik at vanlegare namn enn dette er til fri bruk for alle. Dessutan skulle nye namn som blei registrerte, ikkje bli verna. Det skulle òg bli mogleg å ta i bruk etternamn som har vore borne i oldeforeldregenerasjonen eller seinare.

Samarbeidsnemnda for namnegransking og UiT gjekk imot dei to første framlegga om endra vernereglar, og ville halde på den eksisterande ordninga. Dei la bl.a. vekt på identitet og at det var mange andre ledige namn. UiO meinte grensa ikkje skulle vere lågare enn 300 (HF). Språkrådet støtta framlegget om å gå ned til 200.

JD støtta endringa til 200 fordi dei meinte det ikkje var urimeleg for dei som blir råka, og fordi det er fordelar med fleire val. Dette var i samsvar med grunngjevinga til AG. JD følgde fleire av høyringsorgana og meinte at nye namn bør bli verna på same måten som gamle. Grunnen var at det er mange andre nye namn som folk elles kan ta. JD foreslo dessutan at ein kunne hente namn heilt frå tippoldeforeldregenerasjonen, særleg ut frå omsyn til samar og nasjonale minoritetar, jf. nedanfor.

I Stortinget heldt Arbeidarpartiet (Ap) og Framstegspartiet (Frp) på 500-grensa. Dei la vekt på at «mange navnekombinasjoner og muligheter ikke er tatt i bruk» og at det bl.a. er mogleg å velje namn heilt tilbake til tippoldeforeldregenerasjonen (Innst. O. nr. 33, pkt. 5.1). I Odelstinget sa Bernt Egil Torp, Ap, bl.a.:

Når navnet er en så sterk del av vår identitet, er også noe vi ønsker å beskytte, vi ønsker ikke at andre bare skal kunne ta vårt eget navn i bruk. Og det er viktig for mange, gitt at navn ofte har stedbundne tradisjoner, det sier en del om vårt eget slektskap, osv.

Ap og Frp fekk ikkje fleirtal for framlegget korkje i Odelstinget eller i Lagtinget.

2.2. Doble etternamn (§ 7; Ot.prp., pkt. 5.4)

Fleirtalet i AG gjekk inn for doble etternamn med bindestrek. Fleirtalet la vekt på likestilling, mens mindretalet la vekt på problem med registrering.

UiO støtta dette ut frå likestillingsargumentet òg fordi ordninga var i bruk i andre land, bl.a. Danmark og Tyskland. (Merknad: Tyskland har bindestreksnamn der det eine tilsvarar våre mellomnamn, sjå Non nr. 31, s. 27.) Samarbeidsnemnda (Non nr. 33, s. 10–11) og UiT, som begge støtta nyordninga, ville ikkje krevje obligatorisk bindestrek og knytte det til eit framlegg om mellomnamn som er omtalt nedanfor.

JD støtta framlegget frå fleirtalet i AG. Det same gjorde alle partia på Stortinget. Stortinget hadde dessutan samrøystes bede Regjeringa om eit framlegg om «adgang til å inneha to slektsnavn» allereie 16.12.1999.

2.3. Parentonym (patro- og metronym) (§ 4 1. ledd nr. 2; Ot.prp., pkt. 5.5)

AG gjorde framlegg om at patronym og metronym kunne bli etternamn, men at namna måtte vere personlege pga. dei kjønnsbestemde endingane, som *-sønn* og *-datter*. *Sen*-ending var ikkje utelukka.

UiT, UiO og Samarbeidsnemnda støtta framlegget om patronym som etternamn, men meinte at *sen*-endinga ikkje skulle brukast for slike personlege etternamn. Dei meinte *sen*-endingar ville vere vanskelege å kontrollere i samband med vidareføring av etternamn til nye generasjonar. Dei gjekk òg inn for at det skulle vere klar genitivsmarkering, bl.a. som *Håkonssønn*. Språkrådet ville ikkje ha det siste som eit lovfesta prinsipp, men ville heller ha det med i ei rettleiing. (Gulbrand Alhaug har skrive om slike genitivsformer i Non nr. 30.)

JD støtta innføring av ekte patronym som etternamn, og følgde dessutan dei nemnde høyringsorgana når det gjaldt å forby *sen*-ending. Dei meinte *sen*-endinga var stivna og kjønnsnøytral og eigna seg ikkje i slike namn som viser direkte til verkeleg kjønn. JD støtta ikkje kravet om skrivereglar i lova, dvs. genitivsmarkering. Dei innførde termen «parentonym» som dekkjer både patro- og metronym.

2.4. Bruksnamn (§ 4 1. ledd nr. 8; Ot.prp., pkt. 5.7)

AG hadde foreslått å liberalisere reglane for kva bruksnamnformer som brukarar og leigarar av gardsbruk kunne få rett til. Dei gjekk inn for eit stort utval av former frå mange slag offentlege dokument, og dessutan bruks-

namn vedtekne etter *Lov om stadnamn*. Praksis under den gamle personnamnlova er at folk berre kan få etternamn av namneformer som finst i matrikkelen eller i grunnboka (jf. referanse nedanfor). AG brukte nemninga «gårdsnavn» i lova, på same måten som «gardsnamn» i den gamle personnamnlova.

Namnekonsulenttenestene og Statens kartverk peika på at termen «gardsnamn» gjaldt for område som hadde felles matrikelnummer og gjerne fleire bruk, mens «bruksnamn» gjaldt bruk, dvs. ein eigedom. Det er det siste lova gjeld.

Namnekonsulenttenestene peika vidare på ei endring i 1991 i delingslova. Den gjorde det mogleg å få godkjent bruksnamn som allereie var i bruk som etternamn av andre, i tilfelle der namnet hadde gamal tilknytning til eigedomen. AG hadde ikkje nemnt denne moglegheita for å ta bruksnamn som etternamn. UiO viste kort til det same (HF).

Namnekonsulenttenestene meinte at berre vedtekne namneformer, dvs. etter stadnamnlova, skulle vere moglege å ta i bruk som etternamn. Dessutan meinte dei at nylaga etternamn av stadnamntype bør vere i samsvar med norsk skriveskikk og vanleg normering av stadnamn. Dei foreslo òg at klagesaker som gjeld bruksnamn som etternamn, bør bli handsama av Klagenemnda for stadnamn.

JD støtta bruken av termen bruksnamn og dei moglegheitene som følgde av endringa i delingslova. Dei følgde AG når det gjaldt val av bruksnamnformer og støtta dessutan val av moderne former utan omsyn til om dei er normerte. JD gjekk imot framlegget ovanfor om klagesaker, dei la vekt på valfridom og at det offentlege skal redusere arbeidet med namnesaker.

(Meir detaljert omtale av tidlegare reglar og kva som gjeld etter den nye lova, har eg skrive om i «Navn på gårdsbruk som etternavn» i Non nr. 35.)

2.5. Nye etternamn (§ 3 3. ledd; Ot.prp., pkt. 5.8)

AG gjorde framlegg om fritt val av etternamn med utanlandsk form og om at ein kunne bruke eit stort utval av kjende stadnamn som etternamn dersom dei ikkje allereie er i bruk som etternamn.

Frå Samarbeidsnemnda (Non nr. 33, s. 9), NTNU, Statens kartverk, Namnekonsulenttenestene og Språkrådet blei det teke til orde mot namn med utanlandsk form. Det same gjaldt bruk av kjende naturnamn som etternamn, f.eks. sjøar og fjell. (Botolv Helleland tok opp dette i ein leiar i Non nr. 35.)

JD støtta AG og tok ikkje omsyn til høyringane som er nemnde ovanfor. Dessutan gjorde JD framlegg om å endre terminologien frå «nylaga» til «nye» namn, då det gjeld namn som kan ha vore i bruk.

2.6. Endring av skrivemåtar (§ 6; Ot.prp., pkt. 5.9)

AG gjekk inn for reglar om endring av skrivemåtar i etternamn, ein gjaldt endring frå *å* til *aa*. Grunnen er tilpassing til bruk i utlandet. Den andre endringa er kjønnsbestemt ending for personar med namn frå kulturar med slik namneskikk.

UiO (HF), NTNU, namnekonseptane og Språkrådet tok opp problemet med at namneformer som følgjer norsk rettskriving, er verna, mens parallelle former med andre skrivemåtar er frie. Sentrale eksempel er *Dal* og *Val*, og *Dahl* og *Vahl*. UiO (HF), Språkrådet (HF) og NTNU foreslo at ein fritt kunne velje den forma av namnet som er i samsvar med rettskrivinga når den andre forma ikkje er verna.

JD støtta synet frå desse høyringane og foreslo at endring til rettskrivingsform i slike tilfelle ikkje skal reknast som endring til eit anna namn, dvs. at det i praksis er enkelt å få gjennomført endringa. JD følgde dessutan same prinsippet for tilpassing i internasjonal retning då dei utvida AGs framlegg om endring frå norske bokstavar til utanlandske skrivemåtar. I tillegg til endring frå *å* til *aa*, gjekk dei bl.a. inn for *æ* til *ae* og *ø* til *oe*. (Det er òg omtalt av meg i Non nr. 35, s. 18.)

I Odelstinget og Lagtinget kom Frp med framlegg om å ta bort den foreslåtte regelen om endring til rettskrivingsformer. Dei ville avgrense reglane for berre å gjelde endringane til utanlandsktilpassa skrivemåtar. Grunngevinga til Frp står i Innst. O. nr. 33, pkt. 5.7:

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet kan ikke se at endringer av det normerte skriftspråk automatisk skal gi mulighet for bærer av et etternavn som har gammel normering til å ta beskyttede etternavn som nå faller inn under dagens normering. Eksempel som kan nevnes er Dahl og Dal. Familienavn kan neppe sies å være bundet opp til den til enhver tid gjeldende normerte norske hverdagslige rettskrivning som språket ellers.

Odelstinget og Lagtinget vedtok framlegget som følgde prinsippet frå JD.

2.7. Samisk etternamntradisjon (§ 4 1. ledd nr. 1; Ot.prp., pkt. 8.3.2)

Då AG gjekk inn for å hente etternamn frå oldeforeldra, og då JD gjekk inn for det same frå tippoldeforeldra (pkt. 2.1 ovanfor), var det i begge tilfella grunngeve bl.a. med omsynet til samar og kvenar som hadde skifta til norske namn under den tidlegare fornorskingspolitikken. JDs framlegg om namn frå tippoldeforeldre bygde på HF frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Sametinget tok opp spørsmålet om den utbreiddde og tradisjonelle samiske etternamnsskikken med foranstilte patro- eller metronym i ei tilpassa bøyingsform, f.eks. *Ándde Ánde* der både faren og sonen heitte *Ánde*.

JD meinte at ein ikkje kunne godkjenne anna namnerekkefølge i offentlege register enn med førenamnet framfor etternamnet. Då ville dei bli handsama på same måten som folk frå f.eks. Vietnam og Kina. JD peika på at dette gjeld offentlege register, men at ein elles står fritt.

3. Mellomnamn (§9; Ot.prp., pkt. 6)

AG gjekk inn for at alle namn som blir tillatne som etternamn, òg kan godkjennast som mellomnamn. Det gjeld f.eks. mellom- og etternamn tilbake til tippoldeforeldra og hos eigen ektefelle. Dessutan gjeld det parentonym.

Framlegget frå namnefaglege miljø om skrivmåtar av parentonym nemnt ovanfor gjeld både mellom- og etternamn.

I tillegg foreslo UiT og Samarbeidsnemnda at det berre skulle vere mogleg å bruke ekte patro- og metronym som mellomnamn. På den måten ville alle andre namn med etternamnsform berre bli etternamn. Desse to høyringsorgana gjekk, som nemnt, inn for doble etternamn. Som følgje av det nemnde skiljet mellom kva som kan vere mellom- og etternamn, foreslo dei òg at det ikkje trong vere krav om bindestrek i doble etternamn.

JD støtta framlegget frå AG og tok omsyn til at reglane for mellomnamn skulle vere enkle å gjennomføre. Dei gjekk imot framlegget frå dei namnefaglege miljøa fordi det ikkje var ønskeleg å avgrense folks val av mellomnamn.

4. Førenamn (Ot.prp., pkt. 7)

For førenamn har to emne vore tekne opp: namn som kan vere til ulempe og etternamn som førenamn.

4.1. Vesentleg ulempe (§ 10 1. ledd; Ot.prp., pkt. 7.2)

AG foreslo å utvide regelen for kva førenamn som folk kan velje, frå namn som «er til ulempe» til namn som «er til vesentlig ulempe». Dei lét vere å nemne eksempel på namn for å unngå å hemme endring i praksisen over tid.

UiT, UiO og Samarbeidsnemnda meinte at sjeldne skrivevariantar måtte bli avviste. UiO meinte òg at ein måtte vere restriktiv med fantasinamn og konstruerte namn.

JD støtta AG, og såg ikkje gode nok grunnar til å innføre slike reglar som namnefaglege miljø ønskte.

Det kom ikkje motframlegg til dette i Stortinget. Men i Odelstinget sa justisminister Odd Einar Dørum dette, som ei humoristisk oppfølging til landbruksminister Lars Sponheims utspel om svenskehandel som «harry» i VG 9.3.2002:

Dersom noen har vært i tvil, bør spørsmålet om et solid norsk navn være avklart nå: Fornavnet Harry vil ikke under noen omstendighet kunne nektes dersom Stortinget vedtar forslaget.

§ 10 gjeld både føre-, mellom- og etternamn.

4.2. Etternamn som førenamn (§ 8; Ot.prp., pkt. 7.3)

AG ville langt på veg leggje vekt på førekomst som førenamn i folke-registeret når det gjeld godkjenning av registrerte etternamn som førenamn. Det var unntak for «sterke grunner».

UiT meinte AG stilte for svakt krav, og var skeptisk til bruk av folke-registeret som «kontrollinstans». Både UiT og Språkrådet foreslo at det namnefaglege miljøet bør utarbeide ei liste over namn som kan godkjennast. UiT peika på at nokre namn kunne godkjennast utan å stå på lista, f.eks. sjeldne innvandrarnamn. Desse listene gjaldt alle typar førenamn.

JD fann det ikkje tenleg med ei liste over godkjende namn, og ville heller at ein tek for seg namn når dei blir aktuelle, med hjelp frå det namnefaglege miljøet om det trengst. JD foreslo å vidareføre gjeldande praksis som inneber at ein må dokumentere tradisjon eller opphav som førenamn i Noreg eller utanlands, eller tradisjon frå ein kultur som ikkje skil mellom føre- og etternamn.

5. Namnefagleg støtte (Ot.prp., pkt. 9.2)

AG meinte at klageorganet for namnesaker bør knyte til seg namnefagleg støtte, og at omfanget kunne vere ca. to vekerverk, pluss noko meir den første tida (NOU 2001: 1, pkt. 12.2 og 14.3).

Samarbeidsnemnda (Non nr. 35, s. 12) og Språkrådet (HF) meinte to vekerverk var altfor lite og viste til at ein i Danmark brukte eit halvt årsverk knytt til namnegranskingsmiljøet. Samarbeidsnemnda foreslo derfor ei halv stilling etter same mønster.

JD meinte denne oppgåva hadde lite omfang, og dessutan at ho ikkje hørde heime i lova. JD har seinare gjort avtale med meg om inntil to

vekesverk i året til slikt arbeid, pluss to veker for å lage ei liste over namn frå kulturar som ikkje skil mellom føre- og etternamn.

Ivar Utne
ivar.utne@nor.uib.no

NAVN PÅ NY BRU OVER SVINESUND

Foreløpig tilråding fra Navnekonsulenttjenesten for Østlandet

På oppdrag fra veisjefen i Østfold og regionveisjefen i Sverige ble det i 2001 satt ned en norsk-svensk komité til å komme med forslag til navn på den nye brua på E6 ca. 2 km vest for den nåværende Svinesundbrua. Et sentralt punkt i mandatet var at «Navnet bør være i overensstemmelse med gode norske og svenske navnetradisjoner».

I 2002 la komiteen fram sin innstilling. Den svenske delen av komiteen kom med følgende forslag i prioritert rekkefølge:

1. *Svinesundsbron* 2. *Vikenbron* 3. *Nya Svinesundsbron*

Den norske delen av komiteen har foreslått:

1. *Vikenbroen* 2. *Svinesundbroen* 3. *Nye Svinesundbroen*.

På bakgrunn av at begge deler av komiteen har samme forslag i innstillingen, men med ulik prioritering, er det rimelig å konsentrere seg om dem. Bru-navn med bakgrunn i andre lokale stedsnavn lar vi ligge her siden komitéinnstillingen faktisk inneholder det navnet – med en viss modifikasjon – som etter vårt syn bør tas etter en samlet vurdering.

Forleddet *Viken-*, gno. *Vikin*, er hentet fra det gamle navnet på landskapet på begge sider av Oslofjorden (*Foldin*) og er et kjent historisk navn. Men som navn på den aktuelle brua er det for det første tatt ut av sin historiske

sammenheng, og for det andre er ikke formen *Viken* en levende tradert form, kun en litterær form. Endelsen *-in* i gammelnorsk har gitt *-a* eller *-ä* i dialektene rundt Oslofjorden, slik at en moderne form ville gi *Vika*. Sammensetningen med *Viken* i bestemt form som forledd er heller ikke i samsvar med hovedregelen for fast sammensetning, jf. uttrykket *vikværsk* og den svenske boktittelen *Vik-arfet*. Vi kan av disse grunner ikke støtte forslaget til *Viken-* som forledd i det nye brunavnet.

Den beste løsningen mener vi er å ta utgangspunkt i *Svinesund*, som er nr. 2 hos den norske delen av komiteen og nr. 1 hos den svenske. Det er her tale om å bygge på et kjent og vel innarbeidet navn som med rimelighet lar seg strekke til bruspennet ca. 2 kilometer vest for den nåværende Svinesundbrua. Komiteen finner det også «vanskelig å reservere seg mot at Svinesund som begrep har kommet til å fargelegge et større område, som vil bli enda mer aktuelt vestover med de nye bro- og veiarbeider» og viser til fruktplantasjen *Svinesundhagen* som ligger et stykke vest for det gamle brustedet. Vi er klar over at det på norsk side ikke er tradisjon for dette navnet så langt vest, men det synes heller ikke være andre lokale navn som passer akkurat på stedet for det nye bruspennet. Forslagene fra norsk side til andre lokale navn ser ikke ut til å ha fått tilslutning på svensk hold.

Svinesund, gammelnorsk *Svínasund*, er omtalt i Snorre Sturlasons *Heimskringla* flere ganger som grense mellom gammelt svensk og norsk område, bl.a. i Olav Tryggvasons saga og Olav den helliges saga. Det går fram at *Svínasund* var nordgrense for det historiske *Ranríki* (senere *Bohuslen*). Da Olav den hellige holdt ting med bøndene i Ranrike, sa de at sviene (svenskene) lenge hadde hatt råderetten helt til Svinesund, men at Göta älv fra gammelt av hadde dannet grensen fra Väneren til havet. Hvis dette legges til grunn, må *Svinesund* til dels ha vært brukt om en lengre strekning av fjordstykket, ettersom den jo lager en naturlig grense mellom Norge og Sverige.

Førsteleddet i *Svinesund* er ikke sikkert tolket. Den svenske navneforskeren Adolf Noreen, og flere etter han, har tenkt seg at *Svine-* inneholder en form av folkenavnet *sviar*, altså 'svearnas sund'. Gösta Franzén var inne på at *svin* 'villsvin' lå til grunn, og denne oppfatningen har senere Adolf Schück argumentert for (se *Namn och bygd* 46, 1958). Navneleddet *sund* 'trangt farvann som vider seg ut i begge ender' er i slekt med *symja* og er ofte brukt i stedsnavn.

Komiteinnstillingen har ikke problematisert etterleddet verken med hensyn til *-bro/-bru* eller artikkelen *-a/-en*. Det sies at «variantene *-brua*, *-broa*, *-broen* søkes likestilt på norsk side av ulike hensyn», men i konklusjonen blir bare *-broen* oppført i alle forslagene.

Etter oppskriftene i Målførearkivet blir ordet *bru/bro* overalt i tradisjonelt østfoldmål uttalt /bru:/. Denne formen er også helt dominerende i norske dialekter og er fellesform i bokmål og nynorsk. Hele 68 navn som inneholder dette ordet i Østfold (etter Sentralt stedsnavnregister/ Norgesglasset), er skrevet *-bru*, bare to er skrevet *bro* (*Knatterudbroen*, *Stemme bro*).

Vi mener at formen *-brua* bør innføres, både fordi den har grunnlag i tradisjonelt talemål, er mest brukt i andre stedsnavn i området og dessuten fellesform i bokmål og nynorsk. På svensk vil formen *-bron* brukes, slik at det ikke under noen omstendigheter er mulig å få inn en helt lik form. Det kan også hevdes at det er en fordel med en tydeligere forskjell mellom de to språk når det gjelder etterleddet – folk som møter først *-bron* og så *-broen*, kunne lett oppfatte forskjellen som skrivefeil.

Det siste spørsmålet som må tas stilling til, er om det skal brukes komposisjonsfuge *-s-* i den norske formen av navnet. Så langt vi kjenner til, er uttalen uten /s/ i navn med *Svinesund-* som forledd. Dette er også det vanligste mønsteret når *sund* inngår i et flerleddet forledd, men det fins eksempler på *s*-sammensetning i det norske materialet, f.eks. *Djupsundsholman* i Aukra og *Engesundsleia* i Fitjar. Det forekommer også dobbeltformer med og uten *-s-* i navn med *sund* pluss etterledd. I det eldre språket ble *s*-sammensetning i intetkjønnsord av denne typen brukt systematisk. Slik sett mener vi formen *Svinesunds-* kan forsvares, selv om altså den mest nærliggende formen er uten *s*-fuge. Hensynet til svensk, som har *s*-sammensetning, har vært nevnt, men det bør heller ikke her tillegges avgjørende vekt, jf. det som er sagt ovenfor.

Konklusjon:

Navnekonsulenttjenesten for Østlandet og Agder-fylkene rår til at den nye bruforbindelsen på E6 mellom Norge og Sverige får navnet *Svinesundbrua*, alternativt *Svinesundsbrua*. Dermed opprettholdes et vel innarbeidet og kjent navn. Som en parallell kan det her vises til den nye hovedflyplassen på Østlandet som etter mye diskusjon i det offentlige rom, og med tilråding fra navnekonsulentene, fikk beholde det gamle navnet *Gardermoen*.

Den eksisterende brua over sundet bør kunne få navnet *Gamle Svinesund(s)brua*, som er en vanlig forskyvning når det primære navnet blir overtatt av en ny navnebærer. Dessuten passer dette med at sundstedet allerede heter *Gamle Svinesund*. Dette vil også bidra til å framheve den antikvariske funksjonen denne brua og det gamle vegsambandet vil ha.

Botolv Helleland
botolv.helleland@inl.uio.no

LISTER FEIL FOR LISTA

Det gjeld altså namnet *Lister* andsynes *Lista*. Det førstnemnde, utan ekte norsk opphav, har no meir og meir bite seg fast i offentleg namngjeving, og om det ikkje blir gjort noko for å få slutt på dette, har *Lister*-forma truleg komme for å bli.

Gammalnorske skriftformer viser at eit gno. *listi* m. er grunnlag for namnet på vedkommande halvøy i Vest-Agder, jf. nynorsk *list* f. 'rand, kant'. Det er den gamle dativforma *lista* som ligg til grunn for den genuine uttalen *Lista* – som då òg er det offisielle namnet på halvøya. Nokon annan etymologi ligg ikkje føre, jf. *Norske Gaardnavne IX*, s. 204 f., og *Norsk stadnamnleksikon* under oppslagsordet *Lista*. Ein kan rekna med at det range *Lister*-namnet har komme inn i tidlegare tider frå hollandske/tyske/danske kart. Framand påverknad førte m.a. til namn som *Lister fogderi* og *Lister og Mandal(s) amt*. Amtsnamnet blei i 1919 avløyst av det noverande fylkesnamnet *Vest-Agder*.

Men no har *Lister*-namnet vore på frammarsj! I desember 1996 vedtok fylkestinget i Vest-Agder at Flekkefjord sykehus, Farsund sykehus og Psykiatrisk senter Vest frå årsskiftet skulle gå under den sams nemninga *Lister sykehus*. Fylkespolitikarane hadde førebudd saka slik: Det blei utlyst ein namnekonkurrans, der det i alt kom inn om lag hundre framlegg, ein jury gjekk gjennom framlegga og meinte at tre framlegg var aktuelle. Dessutan hadde ein historielektor komme med si vurdering av namnet *Lister*. Så vidt eg veit, var ikkje Namnekonsulenttenesta for Austlandet og Agderfylka dregen inn. På det tidspunktet var namnet *Lister prosti* teke i bruk, og historielektoren peika på at det i dag er ein tendens til å ta namnet *Lister* i bruk att! – Altså fritt fram! Men var det ikkje slik at dei fylkeskommunale styresmaktene òg var bundne av lovvedtak og reglar for offentleg skrivemåte? Og noko som ikkje tel mindre: Frå 1. januar i år kom sjukehusa beinveges inn under staten.

Seinare har vi fått meir av *Lister*: I juni 2002 vedtok Stortinget «Lister-pakken», fortel ei avis. Det gjeld ei storslegen vegutbygging i vestre Vest-Agder – eit solid løft for «Lister-regionen». Så les vi i august i 2002 at dei to avdelingane av Folkeuniversitetet i vestfylket har gått saman om eit prøveprosjekt fram til nyttår med eit «Lister folkeuniversitet». Eg vil òg nemna Telefonkatalogen som viser at den uheldige tendensen i namngjevinga har hatt smitteeffekt andsynes private. Dei sistnemnde står rett nok

fritt til å velja namn, og det er kanskje for mykje å venta at dei skal ta omsyn til heimleg mål.

Vestfylket utgjorde fram til 1919 Lister fogderi. Det har alltid vore slik at namnet på ein sentral stad kan – om naudsynt – bli teke i bruk som namn på eit større område. Vi har ikkje noko anna einskilt ord som bind saman dei vestre distrikta i Vest-Agder enn *Lista* – jf. fogderi-namnet. Om styresmaktene skulle få vet til å gå tilbake til *Lista*-namnet, ville det vel derfor ikkje vera så mykje å utsetja på eit namn som *Lista sykehus. Avdeling Flekkefjord*. Iallfall ikkje frå ein språkpolitisk synsstad.

Eg viser elles til følgjande kjeldemateriale frå aviser: *Agder, Flekkefjord*: 1996: 25.11., 6.12., 18.12. og 20.12. 2002: 14.6. og 9.8. *Fædrelandsvennen*: 2002: 12.6 og 8.8.

Med undring har eg følgt med i utviklinga dei siste seks åra. Og ikkje har eg høyrte om nokon som har reagert. Eg torer seia at det ikkje ligg for meg å vera med i offentleg debatt og strid, men denne saka tykkjer eg er så graverande at ho burde prøvast etter stadnamnlova.

Erling Georg Larsen
Flekkefjord

ANDEBUSOKNINGER ERGRER SEG OVER NYE VEINAVN

En kommentar

Viser til henvendelse fra Gunnar Gallis publisert i *Nytt om namn* nr. 35, og utmerket tilsvar fra redaktøren i samme nummer. Statens kartverk er for øvrig kjent med at spesielt Norges Bondelag har engasjert seg i at gamle gårdsnavn skal kunne inngå som en del av adresseringen, og således komme i aktiv bruk. Noe som altså er nedfelt i forarbeidene til en mulig ny matrikkellov (lov om eiendomsregistrering), slik også redaktøren anfører.

Statens kartverk finner i denne forbindelse grunn til å opplyse følgende:

I det offisielle adresseregisteret (GAB), som Statens kartverk har det sentrale forvaltningsansvaret for, er det allerede i dag fullt mulig å legge inn ekstra adressenavn i tillegg til gate-/veiadressen. Disse ekstra adressenavn kan for eksempel være gårds- eller bruksnavn. Rent teknisk er det et eget navnefelt for dette. At det kan være hensiktsmessig og fornuftig å benytte selve det gamle gårdsnavnet direkte som gate-/veinavn, er for så vidt en løsning, men det bidrar ikke nødvendigvis til at de opprinnelige gårdsnavna blir direkte og aktivt brukt. Det kan for eksempel gjøres ved at adressen *Andebuveien 897* registreres med gårdsnavnet *Askjem* som tillegg, på

samme måte som en adresse kan gis tillegget *Kommunehuset, Riebergården, Sykehjemmet* o.l. Og et gårdsnavn kan om ønskelig knyttes direkte til aktuelle gårdsbruk som har dette gårdsnavnet som bruksnavn, og ikke nødvendigvis til alle andre adresser/bolighus i området.

Dette er en løsning som neppe er kjent for publikum og synes heller ikke å være i aktiv bruk av kommuner så langt. Ett forbehold må imidlertid tas for at disse adressene skal bli benyttet også i andre sammenhenger: Andre adresseregistre som benytter de offisielt tildelte adressene, må ha teknisk mulighet for å motta slike (tilleggs)adresser, noe ikke nødvendigvis alle har i dag. Når det i forslaget til ny matrikkellov er tatt med at viktige stedsnavn bør kunne tas med som del av den offisielle adressen, er det bare å si at dette er fullt mulig allerede i dag etter gjeldende lovverk, også teknisk. Sannsynligheten for at dette skulle utgå eller endres, bør således være liten.

Men Statens kartverk har åpenbart en oppgave med å gjøre dette skikkelig kjent for landets offisielle adressemyndigheter, nemlig kommunene.

Finn E. Isaksen
Navneansvarlig
Statens kartverk Vest-Agder
finn.isaksen@statkart.no

VENJASTAUA – VENJASTUA – VENJASTOVA

I *Nytt om namn* nr. 35 var det ei yversyn yver saker som klagenemndi for stadnamnsaker hev havt fyre i 2001–2002. Sak 14 og 15 på denne yversyni gjeld gardsnamnet *Venja* og bruksnamnet *Venjastova* i Grytten (no lut av Rauma herad).¹ Her hev namnekonsulentane gjort vedtak um skrivemåtane *Venja* og *Venjastaua*, som er ei «lett» etymologisering av segnadene, som etter NG (XIII: 231) er væ2n9n9a og væ2n9n9astauå. Til grunn for skrivemåten *-nj-* for *-n9n9-* hev dei lagt at opphavet skal vera **Vinjar*, mangtal av *vin* ho. 'naturleg eng, beite', og dei skriv *-staua* i staden for *-stauå* med di «svake hokjønnsord får i bunden form som hovudregel endinga *-a*» (*Forskrifter om skrivemåten m.v. av stadnamn* § 2-3 e); *-stauå* i målføret er bundi form eintal av ordet *stova* ho.

Like vel må ein segja at skrivemåten *Venjastaua* gjev eit litt merkelegt inntrykk. Fyrst *Venja-*, som fylgjer ordsoga so langt som råd er, so reint målføre *-stau-*, og endeleg den normalisera endingi *-a*. Korkje bygdarfolk som segjer væ2n9n9astauå elder framandfolk som ser namnet på prent,

¹ *Venjastova* er min skrivemåte. Han vert grunngjeven nedanfyre.

kann kjenna seg heilt att. Det er i det heile noko «teknisk» ved måten namnekonsulentane hev fare fram på.

So hev det òg kome klaga frå eigarane, som ynskjer *Venge* og *Vengestuen*, som var dei vanlege skrivemåtane i dansketidi. Skrivemåten *Venge* kom truleg upp med di danskane mistydde segnaden væ2n9n9a til å koma av *-ng-*, jf. t.d. segnaden sæ1n9n9a for *sengi*. At *-a* vart utskift med *-e* i namn som ikkje kunde vera bundi form hokyn (t.d. opphavlege *vin*-namn), er velkjent. Berre i Grytten sokn finn me desse dømi (etter NG): *Norre* for *Nåra* (< **Nór(v)in*), *Five* for *Fiva* (< **Fif(v)in*), *Halse* for *Halsa* (< *af Halsage* AB) og *Melffue*, *Mielve* for *Mjølva* (< *Mjôlvín*),² attved *Winge*, *Wenge* for *Venja*. NG hev ikkje nokon skriftlege døme på *Vengestuen*, men her hev tydeleg dei danske (og seinre norsk-danske) embættesmennene skyna at *-stauå* svara til dansk *stue* i bundi form. Seinre hev norske namnevøllarar vilja retta på den misferdi namni vart utsette for i dansketidi, og på kart i dag stend *Vengja* og *Vengjestova*, rett nog med usogeleg *-g-enno*.

Kva gjer so klagenemndi når ho sit med eit vedtak frå namnekonsulentane um den halv-etymologiske formi *Venjastaua* og eit ynskje frå eigarane um den danske formi *Vengestuen*? Jau, ho tek litt av kvar og lagar ei *tridje* form, *Venjastua*. Det tenkjer ho vel må vera greidt, med di framlekken *Venja-* då fylgjer ordsoga, attåt at etterlekken *-stua* fyller vilkøri i *Forskrifter om skrivemåten m.v. av stadnamn*, noko *-staua* ikkje gjorde: «Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel rette seg etter rettskrivinga». *Stue* er eineform i norsk-danskt bokmål og endåtil valfri form i den statlege nynorskrettskrivingi (attved *stove*).

Det er greidt at klagenemndi ynskjer å gjennomføra «nasjonal einskap i namneverket», som det heiter i *Forskrifter*, men hev dei ikkje tenkt på at *-stova* kunde ha vore ein betre skrivemåte? Det viser seg nemleg, dersom ein ser nøgnare på formi *stau* i romsdalsmål, at ho svarar heilt til riksnorsk *stova*, og hev inkje med formi *stue* å gjera. Bakgrunnen er at gno. *-of-* i *stofa* hev vorte tviljoda til *-au-*, liksom t.d. *hau* in. av *hôfuð* i same målføret. Formi *stue* derimot, som finst i nokre austlandske og nordnorske målføre, kjem av den gamalnorske sideformi *stufa*, med burtfall av *v-en*. I denne samanhengen kann det dragast inn at namnelekken *hau* (< *hôfuð*), i målføre

² Det er elles eitt av dei andre namni klagenemndi hev havt fyre. Her hev namnekonsulentane gjort vedtak um skrivemåten *Mjølva*, som fylgjer både ordsoga og segnaden i dag (m.jø72qva etter NG), men eigaren vilde halda fast ved den gamle skrivemåten *Mjelva*. Det er sers synd at klagenemndi valde å gjeva klagaren medhald, når både ordsoga og segnaden talar eintydigt for *Mjølva*.

som hev denne formi, til vanleg vert skriven *hovud*. Det gjeld t.d. i namni *Kvalhovudet*, *Monsøyhovudet* og *Olsøyhovudet* på Smøla på Nordmøre. Det skulde ikkje vera nokon mindre grunn til å skriva *stove* for *stau*.

Då eg søkte i namneupptalet åt Statens kartverk på nettet (<http://ngis2.statkart.no/norgesglasset/stedsnavn/default.html>), fekk eg upp heile seks namn med skrivemåten *-staua* i Romsdalen, utanum *Venjastaua*. Fem av desse ligg i det som er Rauma herad i dag: *Brustaua* («bruk»), *Fokstaua* («terrengdetalj»), *Hulderstaua* («skog»), *Oppistaua* («utmark») og *Ulvestaua* («terrengdetalj»). Attåt finst helleren *Høgstaua* i Nesset. Det er bisnelegt at det er so mange døme frå Rauma, og det kann synast som det er her denne skrivemåten fyrst hev vunne seg eit rom.

Med å velja *-stova* i *Venjastova* (og dei hine namni) hadde me fenge ein skrivemåte som både bygde på den nedervde segnaden, fylgde norske rettskrivingsreglar og som gjorde i alle fall etterlekken i namnet lett å kjenna att for framandfolk. Dette må dei ha skyna, dei som hev normera namnet til *Vengjestova* fyrr, og denne lærdomen burde både namnekonsulentane og klagenemndi ha teke til seg. Vedtaki i dag skulde berre ha gjenge ut på å taka burt den usogelege *g*-en og retta bindeljoden etter målføret (*-a-* i staden for *-e-*), men ikkje å røra etterlekken *-stova*.

Det er ein heilt meiningslaus kompromissvilje klagenemndi legg for dagen når ho vil «møta» ynskjet frå eigarane um *Vengestuen* med *Venjastua*. For det fyrste var det ikkje det eigarane bad um, og det er evsamt um dei vert noko lukkelegare med *Venjastua* enn dei hadde vorte med *Venjastaua*. For det andre skaper klagenemndi forvirring med endå ein skrivemåte (*-stua*) til segnaden *-stauå* i målføret, attved *-stova* og *-staua* fyrr, som attpåtil vert gjennomført berre i dette eine namnet, av di det slumpa til å vera einkvan som klaga inn vedtaket. Og for det tridje høver ikkje formi *stue* med den nedervde segnaden.

Ein kann tru det er eit slag husmannsånd som ligg attum vedtaki åt både namnekonsulentane og klagenemndi: Kann grunnen til at namnekonsulentane valde *-staua* og klagenemndi *-stua* rett og slett vera so dei slapp å nytta den sermerkt norske formi *stova*? For etter dei fyresegnene som gjeld, hadde *Venjastova* vore den beste skrivemåten for dette namnet, det må alle sanna.

Klaus Johan Myrvoll
klausjon@online.no

NORNA-NYTT

Den 12. oktober 2002 hadde NORNA-komiteen møte på Institut for Navneforskning i København. Disse sakene er av allmenn interesse for medlemene av Norsk namnelag:

NORNA-stipendet 2002 vert i år gjeve til to søkjarar: Birgit Eggert, Danmark, og Tiina Aalto, Finland. Det kom diverre ikkje søknader frå Noreg i år.

Det er kome to nye rapportar frå NORNA-symposium. Den eine er *Kristendommens indflydelse på nordisk navngivning*. Rapport fra NORNAs 28. symposium i Skálholt 25.–28. maj 2000 (NORNA-rapporter 74). Den andre er *Avgränsning av namnkategorier*. Rapport från NORNA:s tjugonionde symposium på Svidja 20–22 april 2001 (Forskningscentralen för de inhemska språken. Skrifter 4.) Dessutan er rapporten frå NORNAs 30. symposium 14.–16. september 2001 i Visby, Gotland, klar til trykking (*Namn och kulturella kontakter i Östersjöområdet*). Dei to neste symposia i rekkja er NORNAs 32. symposium: *Cultural Contacts in the North Atlantic Region*, 4.–8. april 2003, Lerwick, Shetland, og NORNAs 33. symposium: *Namn på -staðir* (førebels tittel), april–mai 2004, Utstein kloster, Ryfylke, Noreg.

Gunnstein Akselberg
gunnstein.akselberg@hf.uib.no

DEN TRETTONDE NORDISKA NAMNFORSKARKONGRESSEN TÄLLBERG I DALARNE 15–18 AUGUSTI 2003

Namnens dynamik – Utvecklingstendenser och drivkrafter inom nordiskt namnskick

Den nordiska namnskatten är i ständig förändring. Nya namn, namntyper och namnkategorier tillkommer samtidigt som andra försvagas eller försvinner. Förändringar i samhället leder till nya namnmönster, nya namnmoden, nya förebilder och nya behov av namn. En äldre spontan namnbildning har i viss mån fått konkurrens av en offentlig, styrd namngivning. Språkliga och kulturella regler och normer förändras successivt och t.o.m. lagstiftning påverkar namnen. Vi kan avläsa samhällets dynamik i namnens.

Huvudtemat för den trettonde nordiska namnforskarkongressen vill fånga namnens dynamik genom att beskriva och kommentera själva förändringen eller förändringarna som skett från en tid till en annan och därtill försöka

peka på vad, vem, vilka som initierat, understött och drivit på utvecklingen. I varje föredrag bör det alltså finnas ett tydligt inslag av diakron, komparativ beskrivning/analys samt försök till utomspråklig förklaring. Såväl ort- och personnamn som alla övriga namnkategorier kan behandlas under detta tema.

Kongressen äger rum i Tällberg i Dalarna från fredag den 15 augusti till och med måndag den 18 augusti på Åkerblads Romantik Hotell & Gästgiveri (<http://www.akerblads-tallberg.se>). Priset för tre övernattningar i enkelrum samt alla måltider (inkl. festmiddag) och exkursion är ca 4 300 SEK per person. Eventuella sponsorbidrag kan komma att sänka denna kostnad något.

Tällberg ligger vid sjön Siljans östra strand, mellan Leksand och Rättvik. Enklast tar man sig dit med tåg eller bil. Tåget från Stockholm till Tällberg går via Arlanda. Man kan även flyga till Borlänge (Romme) och ta tåg de sista milen. Se t.ex. <http://xray.bmc.uu.se/sbnet/tallberg.html>.

Just nu November är det 70 anmälda forskare som ska hålla 35 föredrag.

Kontaktperson: Staffan Nyström, Riksantikvarieämbetet, Kunskapsavdelningen Box 5405 SE-114 84 Stockholm.

Staffan Nyström
staffan.nystrom@raa.se

ICOS-NYTT

VELLUKKA VERDSKONGRESS I UPPSALA

Den 21. internasjonale kongressen i namnegransking (ICOS-kongressen) vart halden i Uppsala 19.–24. august 2002 med 370 deltakarar frå 41 land. Til saman vart det halde 250 foredrag fordelt på åtte seksjonar, og av desse kom 12 frå Noreg. Foredraga vert publiserte i rapporten frå kongressen.

Det omfattande vitskaplege og sosiale programmet vart avvikla på ein lytefrie måte. For mange vart båtturen den vakre augustdagen på Mälaren til Skokloster slott ei oppleving for livet. Arrangørane har all ære av tilskippinga og fortener stor takk for å ha teke på seg kongressen.

NYTT STYRE I ICOS

På Den 21. internasjonale kongressen i namnegransking i Uppsala (fredag 23. august 2002) vart det halde generalforsamling i ICOS (International Council of Onomastic Sciences). Den tidlegare presidenten Isolde Hausner frå Wien takka for seg, og til ny president valde forsamlinga Mats Wahlberg frå Uppsala. Han var ein av dei to visepresidentane i det førre styret. Elles vart desse valde:

Albrecht Greule, Tyskland (visepresident), Grant Smith, USA (visepresident), Richard Coates, England (sekretær), Martina Pitz, Tyskland (visesekretær), Karina van Dalen-Oskam, Nederland (kasserar), Pierre Henri Billy, Frankrike, Dunja Brozovic Roncevic, Kroatia, Ana Maria Cano González, Spania, Doreen Gerritzen, Nederland, Milan Harvalík, Tsjekkia og Alda Rossebastiano, Italia.

Generalforsamlinga vedtok vidare at den neste ICOS-kongressen skal haldast i Pisa i Italia i 2005, etter invitasjon frå Maria Giovanna Aracamone.

FN-NYTT

RAPPORT FRÅ DEN 8. FN-KONFERANSEN OM STADNAMN

Det 21. UNGEGN-møtet og den 8. FN-konferansen om standardisering av stadnamn Berlin 26. august – 6. september 2002

Det 21. møtet i UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names) vart halde måndag 26. august og fredag 6. september i Forbundsrepublikken Tysklands utanriksdepartementsbygning. For Den nordiske divisjonen møtte representantar for Finland, Sverige, Danmark og Noreg. Det vart gjeve rapportar i plenum om det arbeidet som var utført i dei einskilte divisjonane sidan den 7. FN-konferansen om standardisering av stadnamn. Det er i desse underkomiteane at det praktiske arbeidet

mellom kvar sesjon går føre seg. Finland overtek no formannskapet i Den nordiske divisjonen etter Sverige.

Den 8. FN-konferansen om standardisering av stadnamn (UNCSGN) vart opna tysdag 27. august og varte fram til 5. september. Til saman deltok om lag 180 utsendingar frå over 80 land. Den norske delegasjonen var samansett av førsteamanuensis Botolv Helleland ved Seksjon for namnegransking ved Universitetet i Oslo, som òg var delegasjonsleiar, rådgjevar Terje Larsen i Norsk språkråd og forvaltningsansvarleg for stadnamn i Statens kartverk, Nils Jørgen Gaasvik. I tillegg var Olaf Østensen frå Statens kartverk til stades som representant for ISO. Helleland var til stades på heile konferansen.

Konferansen gjekk mellom anna ut på at dei einskilde landa og UNGEGN-divisjonane rapporterte om det arbeidet som var utført sidan det 7. UNCSGN-møtet i New York i januar 1998. Innhaldet i rapportane vart i neste omgang kommentert og diskutert av deltakarane. Rapportane vart presenterte under ulike tema:

- Møte og konferansar om stadnamn som har vore haldne.
- Nasjonal standardisering. Dette omfattar mellom anna innsamling av namn, vedtak på skrivemåte, vedtaksorgan, lovverk og namneregister. Også forholda for minoritetsspråk gjekk att som ei vanleg problemstilling for dei fleste landa.
- Eksonym/endonym. UNCSGN tilrår størst mogleg bruk av endonym, dvs. skrivemåten i det landet der namnet førekjem.
- Program til hjelp for uttale av stadnamn.
- Toponymiske dataprogram.
- Toponymiske web-tenester.
- Terminologi. UNGEGN gav ut ei eiga terminologiliste til konferansen.
- Felles namneobjekt for granneland.
- Standardisering av skriftsystem. Omgjering til andre skriftsystem, til dømes frå arabisk eller kinesisk skrift og til latinsk. Stadnamn i språk utan skriftsystem.
- Utdanning i stadnamnarbeid. Samarbeid mellom organisasjonar og nasjonar på dette feltet.
- Namn på land.

Konferansen vart avslutta med førebuingar til den 9. UNCSGN-konferansen om fem år, vedtak av resolusjonar (17) og utarbeiding av sluttrapport. Resolusjonane vert arbeidsoppgåver for divisjonane i ekspertgruppa (UNGEKN) fram til neste FN-konferanse.

I tillegg til å rapportere på vegner av Noregs regjering, hadde delegasjonen levert fire rapportar med titlane «Place-name care and place-name standardisation in Norway», «The social and cultural value of place-names», «The place-name responsibility of a nation» og «Report of Norway». Delegasjonen var elles aktiv deltakar i debattane med kommentarar og spørsmål. Den norske delegasjonsleiaren vart dessutan vald til viseformann for ein av dei tre tekniske komiteane som vart nedsette til å gjennomføre møteprogrammet.

Den norske delegasjonen stod for ei utstilling der det vart presentert ulike kartprodukt, mellom anna *Kunnskapsforlagets store norgesatlas*, diverse stadnamnlitteratur og ei punktvis oversikt på engelsk over gangen i namnesaker etter stadnamnlova. Delegasjonen demonstrerte også Internett-tenesta *Norgesglasset* i utstillingslokalet ved å søkje på stadnamn og adresse. Dette vart motteke med interesse, og følgt opp med spørsmål frå salen.

Inntrykka frå konferansen er at Noreg ligg langt framme i arbeidet med standardisering av stadnamn, både når det gjeld kompetanse, organisering, lovverk og teknologi. Vi har såleis mykje å tilføra på den internasjonale arenaen. Det er elles liten tvil om at standardiseringsarbeid er nyttig òg når det gjeld stadnamn. Eintydige skrivemåtar er heilt avgjerande i vår meir og meir teknologiske tid med stadig tettare internasjonalt samkvem. FNs generelle mål med dette arbeidet er at nasjonalt normerte stadnamn mest mogeleg skal nyttast internasjonalt. UNGEGN har fått utarbeidd eiga heimeside på Internett: <http://esa.un.org/unsd/geoinfo>. Det er oppretta ei lenkje til Statens kartverk frå denne heimesida.

Nils Jørgen Gaasvik
nils-jorgen.gaasvik@statkart.no

UNDERVISNING

STUDIREFORMA – UNDERVISNINGSEMNE I NAMNEGRANSKING Oslo og Tromsø

Universiteta og høgskulane arbeider på spreng med å setja opp undervisningsemne (modular) i samband med den vedtekne studiereforma. Nedanfor gjev me att eit par av dei framlegga som er lagde fram ved Universitetet i Oslo og Universitetet i Tromsø. Dei nye undervisningsopplegga skal setjast i verk hausten 2003. Som ein vil sjå, er dei noko ulike både i form og innhald. Me tek atterhald om endringar i den vidare prosessen. *Nytt om*

namn vonar å koma attende med utfyllande opplysningar i eit seinare nummer.

UNIVERSITETET I OSLO

Etter framlegg frå Seksjon for namnegransking kan Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo, tilby fire emne i namnegransking:

- I. Innføring i namnegransking (grunnemne)
- II. Namn i historisk perspektiv (fordjupingsemne)
- III. Namn og kulturvern (fordjupingsemne)
- IV. Namnegransking (masternivå)

Her gjev me att detaljane i emne I og III.

I.

Namn	Innføring i namnegransking (grunnemne)
Kode	NAMN 1100
Når går kurset?	Kvart haustsemester
Studiepoeng	10
Innhald	Oversyn over faghistorie, terminologi, namnevitskapleg metode samt innføring i hovudkategoriane av stadnamn og personnamn, med særleg vekt på dei store gardsnamnklassane. Emnet tek vidare sikte på å gje ei forståing av språklege, kronologiske og geografiske variasjonar i namnematerialet.
Kompetansemål	Studentane skal få kunnskap om korleis personnamn og stadnamn vert laga og fungerer i språket, kva som skil dei frå andre språklege storleikar, korleis dei kan klassifiserast, og korleis namn kan nyttast som språkleg og historisk kjeldemateriale. Emnet skal gje øving i munnleg og skriftleg argumentasjon og analyse med grunnlag i namneteori og namnetypologi.
Undervisn.språk	Norsk
Byggjer på	Kunnskapar som svarar til generell studiekompetanse.
Føresetnad	Generell studiekompetanse.
Organisering av undervisninga	Kurset strekkjer seg over eit heilt semester med to timar i veka. Det krevst to obligatoriske oppgåver gjennom kurset, ei skriftleg på 5000 teikn og ei munnleg framføring av tilsvarande lengd.
Vurdering	Dei obligatoriske oppgåvene skal evaluerast av faglæraren. Dessutan skal det vera ei kort avsluttande munnleg prøve med faglæraren og ein annan person.
Kursdimensj.	Maksimum 20 studentar, minimum 5.
Innpassing	Emnet kan gå inn som ein del av 80-gruppa i nordisk og høver elles under språkprogrammet, kulturstudieprogrammet og lærarutdanninga.

Pensum	Ca. 450 sider.
--------	----------------

III.

Namn	Namn og kulturvern (fordjupingsemne)
Kode	NAMN2161
Når går kurset?	Kvart haustsemester
Studiepoeng	10
Innhald	Stadnamn, personnamn og andre namn som kulturarv og som kommunikasjon. Norsk og nordisk namnelovgjeving. Innsamling og forvaltning av namnemateriale, særleg stadnamn, normering og vern av namn. Offentlege namneoppgåver.
Kompetansemål	Emnet gjev forståing av korleis namn fungerer i samfunnet, kva dei formidlar av kulturhistorisk interesse, vidare kva lovverket seier om bruk av stadnamn og personnamn, og korleis ein skal løysa dei offentlege namneoppgåvene.
Undervisn.språk	Norsk
Byggjer på	Emnet <i>Innføring i namnegransking</i>
Føresetnad	
Organisering av undervisning	Seminar over eit heilt semester med 2 veketimar i 12 veker. Studentane leverer ei obligatorisk oppgåve på ca. 15 000 teikn før seminaret sluttar.
Vurdering	Oppgåva må vere godkjend av faglærer før studenten kan gå opp til eksamen. Ho vert vurdert av faglærer og ein internt oppnemnd sensor. I tillegg kjem munnleg eksamen, og det vert gjeve samla bokstavkarakter til slutt i ei heilskapleg vurdering.
Dimensjonering	Maksimum 20 studentar, minimum 5. Studentar som er tekne opp til eit studieprogram der emnet går inn, vert prioriterte.
Innpassing	Emnet kan gå inn som ein del av 80-gruppa i studieretning for nordisk, særleg norsk språk, Studieprogram for språk, og i fag som arkeologi og historie.
Pensum	Ca. 450 sider.

UNIVERSITETET I TROMSØ

Kva for emne som vert tilbodne til fordjupingsemne, er avhengig av dei ressursane som finst til kvar tid. Desse emna gjeld namnegransking:

- I. Nord-201.3 Namnegransking, stadnamn (teoretisk perspektiv)
- II. Nord-201.4 Namnegransking, stadnamn (dokumentasjon og behandling av materiale)
- III. Nord-201.5 Namnegransking, personnamn (indre aspekt)
- IV. Nord-201.6 Namnegransking, personnamn (ytre aspekt)

Her gjev me att detaljane i emne III og IV (personnamn):

III.

Namn	Nordisk språkvitskap: Namnegransking, personnamn (indre aspekt)
Kode	Nord-201.5
Tal på studiepoeng	10
Emnetype	Fordjupingsemne, valfritt
Innhaldsbeskriving	I motsetnad til mange andre land i Europa har ein i Norden kunna registrere store endringar i namnemønsteret dei siste hundreåra. Det blir lagt særleg vekt på å studere vekst og fall for ulike namnetypar frå 1700-talet fram til i dag. Nord-Noreg peiker seg ut med eit spesielt kreativt namnemønster, og personnamn i Nord-Noreg vil derfor stå sentralt i studiet.
Komptansemål	Studentane skal kunne gjere greie for sentrale strukturelle trekk ved personnamna. M.o.t. fornamna gjeld dette t.d. viktige avleiingstypar (<i>Hans-ine</i> , <i>Anton-a</i> , <i>Alf-y</i>) og språklig bakgrunn for namna (nordisk, engelsk, tysk etc.). Når det gjeld etternamna, skal studentane bl.a. gjere greie for strukturelle endringar over tid, t.d. overgangen frå patronymsystemet (<i>Evens-datter</i>) til faste etternamn (<i>Anne Evenstad</i>).
Undervisningsspråk	Norsk
Tilrådde forkunnskapar	Nord-100-emna, men andre utan spesifikke forkunnskapar kan også følgje kurset.
Formelle forkunnskapar	Generell studiekompetanse.
Organisering av undervisninga	Undervisninga blir gjeven i vårsemestret. Undervisninga er lagd opp som ein kombinasjon av forelesingar og seminar. Undervisninga i byrjinga av semesteret (dei fyrste tolv vekene) skal fyrst og fremst gi studentane grunnlag for å skrive ei semesteroppgåve om personnamn. Emnet for denne oppgåva vel studenten i samråd med faglæraren. Etter den fyrste undervisningsfasen kjem det ein undervisningsfri periode på fire veker da studentane arbeider med semesteroppgåva. I slutten av semesteret blir det undervist i stoff som studentane blir prøvd i til munnleg eksamen. Det er også utarbeidd eit IKT-basert opplegg for dette emnet.
Vurdering	Semesteroppgåve (10-12 sider) og munnleg eksamen. Den skriftlege oppgåva tel halvparten av karakteren, den munnlege eksamenen utgjer den andre halvparten. Målform til eksamen: Sjå punktet «Arbeids- og eksamensformer» under programbeskrivinga.
Studentevaluering	Evalueringsskjema og/eller dialog mellom studentar og lærarar.
Pensum	Om lag 400 sider. Innan 1. april leverer studentane ei pensumliste som må godkjennast av faglæraren. Pensumlista skal leverast til

	studiekonsulentent.
--	---------------------

IV.

Namn	Nordisk språkvitskap: Namnegransking, personnamn (ytre aspekt)
Kode	Nord-201.6
Tal på studiepoeng	10
Emnetype	Fordjupingsemne, valfritt
Innhaldsbeskriving	Ettersom personnamn er eigna til å spegle av ulike trekk ved samfunnsforholda i samtida, kan personnamna studerast i lys av endringar i samfunnsforholda. I eit kulturhistorisk perspektiv vil ein såleis ta for seg problemstillingar som namn og tidsånd (jf. ulike namnemotar på 1800- og 1900-talet), namn og identitet (jf. endring av fornamn og etternamn) og namn og likestilling (jf. om ein skal halde på etternamnet ved giftarmål).
Kompetansemål	Studentane skal gjere greie for på kva måtar fornamna, mellomnamna og etternamna kan sjåas som avspegling av kulturelle og sosiale forhold i samtida. Når det gjeld fornamna, vil omgrepet <i>namnemotar</i> stå sentralt.
Undervisningsspråk	Norsk
Tilrådde forkunnskapar	Kurset byggjer på 107.1 Namnegransking (personnamn), men studentar utan spesifikke forkunnskapar kan også følgje kurset.
Formelle forkunnskapar	Generell studiekompetanse.
Organisering av undervisninga	Undervisninga blir gjeven i vårsemestret. Undervisninga er lagd opp som ein kombinasjon av forelesingar og seminar. Undervisninga i byrjinga av semesteret (dei fyrste tolv vekene) skal fyrst og fremst gi studentane grunnlag for å skrive ei semesteroppgåve om personnamn. Emnet for denne oppgåva vel studenten i samråd med faglæraren. Etter den fyrste undervisningsfasen kjem det ein undervisningsfri periode på fire veker da studentane arbeider med semesteroppgåva. I slutten av semesteret blir det undervist i stoff som studentane blir prøvd i til munnleg eksamen. Det er også utarbeidd eit IKT-basert opplegg for denne emnet.
Vurdering	Semesteroppgåve (10-12 sider) og munnleg eksamen. Den skriftlege oppgåva tel halvparten av karakteren, den munnlege eksamenen utgjer den andre halvparten. Målform til eksamen: Sjå punket «Arbeids- og eksamensformer» under programbeskrivinga.
Studentevaluering	Evalueringsskjema og/eller dialog mellom studentar og lærarar.
Pensum	Om lag 400 sider. Innan 1. april leverer studentane ei pensumliste som må godkjennast av faglæraren. Pensumlista skal leverast til studiekonsulentent.

NETTBASERT MELLOMFAG I NAMNEGRANSKING

Nordisk institutt ved Universitetet i Tromsø sette hausten 2001 i gang eit distansekurs i nordisk mellomfagstillegg med personnamngranskning som fordjupingsemne. Og semesteret etterpå skulle studentane så fordjupe seg i Hamsun. Nå i haust har vi starta eit nytt nettbasert distansekurs med stort sett det same opplegget som på det fyrste kurset. Men ein viktig forskjell på dei to distansekurser er at vi nå – av økonomiske grunnar – berre har hatt éi samling, mot fire på det fyrste distansekurset. Dette inneber bl.a. at vi i språkdelen berre har hatt fem timars «klasseromsundervisning» i haust.

Vi har erfart at samlingane – i tillegg til det faglige – også har ein viktig sosial funksjon, noko som i neste omgang inneber eit betre læringsmiljø. På det fyrste distansekurset var det sett av pengar til servering på fredagskveldane, og dette førte til at dei 10 studentane vart godt kjent med kvarandre – og med oss lærarane. Dette slo positivt ut på ulike måtar, bl.a. ved stor aktivitet i det elektroniske klasserommet (Classfronter). Fordi studentane hadde vorti godt kjent med kvarandre på samlingane, kunne dei da meir frimodig kommunisere med kvarandre om faglige spørsmål på Classfronter. På det siste distansekurset har det derimot vori mindre aktivitet på Classfronter, og dette ser vi på som eit utslag av at studentane – med berre éi samling – ikkje har vorti godt nok kjent med kvarandre.

På det fyrste kurset kom studentane frå heile Nord-Noreg – frå Kirkenes i nord til Vefsn i sør. Og på det siste kurset har vi også hatt studentar frå Sør-Noreg, t.d. Drammen. Kurset har berre vori annonsert i Nord-Noreg (gjennom aviser og vidaregåande skolar), men når også studentar sørpå har fått høre om dette nettbaserte mellomfagstilbodet, kjem dette av at dei har hatt kontaktar i Nord-Noreg, t.d. familie eller venner. På begge kursa har vi hatt 10 studentar, og gjennomføringsprosenten er forholdsvis bra. På det siste kurset ser det såleis ut til at alle dei 10 som begynte, vil gjennomføre mellomfagsstudiet.

Heilt sentralt i fordjupingsemnet står semesteroppgåva som studentane skriv under rettleiing. På påmeldingsslippen for kurset skulle studentane oppgi den kommunen dei ville gjøra namneundersøkingar i. Vidare skulle dei krysse av for om dei ville skrive om kvinnenamn eller mannsnamn – og om dei ville bruke materiale frå 1800-talet eller 1900-talet. Dei fleste valde å skrive om namneskikken i heimkommunen sin – nærmare bestemt om endringar i namnemønsteret for kvinnenamn i siste halvdel av 1800-talet.

Det kunne for fleire av dei ha vori meir nærliggande å bruke materiale frå 1900-talet, men da det erfaringsvis går nokre månader før ulike instansar (bl.a. Datatilsynet og Sentralkontoret for folkeregistrering) gir løyve til å bruke 1900-talsmateriale, kunne vi ikkje ta sjansen på at over halvparten av semesteret var gått før studentane hadde fått materialet.

Studentane brukte som materiale fornamn frå folketeljingane av 1865, 1875 og 1900. Dette digitaliserte materialet, som normalt omfatta ca. 4000 kvinner frå kvart undersøkingsområde (éin, ev. to kommunar), hadde eg på førehand tilrettelagt på ulike måtar, bl.a. ført saman variantar som *Henriette*, *Henriete*, *Henrijette*, *Henriætte* og *Henrigjætte*. Men vidare systematiseringar av materialet stod det opp til studentane å gjøra, t.d. å laga 30-på-topp-lister for ulike periodar på 1800-talet. Dei brukte da eit spesialprogram (Panorama) som Universitetet i Tromsø hadde lisenstilgang til. På det fyrste kurset hadde studentane mye glede av dette programmet, men på det siste kurset viste det seg problematisk å «overføre lisensen» frå dei tidligare studentane til dei nye. Den amerikanske programprodusenten hadde nemlig lagt opp til nokså rigide prosedyrar for deaktivering av dataprogrammet, og om deaktiveringa ikkje var gjort heilt korrekt av ein tidligare student, kunne ikkje programmet takas i bruk på datamaskina til den studenten som «arva» dette programmet.

Uansett om dei fekk programmet til å gå eller ikkje, fekk eg frå studentane høre at dei syntes det var spennande å arbeide med stoff frå sin eigen kommune. Og mange fann fram til heimelsfolk og lokallistoriske kjelder som kunne gi utfyllande opplysningar om namneskikken. Dei mest ivrige brukte nettet, og fann på den måten fram til stoff som kunne integreras i oppgåva. Eit døme på dette er namnet *Aagesine* som vart laga i Lyngen i 1813. Denne *Aagesine* vart populær, bl.a. ved at ho tok seg av fattige barn, og ho fekk derfor mange «namneetterkommarar» i Nord-Troms. Men korleis hadde namnet *Aagesine* oppstått? Her kom dei tre elektroniske folketeljingane til kort (1865, 1875 og 1900), for dei er ikkje eigna til å finne foreldra (og ev. besteforeldra) til ei som er fødd i 1813. Men i denne samanhengen var søkemotoren *Google* nyttig å ty til. Ved å skrive *Aagesine* i søkeruta fekk ein sjå den eine nettstaden etter den andre med *Aagesine* sprette opp på skjermen. Og mest nyttig var slektstavla til ei amerikansk kvinne, Judith Kay Miller, f. 1953, som viste seg å nedstamme frå den fyrste *Aagesine*, nemlig *Aagesine Wilhelmine Hagen* (f. 1813 i Lyngen). Ho var dotter av Rasmus Aagesen Hagen, og ut frå patronymet *Aagesen* kunne ein her sjå ho var oppkalla etter farfaren sin *Aage*. Ei anna utfordring i denne samanhengen var å prøve å forklare kvifor foreldra hadde putta inn ein *-s-* i «fugen» mellom *Aage* og suffikset *-ine*.

Dei fleste studentane valde å skrive om kvinnenamn på 1800-talet, men somme av dei valde andre oppgåvetypar, t.d. endringar i etternamnsskikken i siste halvdel av 1800-talet (Bø i Telemark) og oppkallingsskikk på 1990-talet (Sommarøy utafor Tromsø).

Når studentane sitt og skriv på oppgåver av denne typen, vil dei innimellom trenge faglitteratur frå UB, og i denne samanhengen har dei gitt uttrykk for at dei er godt fornøgd med sørvisen frå UB. Dei har fått tilsendt litteratur dei har bedt om, men det seier seg sjølv at det kan bli noko ventetid om 10 studentar ber om å få den same boka. Når det gjeld tidsskriftsartiklar, arbeider vi for å få digitalisert desse (ved skanning) og leggja dei ut på nettet. UB i Tromsø er nemlig i gang med å digitalisere tidsskrift som dei meiner vil vera særlig nyttige for studentar som til daglig ikkje er på UB. Øvst på prioriteringslista står norske tidsskrift, og i namnesamheng kunne det vera naturleg å begynne med *Namn og Nemne*. Fyrst må naturlegvis alle formalitetar vera i orden, t.d. juridiske formalitetar (copyright). Det vil i alle fall lette studiesituasjonen for distansestudentane om dei kan gå direkte inn på nettet og hente ut relevant faglitteratur der.

Som nemnt i *Nytt om namn* nr. 33 (2001) har også Eli Ellingsve ved NTNU utarbeidd eit opplegg for nettbasert undervisning i namnegransking – nærmare bestemt i stadnamngransking. På noko lengre sikt kunne det vera aktuelt at fleire namnemiljø i Noreg gjekk saman om å laga nettbaserte undervisningsopplegg i namnegransking, bl.a. for distansestudentar. Fjernundervisning er i dag ei vekstnæring ved universiteta, og eit viktig mål med denne undervisninga er å nå studentar som tidligare ikkje har hatt høve til å studere. På dei to kursa våre har det særlig vist seg at kvinner sett pris på slike nettbaserte tilbod, for dei har ofte vori i den situasjonen at familie og barn har kravd sitt og dermed ikkje fått høve til å studere før dei er godt vaksne.

Gulbrand Alhaug
gulbrand.alhaug@hum.uit.no

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

SLØDDFJORDEN ELLER SLØTTFJORDEN

Dette er namn på ein innsjø (985 moh.) ved Haugastøl i Hol i Hallingdal. Sløddfjorden er skild frå hovudvatnet Usta som ligg på same høgd over havet med ein tange, Karistøltangen. Namnet *Usta* er helst nytta om den luten som ligg austanfor eller sunnanfor Karistøltangen.¹ Hovudkjeldene for innsjøen er Ustekveikja og Ørteråni; or Usta renn vatnet mot aust nedgjennom Ustedalen.

Indrebø (168) fører opp uttalen *slø2ddfjórðN*, men òg, *slø'` t-`*, *slø'` d-`* og *slø'` D-fjórðN* (ljodskrifta etter Indrebø). Alle oppskriftene etter Indrebø har tonelag 2, og det finn me ogso i ei oppskrift i Seksjon for namnegransking (ved ein vel-øvd oppskrivar). Eg meiner ogso å ha høyrte uttale med tonelag 1, men eg har aldri merkt meg former med lang vokal. Indrebø har ogso med døme or eldre kjelder: *Sløtfd* orig 1847, *Sletfj* AK 1856, *Sløffjorden* Qv 1920, *Sløtfd* GK 1931. Indrebø meiner «Sløddfjorden» er rettast, og det er eg samd i.

Indrebø sette namnet i samanheng med *slodd* f (m) 'slede som vert nytta på ulendt mark' eller *sløe* f sms *fiskesløe* f 'fiskereiskap som heilt eller delvis stengjer ei elv og fangar fisken som kjem nedover straumen' (jf. NO). Ein kan nok setja opp betre tolkingar. Eit ord med tyding 'slede osb.', høver lite med lendet her. Om her var fiska med *sløe*, kjenner eg ikkje til, men det er vanskeleg å få formene *slodd* eller *sløt(t)* til å høva med *sløe*.

Det kan vel tenkjast at namnet har anna opphav. *Slodd* kan hanga saman med nyno. *sladda* v 'renna utor eit kjerald' eller 'renna over eit kjerald' (Aasen og Ross frå Hallingdal). I ljodsprang til *sladda* kan ein vel ha norrønt og nynorsk **slodd* n 'tøming', 'over-fløyming'.² Det skulle høva godt, for Sløddfjorden endar i eit smalt sund ved Karistølneset eller Karistøltangen som kløyver vassflata i tvo. Endå om det ikkje er noko fall gjennom sundet, som bind dei tvo lutene av vassflata saman, so kan Sløddfjorden ha vore oppfatta som eit fullt kjerald, og or dette kjeraldet sig vatnet gjennom det tronge sundet. *Slodd* < **slodd* kan frå fyrst av ha vore namn berre på sundet. Sidan la ein til appellativet *fjord* og nytta det samansette namnet om «fjorden».

Etter den språklege analysen og uttale i Hol (med *dd*) vil eg rå til at det vert skrivi *Sløddfjorden*, jamvel om ein skrivemåte med *tt* etter uttalen *Sløtt-*

¹ I bygdemålet her tyder retningsorda *vest* 'nord, nordleg', *aust* 'sør, sørleg'; *nord* tyder 'vest' og *sør* 'aust'.

² Frå eit semantisk synspunkt kunne ein vel gruna på om *sladda* v har samanheng med *sludd* n 'regnblanda snø', jamvel om dei etymologiske ordbøkene (t.d. Torp) er varsame med å peika på slik skyldskap. Eg vågar meg ikkje til å setja opp frumnordisk stjerneform på **slodd*, for innljods og utljods *dd* i norrøne og nynorske ord kan ha so ymist opphav, veit me.

lèt seg forsvara av di *dd* kan gå over til *tt* framfor *f*. Men det ser ikkje ut til innhaldet i ordlekkjer som *slot/slott*, *sløt/sløtt* eller *slåt/slått* høver i dette namnet.

Litteratur

Indrebø = Gustav Indrebø: *Norske innsjønamn* II. Buskerud fylke. Oslo 1933.

NO = *Norsk Ordbok* II. Oslo 1978.

Ross = Hans Ross: *Norsk Ordbog*. Kristiania 1895.

Torp = Alf Torp: *Nynorsk etymologisk ordbok*. Kristiania 1919.

Aasen = Ivar Aasen: *Norsk Ordbog*. Kristiania 1873.

Magne Myhren
magne.myhren@inl.uio.no

NAMN PÅ KJÆLEDYR I ØRSTA

Kva kallar folk kjæledyra sine? Eg har sett lite på prent her til lands som fortel om dette, endå om det må vere mange slike namn i bruk (i Danmark og Sverige finst det fleire arbeid om dette emnet). Kvar og ein av oss finn vel på eit namn som høver – anten det nå er ein undulat, katt, hund eller hamster. Likevel kan det vere av interesse å finne ut om ein kan gruppere desse namna på same måte som andre namn. Og har eigaren eller namngjevaren noko å seie for namnevalet? Er det skilnad mellom gut og jente, unge, vaksne eller gamle når dei gjev slike namn?

Undersøkinga dette samandraget byggjer på, stammar frå Ørsta på Sunnmøre, og var skriven som særømne ved Volda vidaregåande skule i 1994. Namna kjem stort sett frå den austlege delen av Ørsta, frå grendene Åmås, Åmdal, Vatne, Bjørdal, Bondalseidet og Bondalen. Dei er samla inn blant elevar på dei to barneskulane i dette området – sjølv sagt etter godkjenning av skuleadministrasjonen. Det vart nytta eit standardskjema.

100 namn vart samla inn og grupperte seg naturleg omkring dyreslaga hund, katt, fugl og gnagar – 19 fuglar, 20 gnagarar, 8 hundar og 52 kattar. I tillegg var det ein liten geitebukk som eigarane oppfatta som kjæledyr. 37 namn var gjevne av gutar og 63 av jenter. Pussig nok var det ingen vaksne som hadde gjeve namn. Men eg vil nå tru at fleire i familien har komme med forslag, og så har den som oppfatta seg som eigar, valt eit av desse. Kanskje har mange av desse kjæledyra vore så nært knytta til det enkelte

barnet at ingen andre har vore med i namngjevinga? Eit interessant spørsmål er om det er skilnad på dei namna som jenter gjev i høve til dei som gutane gjev. Som vi skal sjå nedanfor, viser dette materialet ein klår skilnad mellom gut og jente når det gjeld val av namnetype.

Forfattaren har delt desse namna inn etter det vi finn i boka *Gullhorn – og dei andre kyrne*, attåt nokre av dei andre arbeida som er nemnde til slutt. Denne inndelinga representerer eit system som forfattaren tykkjer høver for kjæledyrnamn òg. Det som valda største vansken, var at mange av namna var fleirtydige. Mange har dobbel tyding, ja ein del kan tydst på tre plan, t.d. *Amasona*, *Bonnie*, *Buster*, *Emil*, *Mao*. Kanskje dette er spesielt for kjæledyrnamna. Artikkelforfattaren har ei nøye utgreiing om kva tydingar kvart namn har, og kvifor han likevel har valt å plassere dei i éin kategori. (Dette er utelate her av plassomsyn.) Desse vala er gjorde på grunnlag av informasjon frå innsamlingsskjemaet og vurderingar forfattaren har gjort sjølv. Opplysningane på skjemaet er skrivne av elevar på grunnsteget i barneskulen. Det er difor deira perspektiv på tilværet som avspeglar seg her. For unge i 1994 var *Lurifaks* opplagt ei vare, då det var namnet på det mest populære kattefôret. For dei som såg ungdoms- og barneseriar i fjernsynet i byrjinga av 1980-talet, er *Lurifaks* eit humoristisk minne om hovudpersonen og serien med samme namn. For dei som er meir knytte til det språklege og *Nynorskordboka*, tyder *Lurifaks* rett og slett «luring». *Sølvfaks* er namnet på ein katt i ei bok med same namn, som var svært populær for oss som voks opp i femti/sekstiåra. Dei unge kjenner no namnet frå ein film. Og for mange fortel namnet noko om utsjånad.

Det seier seg sjølv at å plassere eit namn i éi gruppe er nesten fåfengt. Likevel har forfattaren freista å gjere det utifrå sin ståstad. Men mykje talar for at kjæledyrnamna er så mangfaldige at ei tradisjonell gruppering er vanskeleg. Og kanskje burde ein rive seg heilt laus for å få fram særmerka ved denne namnetypen, framfor å flikke på den gamle hevdvunne inndelinga. Men forfattaren har, som vi ser under, stort sett halde seg til det tradisjonelle systemet.

Dei karakteriserande namna skildrar dyret på ein eller annan måte. Det vert teke omsyn til farge, utsjånad, særlege kjenneteikn og oppførsel. *Melis* og *Svissrull* fortel opplagt om utsjånad, men er så særmerkte at eg skjønar godt at forfattaren puttar dei i ei eiga gruppe. Sjølv sagt finst det mange andre undergrupper innanfor dei karakteriserande namna. Men forfattaren har valt desse fire på grunnlag av den namnesamlinga han har. Gruppa har fleire fleirtydige namn jamt fordelte i dei fire undergruppene.

Personnamna er lette å plassere og rimeleg greie å dele inn i undergrupper. Nå kan det vere vanskeleg å seie kva som er eit utanlandsk namn,

men her har forfattere brukt magekjensla. Dei utanlandske namna er heller ikkje delte inn etter kjønn. Dei fordeler seg truleg likt som blant dei norske. Undergruppa er nytta for å syne det store innslaget av opplagt utanlandsk påverknad frå samtida. Den siste gruppa (personnamn som etterlekk) inneheld nesten berre fleirtydige namn, noko som kanskje ikkje er så rart då dei to lekkene lett er gripne frå ulike område, t.d. *Busteline*, *Frikkeline*, *Pjuskeline*. Nå kan det tenkjast at etterlekken avspeglar etterlekken *-lin*, som vi finn i husdyrnamn. Men forfattere vel å oppfatte etterlekken som personnamnet *Line*.

Mellom kjende namn eller oppkalling finn vi kjendisar frå TV, politikarar, rollepersonar frå film, hovudpersonar i bøker og teikneseriar og mytologiske heltar. Undergrupperinga vart naturleg av namnetilfanget og avspeglar vel helst oppkalling etter 3b. Det er ein god del fleirtydige namn her òg.

Kva er så populære namn? Å avgjere om eit namn verkeleg er eit tradisjonelt, populært eller typisk namn, er ikkje heilt enkelt. Det er difor vanskeleg å avgjere kva namn som høyrer heime her, og det vil vere ulike meiningar om plasseringa av desse namna. I og med at det er så få dyr som har same namn, kan ein heller ikkje bruke det som grunnlag for denne gruppa. Kanskje ein like godt skulle ha utelate populære namn som ei hovudgruppe, og hatt dei to undergruppene som eigne grupper? Men forfattere har brukt magekjensla og ståstaden sin i 1994. Og for å høyre til gruppa populære namn må vel namnet vere heller vanleg både no og før. Som tradisjonelle populære namn har ein opplagt kaninane *Pelle* og *Trulte* og papegøyen *Jakob*.

Lokke- og kjælenamn er meir slike som avspeglar koselydane til dyret eller lokkelydane til eigaren t.d. *Pepah* (pip-pip) på ein undulat og *Sussi* (pus, pss) på ein katt. Eller kva med *Mao* for mjau? Det er flest kattenamn her. Kanskje er denne gruppa meir kopla til «katteverda» enn dei andre namna? Dei er meir gjevne med utgangspunkt i dyret, framfor omverda rundt. I så måte er dei nærare knytte til dei karakteriserande namna. Sjølv-sagt er det fleirtydige namn her også.

Her følgjer alle namna inndelte i dyreslag. (Skogskatt er ein som helst er ute, medan huskatt er innefatt.) Dessutan er det teke med kven som har gjeve namna (j = jente, g = gut). Forfattere tek endå ein gong atterhald om inndelinga – jf. fleirtydigheita. Skrivemåten er helst normalisert nynorsk/utanlandsk, men speglar også litt att den skriftlege forma heimelsgutane og -jentene har valt for namna.

Albino	undulat	j	Kaisa	collie	j
Grey	undulat	j	Line	kanin	j
Gråpus	huskatt	g	Lisa	hund	g
Gråtass	huskatt	g	Mia	undulat	j
Kvitstjerne	huskatt	j	Nina	kanin	g
Snøkvit	kanin	j	Silje	skogskatt	g
Svartepus	huskatt	g	Sarah	skogskatt	j
Sølvfaks	skogskatt	j	Tara	hund	j
White magic	kvit landkanin	j	Tini	kanin	g

1b (utsjånad, kjenneteikn)

Bollis	perserkatt	g
Buster	huskatt	g
Gamla	huskatt	g
Klyså	huskatt	j
Lady	huskatt	j
Nusse	skogskatt	j
Nuste	skogskatt	j
Nøste	huskatt	g
Pjusk	skogskatt	j
Pjusken	huskatt	g
Pjuski	skogskatt	g
Ruska	huskatt	g

1c (oppførsel)

Frøpe	mus	j
Grådig	kanin	j
Sofus	huskatt	j

1d (etter vare/ting)

Lurifaks	huskatt	g
Melis	huskatt	j
Svissrull	huskatt	g

PERSONNAMN

2a (kvinnenamn)

Amanda	undulat	g
Bella	collie	j
Dolly	mus	g
Fia	undulat	j

2b (mannsnamn)

Amandus	undulat	g
Baldrian	skogskatt	g
Jack	skogskatt	j
Kristian	huskatt	g
Matti	hund	g
Tim	hund	j

2c (utanlandske namn)

Aksita	papegøye	j
Bonnie	hamster	j
Jolivet	huskatt	j
Kiko	hund	g
Kitley	undulat	j
Melissa	skogskatt	j
Mishika	huskatt	j
Natacha	kanin	j
Pako	hund	g
Shana	kanin	g
Shania	skogskatt	j
Shanina	kanin	j
Shatina	kanin	j

2d (personnamn til etterlekk)

Busteline	skogskatt	j
Frikkeline	huskatt	g
Nusseline	huskatt	g
Pjuskeline	skogskatt	j
Pollysara	undulat	j
Svarteper	huskatt	g

KJENDE NAMN/OPPKALLING			Trampe	kanin	j
3a (person/dyr frå røynda)					
Hodge	huskatt	g	POPULÆRE NAMN		
Tormod	geitebukk	j	4a (tradisjonelle namn)		
Willoch	undulat	j	Jakob	papegøye	j
3b (personar frå film, litteratur, mytologi)					
Amasona	undulat	j	Kalle	kanin	g
Balder	huskatt	g	Pelle	kanin	j
Emil	skogskatt	j	Polly	mus	g
Garfield	huskatt	j	Pus	huskatt	j
Kaja	huskatt	j	Trulte	kanin	j
Klatremus	skogskatt	g	4b (lokke- og kjælenamn)		
Knoll	kråke	j	Kattinka	huskatt	j
Maja	skogskatt	g	Kattsi	huskatt	j
Pilt	undulat	j	Lipepah	undulat	j
Pompel	undulat	j	Lussi	huskatt	j
Snehvit	kanin	j	Mao	huskatt	j
Tarzan	huskatt	g	Mia	huskatt	j
Tinka	skogskatt	g	Mjaus	huskatt	j
Tott	kråke	j	Ninå	kanin	g
			Pepah	undulat	j
			Sussi	huskatt	j

Det ser ut til at gutar gjev litt tøffare og meir særprega namn (*Tarzan, Frikkeline, Svissrull*) enn jenter, men samstundes også meir tradisjonelt karakteriserande. Jentene har tendens til å gje søte kjælenamn eller flotte utanlandske kvinnenamn (*Sussi, Aksita, Melissa*). Her viser dei stor fantasi, i motsetnad til gutane. Jentene dominerer heilt i gruppa populære namn. Kjønnskjønns ser difor ut til å ha mykje å seie for namngjevinga.

Utsjånaden/eigenskapar er viktige etter namnetalet å dømme. Men mest av alt syner namna kor viktige massemedia er i folks liv. Særleg skal ein merkje seg det store innslaget av opplagt utanlandske namn. Namna på kjæledyra ser ikkje ut til å representere nokon kulturarv, slik som andre dyrenamn kan gjere. Det er nemleg svært få like namn, og det finst knapt nokon faste etterlekker. Men *Pjusken, Gråpus, Pus, Snøkvit, Jakob og Polly* har vel vore brukte i generasjonar, og representerer i så måte ein tradisjon. I og med at namna stort sett berre er kjende innerter i familiane, er det overraskande å finne denne variasjonsrikdommen. Kvifor treng ein så utskiljande namn? Kvifor så særprega? Namna har jo til vanleg ein utskiljande funksjon for *dyret*. Syner denne namnesamlinga at det er eigaren som har

trong for å skilje seg ut med eit særprega namn på sin eigedom? Ei form for identitetsskaping for å skilje seg ut frå resten av familien? Og det er jentene som er ivrigast i så måte!

Litteratur som har vore nytta i arbeidet med oppgåva:

Cappelens Leksikon bind 4 og 5.

Fonnum, Helge: Kunamn i ei fjellbygd (Ål i Hallingdal). I: *Maal og Minne* 1928.

Karbø, Asbjørn og Kruken, Kristoffer: *Gullhorn – og dei andre*. Kunamn i Noreg. Oslo 1991.

Nielsen, Konrad: Hundenamn og kunamn frå Polmak. I: *Lærebok i lappisk*. III. Oslo 1929.

Rian, Inge: Bøffelen, Katta og Skipsbåten – ørlandske kunamn frå 1700-talet. I: *Årbok for Fosen* 1982.

Og ein takk til elevane som gjekk ved Rekkedal skule og Brautaset skule i 1994.

(Samandraget er gjort av Øyvind N. Bjordal, Volda, i samråd med forfatteren.)

Per-Stian Vatne
Ørsta

«IKKJE AKKURAT OLA OG KARI» – programserie om namn i NRK Nordland

Våren 2001 fekk programsekretær Solveig Henriksen ved NRK Nordland ideen til å laga ein programserie om fornamn. I denne samanhengen kontakta ho meg, og eg sa meg villig til å sitta i NRK-studio i Tromsø mens ho intervjuar meg frå studio i Bodø. Programmet gjekk på tysdagar – med 10 minutt i morgonsendinga og reprise om ettermiddagen. Etter det fyrste programmet fekk ho inn mange spørsmål om namn som lyttarane ville ha oppklart, og i eit e-brev gav ho entusiastisk uttrykk for interessa blant lyttarane: «Telefonene har ikke stått stille siden vi var på lufta i går, og vi har fått e-poster, ja folk har til og med kommet innom kontoret her i Bodø for å snakke om navn.»

Det var fyrst og fremst spesielle fornamn i sin eigen familie folk ville spørja om, gjerne namn på eldre slektningar. Etter kvart vart NRK-redaksjonen i Bodø overrisla med ca. 150 namn som skulle kommenteras.

Det seier seg sjølv at det var umulig å forklare alle desse namna, men dei som eg meinte eg hadde ei forklaring på, kommenterte eg etter kvart i radioen. Dette gjaldt t.d. *Analius*, som eg ut frå folketeljingane på 1800-talet såg kunne knytast til oppkalling etter *Anna*, *Anne*, *Anders* o.l. Namnet var særleg populært i Buksnes i Lofoten. I denne samanhengen fekk Solveig Henriksen også tak i ein som heitte *Analius*. Han var ordførar i ein kommune i Lofoten og dermed vant til å stille opp til intervju. Gjennom dette intervjuet fekk vi stadfesta noko som t.d. namnepsykologen Tim Brennen nylig har tatt opp i ein artikkel i *Names* 48 (2000): Det er berre dei fyrste gongene folk reagerer på «rare» namn. Og ordføraren nemnte at namnet hans ikkje skapte problem for han, men han hadde merkt seg at somme stussa litt når han måtte seia namnet sitt til folk han ikkje kjente frå før. Men snart vente dei seg til namnet hans.

Som kjent har Nord-Noreg eit kreativt namnesystem, noko som bl.a. har gitt seg utslag i den namnetypen som vi kan kalle namneleddskombinasjonar. Her blir delar av eksisterande namn kombinert til heilt nye namn, t.d. *Rudvin* av *Rudolf* og *Øyvin*. I denne samanhengen ville eg gjerne ha respons frå lyttarane om slike nylagingar hadde oppstått ved oppkalling etter slektningar eller om dei sette saman nye kombinasjonar nokså fritt – fyrst og fremst for å få ein god klang i det nye namnet. Eg tenkte at radioen her baud seg fram som ein velegna arena til å få svar på slike spørsmål. Men det viste seg at eg i mindre grad enn eg hadde håpa på, fekk svar på spørsmålet om det i slike namnekombinasjonar låg føre oppkalling etter slektningar eller om dei hadde laga slike namnekombinasjonar på nokså fritt grunnlag.

Som døme på interessante kommentarar til namn kan eg nemne kvinne-namnet *Erun*. Her kan ein jo identifisere *-run* (som i *Sigrun* og *Gudrun*), og når det gjaldt forleddet *E-*, meinte innringaren at det hadde samanheng med fuglen *ea* (ubestemt form *ei e* = 'ærfugl'). *Ea* er nærmast å sjå på som ein «husfugl» i Nord-Noreg, og innringaren meinte at da foreldra fekk ei dotter, ville dei gjerne kalle henne opp etter den trufaste *ea* utafor huset deira. Nå kan kanskje slike namnetolkingar ha vori gjort nokre år etter at *Erun* var fødd, men like fullt er det interessant å få på bordet slike folkelige tolkingar av eit namn.

Eg kan så gi nokre døme på fornamn som lyttarane ville ha forklart:

Adly, Amadora, Analius, Bordewick, Edin, Edon, Ekert, Ekrol, Eserine, Evar, Everise, Hedløy, Jandur, Jerly, Kanar, Kardis, Laudith, Lenning, Lenvig, Lynghild, Lysette, Magdalus, Nettum, Obsy, Olveig, Onesimus, Pergy, Petrole, Redvald, Shanny, Sigrolf, Sjønilva, Stinchen, Suleima, Theologa, Zoy.

Her har vi både namn som kan verke gammaldagse, t.d. *Eserine* og *Magdalus*, og namn av nyare dato, t.d. dei engelske *Shanny* og *Zoy*. I dei tilfella namnet stod i *Norsk personnamleksikon* (1995) av Kristoffer Kruken og Ola Stemshaug, var det greitt nok å kommentere namnet. Og når det gjeld opphavlige slektsnamn brukt som fornamn, t.d. *Ekrol*, *Bordewick*, *Lenning* og *Nettum*, var *Norsk etternamnleksikon* av Olav Veka nyttig å ty til. Nord-Noreg er jo kjent for bruken av opphavlige slektsnamn som fornamn, og dette gjeld særlig det nordlige Nordland og Sør-Troms – jf. hovudoppgåva *Namn i nye tider* (1999) av Cissel Samuelsen.

Utfordringa for meg låg fyrst og fremst i å prøve å oppklare namn som ikkje stod i desse oppslagsbøkene. Eit namn som *Laudith* kunne det t.d. vera naturleg å forklare som samansett av *Lau-* (frå t.d. *Laurits* eller *Laura*) og *-dith* (frå t.d. *Judith* eller *Edith*). Etter noko detektivarbeid, bl.a. ved hjelp av diverse oppslagsbøker og søkemotoren *Google* på Internett, kunne eg også oppklare ein del andre namn, t.d. *Onesimus*. Han er såvidt nemnt i Bibelen og var ein bortrømt slave som møtte Paulus i Roma. Foreldra til vår Onesimus har nok funni namnet i Bibelen.

Solveig Henriksen og eg har hatt namnestoff for mange program, men etter 27 veker med «Ikkje akkurat *Ola* og *Kari*» har vi tatt ein pause. Ein raud tråd gjennom programmet har vori at ein har grunn til å gle seg over den store namnekreativiteten i Nord-Noreg. Dette står da i motsetning til dei som primært er ute etter å henge ut «rare» namn til spott og spe.

Gulbrand Alhaug
gulbrand.alhaug@hum.uit.no

MEIR OM BJØRN STORBERGET OG PERSONNAMNA

I *Nytt om namn* 32 – 2000 (s. 40–42) melder Gulbrand Alhaug boka *Kjære deg. En kjærlighetserklæring til 340 kvinnenavn* (1998) av Bjørn Storberget. Eg deler Alhaugs vurdering av styrke og veikskap i boka. Innlegget er derfor ingen kritikk av meldinga. Men korkje i boka eller meldinga kjem det fram at ein stor del av stoffet er trykt før, og det er denne sida ved Storbergets arbeid eg vil skrive litt om.

Frå årsskiftet 1966–67 til desember 1970 hadde Storberget kvar veke ein heilsides artikkel om personnamn i *Magasinet for alle* under fellestittelen «Til lykke med Navnet». Det første året skreiv Storberget mest om kvinnenamn, andre året var det halvt om halvt, men dei to siste åra omtala han

flest mannsnamn (38 av 51 artiklar i 1969). I alt leverte Storberget 82 artiklar om kvinnenamn og 121 om mannsnamn, og dertil opningsartikkel og avrunding, til saman 205 artiklar. Ofte tek han for seg to, tre eller fleire namn og namnevariantar under eitt, t.d. *Alice, Elise, Lise* 30.10.1968 og *Gudbrand, Gudmund* 9.6.1970. Reknar vi med alle former som står i overskriftene, blir det 141 kvinnenamn og 169 mannsnamn, til saman 310 namn.

Som Alhaug seier, legg Storberget mykje vekt på namnebruk i skjønnlitteraturen og på person- og kulturhistorie. I magasinet kjem dette òg til uttrykk ved at namna ofte blir omtala så nært inntil ein gammal minnedag (helgendag) som råd. Såleis finn vi *Agnes* 18.1.1967 (minnedag 22.1.), *Hallvard* 10.5.1967 (minnedag 15.5.), *Birgit* 2.10.1968 (minnedag 7.10.) og *Barbara* 4.12.1968 (same som minnedagen). I boka står namna alfabetisk, og med det har eit viktig aspekt av formidlinga gått tapt.

Alle artiklane om kvinnenamn er trykte i boka, men stoffet er omredigert. Lange bolkar er skorne vekk, og to namn, *Gyda* (ved *Ida* 19.5.1970) og *Hulda* (ved *Hilda* 6.10.1970), er fjerna heilt. Elles gjeld innstramma mest litterære og kulturhistoriske opplysningar, men ikkje sjeldan er òg språklege merknader tekne bort, t.d. dialektformer av *Gunnvor* (4.8.1970). Ordlegginga er justert overalt.

Etter talet på namn i boksittelen og innhaldslista (340) og i overskriftene i magasinet (141) skulle ein tru at boka hadde langt meir stoff enn artiklane. Men slik er det ikkje. Reduksjonen frå artiklar til bok er nesten like stor som tilveksten. Dessutan inneheld artiklane mange namn som ikkje står i overskriftene der, men som i boka er sette på oppslagsplass. Det gjeld m.a. *Gunda* (under *Gunn* 4.8.1970) og *Gudfrid* (under *Guri* 17.11.1970). Namnemengda er derfor ikkje så ulik som tala ovanfor kunne tyde på.

Opplysningar om moderne namnebruk viser at dei yngste delane av tilveksten stammar frå midten av 1990-talet. Elles har vi inga datering mellom 1970 og 1998. Truleg er heile revisjonen gjort etter 1991, da Storberget vart pensjonist.

Som døme på framhald og tilvekst kan vi ta bokstaven *G*. Magasinet har artiklar om *Gerd* og *Gerda* (8.5.1968), *Gina* (8.9.1970), *Gjertrud* (22.5.1968), *Greta* og *Gret(h)e* (5.2.1969), *Gudrun* (22.11.1967), *Gunn* og *Gunnvor* (4.8.1970), *Gunnhild* (24.1.1968), *Guri*, *Guro* og *Gyri* (17.11.1970) og *Gyda* (19.5.1970). I boka er som nemnt *Gyda* borte, men dei andre står. Nye namn er *Gro*, *Gry*, *Gudbjørg*, *Gudlaug* og *Gudveig* – dei tre siste berre som oppramsing. Alle nyttilkomne namn er i bruk, men særleg moderne er dei ikkje. Det viser at røter og tradisjon framleis låg Storberget varmt på hjarta.

Bjørn Storberget (1921–1999) var fødd og oppvaksen i Langesund i Telemark. Han hadde all si yrkestid i Postverket, og var tilsett der frå 1938 til 1991. Storberget begynte som vanleg ekspeditør, men steig fort til redaktør og informasjonssjef med base i Oslo. Han hadde allsidig historisk orientering og ei brennande interesse for Postverket som kulturberar i fortid og notid.

Artiklane om personnamn viser at kulturinteressa rokk langt utom yrkesfeltet. Få har skrivi meir enn Storberget om dette emnet, og ingen har i vår tid skrivi så mykje og så inspirert for allmenta. Framstillinga gir sant nok lite av språkleg verdi, men dei kulturhistoriske og litterære opplysningane er eit skattkammer for alle som vil rekkje vegen fornamna våre har gått. Artiklane om mannsnamn hadde fortent ei samla utgåve på line med boka om kvinnenamn.

Kristoffer Kruken
kristoffer.kruken@inl.uio.no

STADNAMN PÅ PERSTØLEN

Dette er utdrag av eit lydbandopptak gjort sumaren 1963. Lydbandopptaket er ei samtale mellom far og dotter, Ola og Einfrid Perstølen. Ola Perstølen var då 86 år. Han døydde 8. november 1969, mesta 92 år gamal. Einfrid Perstølen har seinare skrivne av lydbandet, og ho har gjeve *Nytt om namn* lov til å trykkje det far hennar fortel om stadnamn på Perstølen. Samtala er her forkorta og redigert av Margit Harsson i samråd med Einfrid Perstølen.

Ola Perstølen (1877–1969) voks opp på garden Perstølen i Ål. Han var eldst av 10 sysken, og båe foreldra var vel inne i bygdekulturen. Dei var tradisjonsberarar når det galdt song, dans, musikk, segner og ættesoger. Som ung var Ola to vintrar på Voss folkehøgskule, seinare seks år i Amerika, og dette var med og festa sansen for heimekulturen. Far til Ola var skreddar, og dei tre eldste sønene vart opplærde i skreddarfaget. Ola fekk seg skreddarverkstad og tok til med kledevarerhandel, og også bokhandel. Etter kvart vart bokhandelen viktigaste delen av verksemda.

Ola Perstølen fortel til Einfrid:

Synst på jordet ligg *Ellingåkeren*. Det er venteleg ein som heitte Elling som har brote ell brukt åkeren. Litt nord for Ellingåkeren ligg eit tå dei likaste stykkjo på Perstøle. Det kalla me *Søre myre*, ei myr som han far upp-

arbeidde. Det ligg att ei stor røys som syner at det var mykjy stein i myre. Ovafor Søre myre ligg *Søre åkeren* og *Nødre åkeren*, og grasbandet myljo åkro kalla me *Myljo åkro*. Der voks beste tjukkenga på Perstøle, og der begynte far jamt å slå.

Nordafør *Søre leet* er det ein haug med mykjy stein og mykjy skog. Nordom der kalla me det *Nødre myre*, og nordafør der *Skriu* (på grunn av ei jordskridu som gikk der). Halle upp mot delet mot Skriu braut han far upp til åker. Når ein kom upp denna dalen, så var der ei lekje (vassrenne av tre), og der kalla me det *Lekja*. Her foregikk det mykjy arbeid, som klesvask, grovarbeid i slaktingen og alt slikt. Lenger upp var brunnen, og dalen oppover der kalla me *Brunnsdalen*. Norda Brunnen bygde han far eit fjøs rundt 1880, eit fjøs dei brukte til eldhus nokre år. Derfor kalla me åkeren ovafor *Eldhusåkeren*.

Dalen sunna stolphuset heiter *Stolphusdalen*. Det er no eit nytt namn, for stolphuset sette han far upp. Lenger upp var det ei svær orerust, so den kalla me *Ruste* og dalen ovafor *Rustedalen*.

Burtimot Venedokken og sunnafor haugen heiter det *Sunna haugen*. Den store flate steinen ved *Venedokkvegen* kalla me *Kvilingssteinen*, for når dei boro børda (uttala med tjukk *l*) nedatil isen ell frå fjorden og upp den vegen, so kvilte dei gjerne der, då veit du.

Ola Perstølen åleine med lydbandet:

Ja, det vart ikkje meir med meg og ho Einfrid. Det hadde vore betre um ho kunna gjort enkort te spørsmål, men det er ikkje noko gjera ved det no. Me slutta der sunna haugen, og brotet der kalla me *Hansebrotet*. Det var Hans Bekkjistad (Bekkestad) som braut der. Røyse med murefot nedafor ligg der den dag i dag. Den haugen ved vegen som gikk frå huso på Perstøle og nedpå storvegen, den heiter *Tellehaug*. Det kjem av *toll*, for det var mykjy toll ell furu på denna haugen.

So kan me ta ein tur nedpå vegen. I delet mot Haga hadde det vore eit le i gamle dagar, og det kalla me *Hagaleet*. Odden neda storvegen og Tellehaug kalla me *Kolbotn*, og so er det *Søre odden* og *Nødre odden*. Vidare heiter odden neda Dokki *Dokkeodden*, og odden neda Halvorstølen *Halvorstølodden*.

Ein viktig stad i mine gutedagar var *Banken*, ell *Perstølbanken*, denne flåte med tuftidn neda låven. På Venedokken er ein liknande bank. Det var *Venedokkbanken*. Desse bankadn var samlingsplass, særleg um sundagadn. Der var ofto leik og moro, både tå ungar og vaksne ungdomar.

Ein gongestig går øvst på jordet, i delet myljo jordet og skogen og vidare søover heile grende. I min barndom var stigen mykje i bruk, og me kalla

han berre *Øvre*, det vil sea *Øvre vegen*. Jamnast sa me berre: «Han gikk *Øvre*».

Ovafor vegen og nørdest i jordet på Perstøle var det ei slette me kalla *Glenna*. Sunnafor der gikk som nemnt Brunnsdalen. Me drogo ved og slikt ovate den dalen. Skogen der høyrer Sumrei (Sundbrei) til, og når han Eirik Sumrei hogde timber, so kjøpte han far avfallet, kvisten og toppen som ikkje han Eirik brukte. Det drogo me ungradn ned til ved. Då var det liksom eit knipetak å koma forbi eit svart berg. Me hadde sikkert eit namn på det, men eg er ikkje god til å hugse ko det var.

So gikk det ein gongestig frå Perstøle og oppover til Bekkjistad. Den kalla me *Skuteskorrvegen* fordi han gikk over dei to store skorridn, *Nære Skuteskorri* og *Øvre Skuteskorri*. Og midt ni dale ligg eit kvitt berg me kalla *Kviteberget*, og sunnafor der ligg altso *Rustedalen*. Øvst i bergi var det ein stor og svart skut me kalla *Skuten*, og nedafor der var *Nære Skuten*. Derfor heiter det *Skuteskorridn*. Dessa skorridn var no dårleg slåtteland, men me brukte å grase der. Me slo og boro fôret ned på Perstølen.

Skuteskorrvegen oppover te Bekkjistad var bratt, men me brukte han mykjy. Vegen oppover frå Venedokken heitte *Beinste*, og den var endå brattare. Igjenom sjølve berget måtte ein ta seg fram i myljo steino. Den stubben heitte *Stegin*. Vegen sunna Djupedokki gjekk oppover bakkadn der, og både bakkadn og vegen kalla dei *Brennudn*. Litt lenger sør låg *Slett-bakkadn*. Rett ovafor *Eikra* gikk vegen me brukte om vet'n til Bekkjistad, og den kalla me *Søre*.

Ovafor Perstølen er det eit beite med ei svær steinurd neda bergi. Det er stein som har ramla ned og vorte til urder. Det kalla me *Urdidn* (uttala med tjukk *l*). Uppi bergo er det nokon skortu med gras der geitene beitte.

Eit stykkji nordover og ova Dokki ligg *Skriudalen*, og noko lenger nord i bergo er det ein bergskut som heiter *Ørnehjallen*. Kanskje det har vore eit ørnereir der ei gong. Me hadde mykjy moro og mykjy leik der.

Eg nemnde at dei grasa ell slo uppi Skuteskorro. Det er rart å tenkji på no koss dei grovo ette grasstråo alle stad. Like uppunde bergo er det ein grasfleck som heiter *Grøna* og høyrde Haga te, og der leigde han far slåtten. Der slo han då, turka foret og bar det ned.

Nedafor stolphuset er det ei tuft me kalla *Tufte*. Nedafor der att har me *Fabrostugutomte*, og endå er det fleire hustufti der og på Bankji neda låven.

Me ha svalla um namn på Perstøle, men no sko me utpå fjorde ell vestum. Utpå fjorde var det två granda då eg var smågut. På den nødre granden (grunne med sand og stein) var det eit notevarp. Dei drogo note innpå granden. Søvest for grando har me *Sandøyne*. Vestafor Sandøyne ligg det to svære steinar me kalla *Klovsteinadn*, og lite nordafor der var det eit

svaberg med ei stor furu på. Der sette me båten når me lauva ell riste der (*lauve* og *rise* = sanke lauv og ris (kvist) til krøtermat). Nordafor der att var ei flåt, ei grasslette me kalla *Sandøynflåte*. Det var no kji nokon slått der, som eg hugsar, men det var no ei grasslette. No er det vel mest attgrodd med skog. Der hadde me båtstø når me plukka bær ell funno mose. Vegen derifrå og like oppå åsen heitte *Sandøynvegen*.

Langt nordover og vestafor den nødre granden er ei større flåt som heitte *Sundånflate*. Ho ligg ved *Sundåne* som kjem ned der. Det var mykky trafikk på dei flåt'n, både vet og sumar. Der gikk vegen oppover te stølo burtpå åse, både dei nordi Fetjastøldale, Halldale og Storestøle.

Ein hundre meter nord for Sundåne var der ein grus- og moldhaug me kalla *Moldhaugen*. Mykky grus der er brukt til vegfyll. Der sette me båten når me skulde vestpå Åsen. Det var betre båtstø der og djupar innåt lande. Lite lenger nord gikk ein hamar ut i fjorden. Den kalla me *Syndingshamaren*. Det kjem vel tå sunding. Dei sunda over der.

Det hadde vore ei brun ved Syndingshamaren i gamal ti, men den hadde reist i ein storflaum rundt 1860. Det tok mange år før dei sette opp ny brun. Når dei måtte burtpå åsen med buferdi ell anna som dei ikkje kunna ta i båt, måtte dei oppå Mobrune for å koma over. Men kløvja og slikt rodde dei over, og hesten kunne svømja ette båte. Éin rodde og éin heldt i grimun på heste, og hesten svumde. Difor heiter det visst *Syndingshamaren*. Seindre so laga dei ein fløte tå timber ell topp, ein sopass stor fløte at den kunne bera ein hest ell kanskje to, og so rodde dei den.

Då me koma nordmed ån, so ligg det ein liten støl som heiter *Støbakkjin*. Der brukte dei å vera um haustadn, kansi um våradn med.

Eit stykkjy lenger uppe heiter det *Sandåkerodden*. Det var ei flate der vegen til *Sangestølen* og *Fetjastøldalen* gikk. Når dei rodde, sette dei båtadn på Støbakka. Åne var ikkje so strøymd der, men derifrå vart det nokso strøymt, so det var slitasant å ro frå Støbakka og upp på Sandåkerodden.

Lenger nord var det to heimstøla. Det var *Eiriksslåtta* som hørde te *Underbergardo*, og *Breieslåtta* som hørde te *Breie*. So er det ein noko større stølsvoll som kallast *Storestølen*. Den høyrer visstnok te *Garde*. Lite lenger upp ligg ein liten støl som heiter *Sveidnstølen*. Men no era me kome te Hol.

Nord i *Sangeli'n* har eg hatt mykky moro, og mykky burtpå åse skulde me ha heim. Me måtte lauve, me slo stort uti myro, og i haugo nedafor toko me mòse. Det var mykky som skulde heim um vet'n. Det meste måtte me dra på skikjalkji. Det var moro når det var fint føre om vet'n å dra i li'n. Det gikk no tå se sjål ned lie, veit du. Det vilde no helst gå for fort, så måtte me

seta ein spening rundt eine kjålkebandet. Eg kjem i hug ei gong granne-
guten Tolleiv og eg skulde hente lauvkjerva. Ova *Dekkadn*, der det tek te bi
bratt, gikk det forskrekkeleg fort. Nedst i bakkjin velta eg lasset so kjålkjin
låg tvert over vegen med meio i veret. Ette kom han Tolleiv i ein for-
ferdeleg fart, og han ropte: «Or vegji!» Men kjålkjin med lasset mitt låg der,
og han fekk no kasta seg tå vegji, minder hadde det vore farleg å køyre inn i
lauvkjervo.

Etter Ola Perstølen
ved Einfrid Perstølen, Asker

BOKOMTALAR

BIBELSK NAMNEBOK

Dag Kjær Smemo: *Bibelsk navnebok. 1200 navn med bakgrunn i Bibelen.*
Det Norske Bibelselskap. Oslo 2002. 238 sider.

Etter tittelen inneheld denne boka 1200 namn med bakgrunn i Bibelen.
Kriteriet «bibelsk bakgrunn» er tolka svært romsleg. Avleidde namn som
ikkje står i Bibelen, er tekne med såframt grunnnamnet er bibelsk, t.d.
Augustin (av *Augustus*), *Julian* (av *Julius*) og *Justin* (av *Justus*) frå old-
kyrkja, og *Magdalon* (av *Magdalena*), *Penetta* (av *Per*) og *Saras* (av *Sara*)
frå norsk 1800-talstradisjon. Etterbibelske namn som svarar til eit allment
ord i Bibelen, har òg fått plass, t.d. *Benedictus*, *Kristian* og *Gloria*. Endeleg
finn vi anonyme personar som vismennene frå Austerland mellom bibelske
namneberarar, enda namna deira – *Kaspar*, *Melkior* og *Baltasar* – er ein
kyrkjeleg konstruksjon utan feste i Bibelen. Det same gjeld *Anna* for den
ukjende mor til jomfru Maria.

Som utgivaren understrekar, har Bibelen vori ei mektig kraft i norsk og
europeisk namngiving. Men det etterbibelske tilfanget i boka vitnar om at
kyrkjetradisjonen, med helgenkulten i sentrum, truleg har hatt enda meir å
seie. Trass i romme grenser har boka såleis ikkje med slitesterke allemanns-
namn som *Georg* (*Jørgen*), *Lars*, *Kristoffer*, *Katrine* (*Karen*, *Kari*), *Berit*
(*Berte*, *Brita*), *Mar(g)it* og *Helene* (*Ellen*, *Eli*). Dette er oldkyrkjelege
helgennamn som ikkje finst i Bibelen. Grappa ruver mest i kvinnenamna.
Namnet *Marte*, som boka sjølvsagt har, kjem både av helgennamnet
Margareta og bibelnamnet *Marta*, men grunnlaget for bruken er først og
fremst helgenkulten. Eit liknande tilfelle er *Nils*, der helgenen overskyggjer
personen i Bibelen.

Mannsnamn og kvinnenamn står alfabetisk kvar for seg. Artiklane gir
tyding, personomtale med tilvising til Bibelen, sekundær bruk av namnet

(*judaskyss* osv.) og variantar frå dei fleste europeiske språk. Variantane er òg sette alfabetisk med opplysning om språkleg bakgrunn og tilvising til hovudforma, t.d. «*Juha*, finsk variant av *Johannes*». Hovudformene er normerte etter siste bibelomsetjing (1978/1985). Dessutan har boka eldre bibelske former som finst i norsk namneskikk, t.d. *Eliseus* (no *Elisja*) og *Mikeas* (no *Mika*). For variantar frå andre språk er kriteriet at dei skal vera kjende i Noreg, utan at ein nødvendigvis kan prove heimleg bruk.

Mannsnamna *Annas*, *Saras* og *Saron* er feilaktig sette i kvinnelista. Elles har boka nokre alfabetiseringsfeil, og dessverre ei mengd trykkfeil som nokre stader fordreier namna med.

Namnet *Julia* finst i norske Bibel-omsetjingar frå 1900-talet, og da *Bibelsk navnebok* kom ut, framheva redaksjonen *Julia* som eit typisk bibelsk kvinnenamn. Men eldre omsetjingar har mannsnamnet *Julias* i staden (Romarbrevet 16,15). Skilnaden kjem av at den latinske bibelen (Vulgata) har akkusativforma *Juliam*, som svarar til både *Julia* og *Julias* i nominativ. Kyrkjetradisjonen har altså oppfatta personen som ein mann. Det inneber at Bibelen ikkje hadde noko *Julia* på den tid da bibelske namn verkeleg grodde fram her i landet. At Bibelen står veikare i namngivinga no, er fråværet av moderne former (*Elisja*, *Jesaja*, *Mika*) eit slående uttrykk for. Derfor har nok *Julia* andre røter, truleg både klassiske og moderne.

Dei *-a*-formene som finst her i landet (*Jeremia* ofl.), er kvinnenamn avleidde av mannsnamn på *-as* (*Jeremias* ofl.). Skiljet mellom norske kvinnenamn og hebraiserte mannsnamn på *-a* burde ha komi tydelegare fram.

Boka har signerte bidrag av Gunnar Johnstad og Ivar Utne. Johnstad skriv om namneformer i eldre norske omsetjingar. Han seier at «de hebraiske navneformene i GT ofte [var] gjengitt med former som var tilpasset gresk» (s. 185), og han bruker typen *Esaias*, *Jeremias* som døme. Dei greske namneformene i Det nye testamentet (NT) var derimot «konsekvent ... gjengitt med latinske former» (s.st.). Dette krev ein merknad.

Det er rett at *-s*-former av hebraiske namn oppstod i gresk (Septuaginta), men dei kom òg tidleg inn i latin og vart like regelfaste der. Når gresk og latin har ulike former, følgjer det norske gamletestamentet (GT) latinen. Endinga *-us* (*Darius*, *Cyrus* ofl.) er såleis reint latinsk. Gresk har *-os* (*Dareios*, *Kyros*), og denne forma er først brukt i 1930-omsetjinga. Genitivformene er latinske, t.d. *Cyri* og *Esaiæ*, viktige delar av lydverket likeså, t.d. *æ* for latinsk *ae* (mot gresk *ai*) og monoftong *o* i *Moses* som Vulgata (mot gresk *Moyses*). Forma *Maria* i GT (no *Mirjam*) kjem frå latin (gresk har *Mariam*). Det latinske grunnlaget som såleis pregar GT-delen av eldre norsk bibelmål, inneber at ein ikkje kan skilje mellom eit grekisert GT og eit latinisert NT. Latin rår i begge.

Johnstad nemner *Esaia* som latinsk formtype i norske NT-omsetjingar (s.st.). Det er feil (trykkfeil?). Omsetjinga til bokmål hoppa frå *Esaias* i 1930 til *Jesaja* i 1978 i begge testamenta. Forma *Esaia* finst ikkje i offisielt bibelmål, ei heller i Vulgata, som i tilfelle måtte vera forbildet. Interessant nok har nynorskbibelen *Jesaja*, *Jeremia* osv. alt i 1921. Johnstad kallar feilaktig *Peter* ei latinsk form (s. 186). Latin har *Petrus* (genitiv *Petri*).

Ivar Utne har tolv artiklar om former og bruk av utbreidde bibelnamn (s. 187–222), m.a. *Johannes*, *Maria* og *Paulus*. Utne legg hovudvekta på Noreg, men fortel òg mykje om namnebruk i andre land. Framstillinga er spekka av detaljar som det av og til er vanskeleg å sjå tråden i. Nokre formuleringar er neppe gjennomtenkte. Utne kallar såleis *Johanne* «variant» av *Johannes* (s. 199). Namn som kryssar kjønnsgrrensa, bør kallast avleiingar. *Kristian* var «kallenavn» opphavleg, seier Utne (s. 208). Nei, det var ei ordinær nemning. *Maria* er gresk og nytestamentleg form av *Mirjam*, står det (s. 213). Men i tillegg var *Maria* rådande latinsk form, og det er viktigaste støtet for utbreiinga i Vest-Europa. Utne talar om dei latinske «navnene» *Mattheus* og *Matthias* (s. 216). I røynda gjeld det latinske *former* av to gresk-hebraiske namn. Endeleg vil eg nemne at uttalen /jonn/ (kort *o*) er vanlegare på Austlandet enn Utne seier (s. 206).

Boka er vakker, innhaldsrik og tiltalende å bruke. Ho fyller godt plassen breiddmed *Navn i Bibelen* (1983) og *Ord i Bibelen* (1987). Men *Bibelsk navnebok* er for slapt redigert. Veilene bør rettast ved første høve. Emnet fortener det.

Kristoffer Kruken
kristoffer.kruken@inl.uio.no

STADNAMN FRÅ INN- OG UTLAND

Johan Hammond Rosbach: *Stedsnavn. Norske og utenlandske*. Pax Forlag A/S. Oslo 2002. 119 sider.

Stundom kan me støyta på i litteraturen forklaring på kjende geografiske namns opphav og tyding, men spreidd og tilfeldig. Mange veit t.d. at *Argentina* tyder 'sølvlandet' etter latin *argentum* 'sølv' og at *Amerika* har namn etter den italienske oppdagaren *Amerigo Vespucci*, men kva med *Canada* eller *California*? For ikkje å snakka om *Ahvenanmaa*, det finske namnet på *Åland*, eller fjellet *Kilimanjaro*? Ikkje så lett utan spesiallitteratur – til i dag. Den flittige filologen Johan Hammond Rosbach, som særleg er kjend for

dei etymologiske ordbøkene sine og arbeidet sitt for esperanto, har gjeve ut ei bok der han forklarar geografiske namn ein lett kan støyta på under lesing eller på reiser i inn- og utland.

Sidan det frå før finst spesiallitteratur om norske stadnamn, er behovet unekteleg størst for ei oppslagsbok om utanlandske namn, som her ligg føre for fyrste gong på norsk. Ei overflatisk teljing gjev om lag 2000 namneoppslag fordelte på ca. 70 sider utanlandske og snautt 40 sider norske. Utvalet av namn har forfattaren gjort etter beste skjøn. I farten fann eg ingen namn eg sakna i den utanlandske delen, men blant dei norske saknar eg *Ryfylke* (som rett nok er nemnt under *Rogaland*), *Nordsjøen* (havet ligg jo ikkje nord for Noreg!) og *Spitsbergen* (*Svalbard* er nemnt).

Dei fleste namna er forklarte etymologisk, t.d. «*Kilimanjaro* er sammensatt av swahili *kilima* 'berg' og *ndjaro* 'ond ånd'», men forfattaren er slett ikkje konsekvent. Bynamnet *Kirkwall* på Orknøyane seier han «... er det norrøne *Kirkjuvággr*», som lesarar utan kunnskap i norrønt knapt vil skjøna er norsk 'kyrkjevåg'. Manglande forklaring om språkleg opphav finn ein også under *Shetland*: «... norske vikinger som kalte øyene Hjaltland», utan at *Hjaltland* er nærare kommentert, og under *Ungarn* vert det berre vist til latin *Hungaria* og den ungarske namneforma. Kva namnet *Ungarn* tyder, får ikkje lesarane opplyst. *Reykjavík* er forklart med 'røkbukt' (!), knapt ei vellukka omsetjing for norske lesarar. Stundom legg forfattaren til nyttige historiske opplysningar, som under *Hawaii* og *Hebridane*. Under *Burkina Faso* burde forfattaren ha nemnt at landet tidlegare het *Øvre Volta* på norsk. Manglande opplysningar under namneoppslaga og vaklande konsekvens i oppføringsteknikken må likevel ikkje skyggja for alt det interessante stoffet forfattaren trass i alt legg fram om utanlandske namn. Eg for min del har i alle fall sakna ei bok av dette slaget, der eg på ein rask måte kan finna gode forklaringar på geografiske namn frå *Aachen* til *Århus*.

Behovet for ei oppslagsbok for norske namn er ikkje fullt så stort, sidan me alt frå før har *Norsk stadnamnleksikon* (NSL), som forfattaren i all hovudsak hentar stoffet frå. Litt påfallande er det at han i litteraturlista gjev opp den eldre utgåva frå 1976 og ikkje den reviderte frå 1997.

Alle som har prøvd å gje ut bøker med særeigne norrøne bokstavar, veit at ein ikkje kan stola på trykkjeriet. Også her har korrekturen sleppt gjennom feil i norrøne former, som «pilir» for *pilir* (folkenamnet i *Telemark*) og «peisti» for *peisti* (i Tistedal).

Forklaringane kan stundom kritisierast, både fagleg og metodisk. *Herefoss* er forklart med 'hegefoss', medan NSL trur at føreleddet har opphav i eit elvenamn skyldt *hegre*, og under Hermansverk seier forfattaren at staden har namn etter bakar Hermann Brun, men det forklarar eigentleg berre

føreleddet. Sæbø er forklart med 'sjøbo', kva no det måtte tyda. Ein namnegranskar vil ha ein del innvendingar av dette slaget, men boka er skriven for ålmenta, og for dei fleste lesarane vil korte oppføringar av typen «Tysnes etter guden Ty», og «Tuddal har kanskje sammenheng med tuft» vera opplysande nok. Forklaringane er enklare og dermed meir lesarvenlege enn i standardverket NSL. *Stedsnavn* er ei påkosta bok med fin innbinding og tydeleg trykk på skikkeleg papir. Biletet på framsida av eit fallande reklameskilt for eit hotell (i USA?) står i skrikande kontrast til emnet for boka. Det er ikkje lett å sjå kva dette har med stadnamn å gjera.

Olav Veka
veka@online.no

KRISTEN INNVERKNAD PÅ NORDISK NAMNGJEVING

Kristendommens indflydelse på nordisk navngivning. Rapport fra NORNAs 28. symposium i Skálholt 25.–28. maj 2000. Redigeret af Svavar Sigmundsson. With summaries in English. NORNA-förlaget. Uppsala 2002. 201 sider. (NORNA-rapporter 74.)

I 1990 vart det halde eit NORNA-symposium i Gilleleje i Danmark med tittelen *Sakrale navne* (NORNA-rapporter 48), og det var då ikkje så unaturleg å fylgja opp med eit symposium om kristen innverknad på nordisk namngjeving. Og eit meir høveleg tidspunkt og ein meir høveleg stad for eit slikt tema kunne ein ikkje finna. Symposiet vart halde i Skálholt på Island i år 2000, 1000 år etter at kristendomen vart innført i landet. No er rapporten frå symposiet utgjeven som nr. 74 i rekkja av NORNA-rapporter, framifrå redigert av Svavar Sigmundsson.

Rapporten inneheld 11 foredrag, tre frå vertslandet, to frå Danmark, eitt frå Sverige og heile fem frå Noreg – kanskje nordmennene ville minna om at Island i hovudsak vart busett frå Noreg. Dei fire fyrste tek for seg personnamn. *Guðrún Kvaran* drøfter kristen innverknad på islandske personnamn, medan *Gösta Holm* held seg til trusskifte og personnamnskikk i Norrland, *Ole-Jørgen Johannessen* ser på kristne namn i nordisk mellomalder, og *Anders Løøv* tek opp sørsamiske personnamn frå førkristen tid til notid. *Gunnstein Akselberg* har ei meir teoretisk vinkling på foredraget sitt om det «kristne» onomastikonet, der han særleg byggjer på stadnamn frå Voss. *Vidar Haslum* diskuterer kyrkje og prest, og *Jónína Hafsteinsdóttir* tek for seg ordlekken *kirkja* i stadnamn i Vestfjordane på Island. Danske kyrkjeynamn gjennom 1000 år er tema for foredraget til *Bent Jørgensen*. *Svavar Sigmundsson* drøfter stadnamn som er knytte til kyrkja sine tenarar på

Island. *Inge Særheim* tek for seg nemne for kristen kultur og tradisjon i sørvestnorske skjergardsnamn i ein artikkel som er illustrert med fleire fotografi. Danske klosternamn og i kor stor grad desse er overleverte, er emne for *Susanne Vogts* bidrag. Til slutt gjev *Mats Wahlberg* ei oppsummering.

Dei foredraga som vart framførte på Skálholt-symposiet og publiserte her, gjev eit godt inntrykk av den store innverknaden kristendom og kyrkje har hatt på namngjevinga i dei nordiske landa, både stadnamn og særleg personnamn. Det neste trustemaet som kunne eigna seg for eit symposium, kan samanfattast under det John Kousgård Sørensen har kalla «den lavere religion», eit emne han kom inn på i foredraget «Stednavne og folketro» på det nemnde symposiet om sakrale namn.

Botolv Helleland

botolv.helleland@inl.uio.no

EIVINDARMÁL – HEIDERSSKRIFT TIL EIVIND WEYHE

Eivindarmál. Heiðursrit til Eivind Weyhe á seksti ára degi hansara 25. apríl 2002. Ritstjórn: Arnfinnur Johansen, Zakaris Svabo Hansen, Jógvan í Lon Jacobsen og Malan Marnersdóttir. Føroya Fróðskaparfelag. Tórshavn 2002. 386 sider. (Annales Societatis Scientiarum Færoensis. Supplementum XXXII.)

For ti år sidan fekk me *Eyvindarbók*, festskriftet til Eyvind Fjeld Halvorsen, i år fekk me *Eivindarmál. Heiðursrit til Eivind Weyhe á seksti ára degi hansara 25. apríl 2002*, som ikkje tek seg mindre gildt ut. Dei fire i skriftnemnda, Arnfinnur Johansen (hovudredaktør), Zakaris S. Hansen, Jógvan í Lon Jacobsen og Malan Marnersdóttir har vore smálátne med di dei ikkje har ført seg opp på tittelbladet. Det har vorte ei fin bok med heile 39 artiklar, ordna alfabetisk etter forfattar. Kvar artikkel tek til på oddetalsside, og dei fleste, men ikkje alle, er skilde med eit blankt ark, og såleis vert det til saman ikkje så få tome sider.

Alle dei nordiske landa med unntak av Finland er representerte, dessutan ein frå Storbritannia. Forfattarene tek opp ulike språklege emne. Heile 20 av dei tek for seg stadnamn eller personnamn. Her skal nemnast dei norske tilskota på dette feltet. *Gunnstein Akselberg* skriv om det merkelege stadnamnet *Abenkrå* på Voss, uttala /aben'krao/ med trykk på etterleddet. Det er namn på eit lite søkk ved ein gammal ferdsleveg nord for Lønahorgi. Namnet representerer eit interessant tolkingsproblem som forfattaren drøfter frå ulike synsvinklar. Han konkluderer med at det må vera eit relativt ungt namn som kan vera ei forvansking, ei omtolking eller eit lån utanfrå. *Eli Ellingsve* drøfter stadnamnet *Vullen* og nærståande former av eit

gno. *vôðull* 'vadestad' som ser ut til å ha ei vestnordisk utbreiing. Medan nynorsk *val* er ordboksført, vantar ein eit **vaul* som skulle svara til gno. *vôðull*. Derimot kan forfattaren visa til appellativet *vodul* m. 'vading' i grunnmanuskriptet til Norsk Ordbok. Også artikkelen til *Inge Særheim* om norr. *hjalmr* m. 'korn- eller høystakk' og **hjalmgarðr* m. konsentrerer seg om ein avgrensa materialtype. Han tek for seg appellativisk ordtilfang og stadnamn som kan knytast til dei to ordformene i overskrifta og legg fram ei rekkje døme på korleis dette tilfanget kan gje opplysningar om agrare tilhøve i eldre tid. Han set òg færøyske stadnamn som *Hjálmaklettar* til denne krinsen. Elles merkar ein at denne forfattaren nyttar gjennomgåande *norr.* (norrønt) for det meir vanlege *gno.* (gammalnorsk), bortsett frå ved eit par tilvisingar til Norske Gaardnavne. *Tom Schmidt* tek eit heilt anna utgangspunkt med sin artikkel «Hitt føroyska studentafelagið og arbeidet for færøyske stedsnavn». Han gjer greie for korleis den færøyske studentforeininga i København i 1924 aktivt engasjerte seg i striden for eit meir færøysk namneverk ved å senda eit brev til Stednavneudvalget med ei rekkje velgrunna synspunkt. Det var naturlegvis ikkje uviktig at brevet var underskrive av kjende personar som Jørgen Frantz Jacobsen og Chr. Matras. Diskusjonen vart ført vidare, og etter kvart skulle det visa seg at Færøyane fekk eit langt på veg sjølvstendig namneverk.

Gulbrand Alhaug og *Gudlaug Nedrelid* har stått for dei to norske innslaga om personnamn. *Alhaug* har den mykjeseiande overskrifta «*Atlanta* og *Nordstjerna* – namn på barn fødd på havet». Også dette arbeidet er grunngeve med ei kopling til jubilaranten, omgjeven av hav på alle kantar som han er. Med grunnlag i materiale frå folketeljinga i 1900, supplert med tilfang frå teljingar på 1800-talet, kan forfattaren presentera ei rekkje «havrelaterte namn» som *Atlanta*, *Indiane*, *Nordstjerna*, *Osian*. Det vert likevel konkludert med at dei aller fleste namna på born fødde på havet, fylgjer den vanlege oppkallingsskikken. *Nedrelid* er representert med artikkelen «Kvinnors tilnamn som samfunnsspegel i *Heimskringla*» (som etter det forfattaren opplyser er ein del av ei prøvoførelsing for dr.philos-graden ved Universitetet i Bergen). Det aktuelle materialet utgjer 43 namn og er sortert etter fire eigenskapskategoriar: 1) lekamlege og åndelege eigenskapar, 2) bustad/heimstad, 3) familietilhøve, 4) stilling/yrke. Konklusjonen er likevel at det spinkle materialet ikkje kan spegla det norrøne samfunnet, sjølv om dei namna som finst, kan fortelja ein heil del om namneberarane og deira bakgrunn.

Lat det til slutt vera nemnt at Helge Sandøy har teke for seg eit lyd-historisk emne i artikkelen «Avrunding i færøysk, islandsk og norsk», der

han konkluderer med at det ikkje kan finnast éi fonologisk forklaring på avrundingane i dei tre språka.

Botolv Helleland
botolv.helleland@inl.uio.no

VENNESKRIFT TIL GULBRAND ALHAUG

Venneskrift til Gulbrand Alhaug. Redigert av Tove Bull, Endre Mørck og Toril Swan. Det humanistiske fakultetet, Universitetet i Tromsø 2002. 249 sider.

I forordet sitt skriv redaktørane at dei har ønskt å gje Gulbrand Alhaug eit upretensiøst venneskrift til 60-årsdagen, og at dei difor stilte bidragsytarane fritt i høve til om dei ville gjera noko fagleg eller ikkje-fagleg. Fordi talet på dei som ville bidra blei større enn det redaktørane på førehand hadde rekna med, måtte artikkellengda avgrensast strengt. Resultatet har blitt ei samling av 55 små artiklar. Både artikkelformatet (gjennomsnittleg 3–4 sider lange artiklar) og vekslinga mellom faglege bidrag og meir personlege helsingar gjer at dette må ha vore ei hyggeleg gåve til jubilanten, samstundes som mange av bidraga sjølv sagt også er av fagleg interesse for andre lesarar.

Sidan jubilanten sjølv er namnegranskar, er det kanskje ikkje så overraskande at flesteparten av artiklane i venneskriftet også har namn som emne. Det mest slående med artikkelsamlinga er mangfaldet i tilnærmingar til feltet. Det er personnamnartiklane som dominerer – i alt 23 av bidraga dreier seg om personnamn, medan åtte tek for seg stadnamn og to tek opp namn eller namnegransking meir generelt. I tillegg inneheld festskriftet også 20 artiklar som tek opp andre emne enn namn. Desse andre bidraga kjem ikkje til å bli kommenterte nærare i denne samanhengen.

Av dei reine stadnamnartiklane er det ein som drøftar det germanske verbet **alan* og stadnamn som kan knytast til det (Andersson), det er to tolkingar av einskildnamn (Liland, Strandberg), ein som tek for seg dyrenemne i innsjønamn (Torp), ein som gjeld personnamn i samiske stadnamn (Helander), ein som tek opp stadnamn som lokalhistorisk kjelde, nærare bestemt i form av eit oppkallingsnamn frå misjonsmarka (Aune), og ein artikkel som tek opp namnenormering med utgangspunkt i namnet på eit fjellområde (Ellingsve).

Fire av artiklane konsentrerer seg om ulike aspekt ved etternamn- og slektsnamnskikkar (Brylla, Karikoski, Valtavuo-Pfeifer, Veka), og fleire av

desse tek opp interessante problemstillingar som knyter seg til namn i fleirspråklege miljø. I tillegg er det 16 artiklar som primært gjeld fornamn, anten i synkront eller diakront perspektiv. Artiklane spenner vidt med omsyn på tema, frå lokale oppkallingstradisjonar med utgangspunkt i bidragsytaren sin eigen familie (Pedersen), namn i det fleirkulturelle samfunnet (Lif, Utne), skriftspråkleg normering av namnet *Håkon* (Jahr), til bruken av personnamna *Ivan* og *Marja* i russisk (Aljoksjina) og ei samling «rare» eller avstikkande personnamn (Egeberg).

Tre av personnamnartiklane tek utgangspunkt i eldre kjeldemateriale; ein av desse drøftar namn på nokre runeristarar frå Nidaros (Hagland), ein ser på kva norrøne kvinnenamn fortel om synet på kvinner i den norrøne kulturen (Mundal), og ein gjeld mannsnamn frå Vestfold og Hedmark i 1400-talskjelder (Mørck). I tillegg er det mellom personnamnartiklane ein som tek for seg tilhøvet mellom variantane *Gulbrand* og *Gudbrand* av gno. *Guðbrandr* (T. Schmidt), ein som gjeld *Albruna* hos Tacitus og tilhøvet til det samgermanske ordet **rúnó* (Peterson), ein som gjeld etymologien til namnet *Mirjam* (Kruken), ein som gjeld tilhøvet mellom personnamn og kjælenamn i islandsk (Kvaran), ein som ser på helgennamn på Island (Sigmundsson) og ein artikkel som tek opp namna til nonnene i karmelittarklosteret i Tromsø (Reisæter). Viktig er også artikkelen om personnamn og identitet (Brennen), fordi han understrekar korleis namnemateriale innbyr til tverrvitskaplege granskingsprosjekt.

Så mange som fire av artiklane har litterær onomastikk som emne, om enn med svært ulike fokus. Ein av desse gjeld namn som kjelde til kunnskap om Ibsen sin forfattarskap – kva han sjølv kan ha lese og kven han har nytta som førebilete for karakterane sine (Bakken), ein gjeld bruken av slektsnamnet *Ruben* i Hamsuns *Siste Kapitel* (M. Schmidt), ein tek opp ordval og namnebruk i Garborgs *Fred* (Særheim) og ein drøftar bruken av stadnamn i lyrikken (Wærp). Til saman illustrerer desse artiklane at også dette er eit felt som innbyr til mange ulike tilnærmingar, sjølv om den litterære onomastikken tradisjonelt ikkje har hatt nokon særleg stor plass innanfor den norske namnegranskingstradisjonen.

Formatet denne bokmeldinga er skriven innanfor, gjer det ikkje mogleg å kommentera einskildartiklane nærare. Generelt er det likevel kanskje rett å seia at dei aller mest lesverdige artiklane i denne samlinga er dei der emnet for artikkelen er sterkt nok avgrensa til at det kan stå til dei 3–4 små sidene som utgjer rammene for bidraga.

Åse Wetås
ase.wetas@inl.uio.no

AVHANDLING OM NAVNELEDDET *BÓLSTAÐR*

Peder Gammeltoft: *The place-name element bólstaðr in the North Atlantic area*. Med dansk resumé. C.A. Reitzels Forlag A/S. Copenhagen 2001. 349 sider. (Navnestudier udgivet af Institut for Navneforskning. Nr 38.)

Peder Gammeltofts doktoravhandling om navn på *bólstaðr* fra 1999 (Århus) ble utgitt i 2001. Her drøftes til sammen 461 navn som inneholder – eller synes å kunne inneholde – dette navneleddet eller det tilsvarende østnordiske *-bólstather*. Boka har ni kapitler fulgt av to vedlegg (seine, analogiske navnelaginger og avviste tolkninger), et dansk sammendrag, en bibliografi, en liste over kilder og andre forkortelser, og endelig et navnerregister.

I kap. 1 drøftes teori og metode, og ikke minst gir forfatteren en fyldig bakgrunn for forståelsen av den norske bosetningen på Vesterhavsøyene. I kap. 2 drøftes etymologien til norrønt *ból* n. og *staðr* m., og til det sammensatte appellativet, og her undersøkes også bruken av *bólstaðr* i middelalderkildene. Mens denne i all hovedsak synes å være ‘gård (bygninger og eien- dom)’, ganske generelt, mener forfatteren *navneleddet* betegnet ‘gårdpart, utskilt del av eldre gård’.

I kap. 3–5 presenteres *bólstaðr*-navnene i Norge, Skottland og Island/Færøyene. Hvert kapittel innledes av en geografisk beskrivelse, en oversikt over distribusjonen av etterleddet, et blick på tidligere forskning og de ulike uttalevariantene. I kap. 6 foretas en «topografisk studie», der bosetningene klassifiseres som enten primære, sekundære eller perifere ifølge et gitt sett karakteristikk (s. 178 f.). For denne undersøkelsen har forfatteren valgt kjerneområdene for *bólstaðr*-navn: Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Shetlandsøyene, som antas å kunne danne et solid grunnlag for å oppnå hovedmålet med boka, å se eventuell utvikling eller endring i bruken av *bólstaðr* (s. 190). Han legger fram en dypundersøkelse av to gårder i Møre og Romsdal og tre på Shetland, og resultatene av hele analysen presenteres i informative tabeller. På grunnlag av disse slutter forfatteren at navneleddet har hatt samme bruk og betydning i begge de to områdene; *bólstaðr* denoterte begge steder gårder som var resultatet av en oppdeling av den tilgjengelige jorda på en primærbosetning (s. 214).

Kapittel 7 inneholder en syntaktisk-semantisk klassifisering av hele materialet av sammensatte navn (98 norske og 201 tolkbare skotske navn), inspirert av Kurt Zilliacus’ undersøkelse *Ortnamnen i Houtskär* fra 1966, men forsiktig tilpasset vikingtidsmaterialet. Undersøkelsen viser omfattende

forskjeller mellom det norske og det skotske materialet, men en viktig årsak til forskjellen er overrepresentasjonen av (det utelukkende norske) **Miklabólstaðr* (47 navn). Den viktigste grunnen til ulikhetene mellom Norge og Skottland er likevel forskjellen i bosetningsmøster. I motsetning til i Norge utgjorde *bólstaðr*-gårdene i de norske bosetningene i Skottland en viktig bosetningstype i en hektisk nybyggerfase (s. 245).

De svenske (og finlandssvenske) navnene på *-bolstaper* gjennomgås forholdsvis kursorisk i kapittel 8, men forfatteren understreker både den høye alderen og den lange produktive perioden, og han mener betydningen i middelalderen her må ha vært om lag som i Vest-Norden.

I det avsluttende kapittel 9 konsentrerer forfatteren seg igjen om de norske og spesielt de skotske navnene. Ikke mindre enn 83 av de skotske navnene som man hittil har antatt inneholder *bólstaðr*, har i virkeligheten annet opphav (f.eks. norrønt *ból*, *pollr*, *staðir*, *setr*, eller gælisk *poll* m., «a pit, a pond» ('fordypning, putt?'). På den annen side peker forfatteren på en rekke navn som til nå har vært oversett, og han hevder at det totale antall navn kommer opp i 422. Den grundige undersøkelsen av navnene i *Scotia Scandinavica* viser at *bólstaðr* ikke – slik tidligere antatt – betød 'gård i alminnelighet', men både i koloniene og i hjemlandet mer presist ble brukt om en sekundær bosetning, 'en part av en oppdelt gård'.

Peder Gammeltoft har gitt oss en viktig bok om en neglisjert gruppe navn og et emne som – med et par hederlige unntak – lenge har vært forbigått av norske forskere: de norske (og øvrige nordiske) navn i vikingtidens nordiske kolonier. Mine få kritiske bemerkninger gjelder først og fremst presentasjonen og – i noen grad – diskusjonen av de norske navnene. Men jeg er heller ikke helt tilfreds med beskrivelsen av enkelte av lydskrifttegnene (s. 9–11), se f.eks. tegnene *o*, *hl*, tjukk *l* og *ǰ*.

Boka har – så vidt jeg kan se – få skrivefeil, men enkelte norske inndelingsnavn har fått en hardhendt behandling: «Tromsø Amt» s. 50, 52, «Møre og Romsdals fylke» *passim*, «Sunylven» s. 53, «Efeløt» s. 55, «Onaheim» s. 58, «Kvinherad» s. 59, «Søyde» s. 60 og «Ås» s. 70 for *Å*. Det skulle ellers være unødvendig å minne om at O. Ryghs fornavn ikke var «Olaf» (bl.a. s. 331 og 333, men *Oluf* på s. 338). Ordningen av navnene etter sokn i stedet for herred (eller kommune) – og særlig den strengt alfabetiske rekkefølgen – kan stundom virke uheldig. Spesielt gjelder dette oppstillingen av de 47 **Miklabólstaðr*, der en topografisk rekkefølge, som i NG, bl.a. ville ha understreket de systematiske variasjonene i den nåværende dialektuttalen av navnene.

Disse kritiske bemerkningene overskygger likevel ikke mitt hovedinntrykk: Med denne boka har Peder Gammeltoft gitt et vesentlig bidrag

ikke bare til nordisk og nordeuropeisk onomastikk, men også til den generelle forståelsen av migrasjonen og bosetningen i dette området i vikingtida.

Tom Schmidt
tom.schmidt@inl.uio.no

INNSJØNAMN I TELEMAR

Kjell Venås: *Norske innsjønamn IV. Telemark fylke*. Novus forlag. Oslo 2002. 480 sider.

Den flittige språkgranskaren Kjell Venås har no kome med det andre store verket sitt om innsjønamn. Det tek for seg Telemark og er band 4 i serien *Norske innsjønamn*. Den førre boka til Venås hadde innsjønamna i Hedmark til emne. Med dei to fyrste banda til Gustav Indrebø frå 1924 og 1933 er no innsjønamna i Oppland, Buskerud, Hedmark og Telemark utgjevne.

Boka om innsjønamn i Telemark er i hovudsak skipa slik som dei førre bøkene i serien med di dei einskilde namna er drøfte i alfabetisk rekkjefylgje. Boka opnar med ei fyldig innleiing om arbeidsmåten, fylgd av ei drøfting av bunden eller ubunden form i innsjønamna, der kommunane Fyresdal, Tinn og Siljan vert handsama særskilt. Telemark skil seg markert frå t.d. Hedmark ved at etter måten mange namn førekjem i ubunden form. Deretter kjem eit stykke om grunnord i innsjønamn. Her seier Venås at nemninga *grunnord* er mindre nytta enn i *Norske innsjønamn III*, m.a. av di det har kome kritiske merknader til henne. Han gjev så att nokre hovudpunkt av diskusjonen i tilknytning til termen. Så kjem ein bolk om jamføring, avstyting, utviding og syntagme brukte som innsjønamn. Før den alfabetiske hovudbolken har forfattaren ordna tilfanget kommunevis, og då slik at det fyrst vert sagt litt om topografien i kommunen, og så vert innsjønamna rekna opp gruppevis etter lagingsstype. Den alfabetiske hovuddelen med oppslagsform, uttale, skriftformer, realopplysningar og forklaringar tel om lag 380 sider. Han vert fylgd av eit oversyn over personnamn som førelekk i innsjønamn. Medan det i Hedmark vart funne så godt som ingen av slike namn, er dei godt representerte i Telemark. Deretter kjem eit kapittel med tittelen «Nokre tydingsmønster» der ein god del av namna vert ordna i semantiske grupper som natur og landslag, dyreliv, arbeidsliv, tru- og folkeliv, hendingar og personar. Etter eit oversyn over nytta litteratur får me

opplyst namna på om lag 120 heimelsfolk. I innleiinga vert desse heidra for den godviljen dei har vist andsynes forfattaren.

Grunnlaget for materialet er i hovudsak innsjønamn som er komne med på kartserien N50 (Noreg 1:50 000). Alle namna og namnelekkene som er omtala, er sette med halvfeit skrift, som i band 3 – personleg ville eg helst hatt kursiv her. Dersom same namnet førekjem meir enn éin gong, vert det markert med romartal utan at namnet vert teke oppatt, berre uttalen og andre opplysningar er med. Stort sett er det nytta same oppslagsform som på kartet, men stundom er namnet normert annleis av di uttalen tilseier det, og stundom er ei eldre form frå rektangel- eller gradteigskartet lagd til grunn. Når det er aktuelt for Statens kartverk å revidera karta, vil oppføringane og uttaleopplysningane i boka vera til stor hjelp. Uttalen er attgjeven i Storms Norvegia-lydskrift og står i kursiv.

Det er eit svært tilfang forfattaren har gjeve seg i kast med, på same måte som i Hedmarks-bandet. Her er lagt fram mykje av realopplysningar og uttaleopplysningar. Namnekommentarane synest stort sett rimelege, men her er òg namn som det treng arbeidast vidare med, t.d. *Møsvatn* og *Mår. Tokke* og *Totak* er det naturleg å drøfta i samanheng, og det er til dels gjort, men dei to namna er òg kommenterte under kvar sine hovudoppslag, og det har ført til noko oppattak. Best ville vel ha vore å visa *Totak* til ei samla drøfting under oppslaget *Tokke*. Elles er det ikkje her rom til å gå nærare inn på einskildnamn.

Det er ei stor og fin bok som ligg føre, prenta på godt papir og med solid innbinding. At formatet skil seg frå den førre, har visst med kostnaden å gjera. Det er berre å ynskja Kjell Venås til lukke med dette store arbeidet, og det vil heilt sikkert verka som ei utmaning til fagmiljøet når det gjeld systematiske studiar av norske naturnamn.

Botolv Helleland
botolv.helleland@inl.uio.no

HALLING OG RØROSING

Ola Stemshaug: *Norske innbyggjarnemningar i overført tyding*. Tapir Akademisk Forlag. Trondheim 2002. 139 sider.

At *halling* i tillegg til 'person frå Hallingdal' kan referere til ein dans, veit du nok, men at *rørosing* kan tyde 'koparmynt' i tillegg til 'person frå

Røros', var du kanskje ikkje klar over. Det er slike innbyggarnemningar i overført tyding som Ola Stemshaug tek for seg i den siste boka si. På grunnlag av bl.a. utsendte spørjelister og omfattande ekserpering frå ord-samlingar og ordbøker kan Stemshaug stille opp ei alfabetisk liste over ca. 230 innbyggarnemningar i overført tyding. Og somme av desse orda kan ha fleire tilleggstydingar. Dette gjeld t.d. *surndaling* som Stemshaug har registrert fem tilleggstydingar til, bl.a. 'mager laks (vinterstøing)', 'knote på hyssing eller tau' og 'liten, spissa trepinne'. Det er nok denne alfabetiske lista (s. 19–46) som har mest appell til folk flest, mens sjølve analysedelen (s. 47–79) har mest interesse for fagfolka. I denne analysedelen er materialet inndelt i mange semantiske grupper. Dei fyrste – og største tydingsgruppene – gjeld personar, dyr, fiskar, fuglar, insekt og planter. Deretter tek han for seg meir spesielle semantiske grupper, t.d. «Slåttar og dansar», «Kaffikorn», «Seigmenn og anna slikkeri» og «Klump (t.d. i graut eller hals)». Døme på dei to siste gruppene er *tresfjording* og *stjørdaling*. (Tettstaden *Stjørdalshalsen* har nok her gjort sitt til at nettopp *stjørdaling* kan tyde 'klump i halsen'.)

Ein interessant observasjon er at innbyggarnemningar i overført tyding er særlig mye brukt nordafjells, og i denne samanhengen peiker Stemshaug på parallellar med annan språklig kreativitet nordpå, t.d. den store namnerikdommen (særlig i fornamn) i Nord-Noreg. Innbyggarnemningane i overført tyding har ofte ein humoristisk snert, t.d. *hølonning* (jf. bygda Hølonnda) som i Sør-Trøndelag er brukt om dårlig innsikta langpasningar i fotball. Dette ordet er altså mynta på fotballspelarar med dårlig teknikk. Dømet *hølonning* viser at det framleis oppstår tilleggstydingar til innbyggarnemningar, men generelt meiner Stemshaug at denne kreative språkbruken vil minke i det moderne storsamfunnet. Og det er nok rett at slike tilleggstydingar fyrst og fremst kjem til sin rett i mindre lokalsamfunn – gjerne med ein brodd mot nabobygda. Til slutt i boka har Stemshaug ein ekskurs om innbyggarnemningar brukt som propria. Ei sentral rolle i denne samanhengen spelar båtnamna, t.d. *Namdalingen*, og namn på aviser og blad, t.d. *Tinndølen*.

Det er på mange måtar ei interessant og engasjerande bok Ola Stemshaug har skrivi, og ho gir noko til både lek og lærd. Vi har her fått eit viktig tilskott til norsk namnegransking og – i eit vidare perspektiv – til norsk kulturhistorie.

Gulbrand Alhaug
gulbrand.alhaug@hum.uit.no

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 2001

Namnebibliografien byggjer på litteraturopplysningar som redaksjonen sit inne med, og gjer ikkje krav på å vera fullstendig. Titlar som ikkje er komne med, kan takast med i bibliografien til neste år.

Klaus Johan Myrvoll

- Akselberg, Gunnstein: Voss. I: *Hordaland* 11.6.
- Akselberg, Gunnstein: Hangur. I: *Hordaland* 14.7.
- Akselberg, Gunnstein: Palmafossen. I: *Hordaland* 18.7.
- Akselberg, Gunnstein: Geitle. I: *Hordaland* 21.7.
- Akselberg, Gunnstein: Nyre. I: *Hordaland*. 25.7.

- Akselberg, Gunnstein: Bobrui. I: *Hordaland* 28.7.
- Akselberg, Gunnstein: Volli. I: *Hordaland* 28.7.
- Akselberg, Gunnstein: Taulen. I: *Hordaland* 4.8.
- Akselberg, Gunnstein: Kvitli. I: *Hordaland* 7.8.
- Akselberg, Gunnstein: Dyrvedalen. I: *Hordaland* 9.8.
- Akselberg, Gunnstein: Bulken. I: *Hordaland* 9.8.
- Akselberg, Gunnstein: Gjernes. I: *Hordaland* 11.8.
- Akselberg, Gunnstein: Brislingabroki. I: *Hordaland* 11.8.
- Akselberg, Gunnstein: Afdal. I: *Hordaland* 14.8.
- Akselberg, Gunnstein: Tyrlingen. I: *Hordaland* 16.8.
- Akselberg, Gunnstein: Gjelle og Tillung. I: *Hordaland* 16.8.
- Akselberg, Gunnstein: Rastalii og Rastakleivi. I: *Hordaland* 18.8.
- Akselberg, Gunnstein: Potten. I: *Hordaland* 21.8.
- Akselberg, Gunnstein: *På Bømoen, men i Skulestadmoen?* I: *Hordaland* 1.9.
- Akselberg, Gunnstein: Gossland. I: *Hordaland* 6.9.
- Akselberg, Gunnstein: Tintro og Tintrabakken. I: *Hordaland* 18.9.
- Akselberg, Gunnstein: Trylingen – eit problem. I: *Hordaland* 22.9.
- Akselberg, Gunnstein: Namnetolking. I: *Hordaland* 9.10.
- Akselberg, Gunnstein: Hommedal. I: *Hordaland* 3.11.
- Akselberg, Gunnstein: Feil om Moldbakken og vegen til Strondi? I: *Hordaland* 10.11.
- Akselberg, Gunnstein: Skrivemåten av stadnamn. I: *Hordaland* 13.11.
- Akselberg, Gunnstein: Abenkrå. I: *Hordaland* 13.12.
- Akselberg, Gunnstein: Meir om Abenkrå. I: *Hordaland* 22.12.
- Akselberg, Gunnstein: Grauo – eit løyndomsfullt namn. I: *God Jol*, vedlegg til avisa *Hordaland* 22.12.
- Akselberg, Gunnstein: Vert namnelova betre? I: *Nytt om namn* 33, s. 3–4.
- Akselberg, Gunnstein: Samarbeidsprosjekt innom namnegranskinga. I: *Nytt om namn* 34, s. 3–4.
- Akselberg, Gunnstein og Åse Kari Hansen Wagner: Nordisk namnforskning 2000: Litteraturkrönika: Norge. I: *Namn och bygd* 89, s. 127–136.
- Alhaug, Gulbrand: Framlegg til ny personnamnlov. I: *Nytt om namn* 33, s. 8–12.
- Alhaug, Gulbrand: Automatisk namneattkjennar. I: *Nytt om namn* 33, s. 28–29.
- Alhaug, Gulbrand: [Melding av] Michael Wolffsohn og Thomas Brechenmacher: *Die Deutschen und ihre Vornamen. 200 Jahre Politik und öffentliche Meinung*. I: *Nytt om namn* 33, s. 47–49.
- Alhaug, Gulbrand: [Melding av] Hilde Merete Vistnes: *Vi pynter oss med*

- navn. *En studie i personnavnendringer i Ofoten i vår tid med vekt på mønstre, motiver – og identitet*. Hovudoppgåve. Norges teknisk-naturvitenskaplige universitet, Trondheim. Våren 2000. 132 sider. I: *Nytt om namn* 33, s. 54–56.
- Alhaug, Gulbrand: [Melding av] Bente Ramsvik: *Navn i 100 år. En studie av fornavnsskikken i Harstad på 1900-tallet*. Hovudoppgåve i nordisk. Hausten 2000. Universitetet i Tromsø. 389 sider. I: *Nytt om namn* 34, s. 48–50.
- Alhaug, Gulbrand: [Melding av] Olav Veka: *Norsk etternamnleksikon. Norske slektsnamn – utbreiing, tyding og opphav*. I: *Norsklæraren* 2/2001, s. 54–56.
- Alhaug, Gulbrand og Tuula Eskeland: Kva for stadnamn bruker russarane på Svalbard? I: *Nytt om namn* 34, s. 36–40.
- Aune, Kolbjørn: Kulturlandskap og namneskifte. To holmar i Hemnfjorden. I: *Årbok for Fosen*, s. 57–60.
- Aune, Kolbjørn: Spjøto, Spjøtvollan og Spjøtet. Kva tyder Spjøt- i stadnamn? I: *Årbok for Fosen*, s. 117–122.
- Aune, Kolbjørn: Svalgraset og Gullgraset. I: *Nytt om namn* 34, s. 34–35.
- Bakken, Kristin: Fokk og fjødd – om utviklingen av gammelnorsk *l* i Vest-Telemark. I: *Maal og Minne*, s. 183–209.
- Bakken, Kristin: Fonologisk endring i personnavn og dialekt. En komparativ analyse av materiale fra Fyresdal i Telemark. I: *Namn i en föränderlig värld. Rapport från den tolfte nordiska namnforskarkongressen, Tavastehus 13–17 juni 1998*. Red. av Gunilla Harling-Kranck. (Studier i nordisk filologi 78.) Helsingfors, s. 20–35.
- Bakken, Kristin: Patterns of restitution of sound change. I: *Actualization. Linguistic Change in Progress*. Edited by Henning Andersen. Amsterdam/Philadelphia, s. 59–78.
- Bakken, Kristin: Hvilke personnavn har Oslo-folk brukt i de siste tusen år? I: *Byminner* 1/2001 (utgjeve av Oslo bymuseum), s. 14–25.
- Bjordal, Øyvind Nagell: Husdyrnamn i skifte frå 1700- og 1800-talet. I: *Nytt om namn* 34, s. 25–30.
- Bondevik, Jarle: [Melding av] Kåre Hoel: *Bustadnamn i Østfold. 2 Skiptvet*. Utgj. av Avdeling for navnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo, ved Margit Harsson. Oslo 1997. 3 *Våler*, ved Tom Schmidt. Oslo 1999. I: *Namn og Nemne* 18, s. 123–125.
- Briså, Benedicte Gamborg: Gårdsgrensene og den geometriske metode som bosetningshistorisk hjelpemiddel. Hva er gjort og hvor står vi? I: *Heimen* 38, s. 15–33.

- Brylla, Eva: [Melding av] Olav Veka: *Norsk etternamnleksikon. Norske slektsnamn – utbreiing, tyding og opphav*. 501 s. Oslo: Det Norske Samlaget 2000. I: *Namn och bygd* 89, s. 214–215.
- Dalen, Arnold: Gardsnamna i Midt-Skogna. I: *Skogn historie* 9a. Midt-Skogn. Red. av Ivar Berre. Skogn, s. 19–27.
- Entzenberg, Sonja: [Melding av] *Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000. Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 11.–12. mai 2000*. Redigert av Kristin Bakken & Åse Wetås. 226 s. Oslo: Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo, 2000. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 19, s. 126–128.
- Eskeland, Tuula: Stedsnavn og kulturhistorie. (Prøveforelesning til dr.art.-graden over oppgitt emne 5. mai 1995.) I: *Namn og Nemne* 18, s. 65–78.
- Eskeland, Tuula: Lyyli Kokkonens navnemateriale fra Finnskogene i Norge. I: *Namn i en föränderlig värld. Rapport från den tolfte nordiska namnforskarkongressen, Tavastehus 13–17 juni 1998*. Red. av Gunilla Harling-Kranck. (Studier i nordisk filologi 78.) Helsingfors, s. 62–70.
- Espelund, Arne: Jernvinna, terminologi og stadnamn. I: *Nytt om namn* 33, s. 35–38.
- Fellows-Jensen, Gillian: [Melding av] *Utanlandske namn i Norden. Rapport frå NORNAs tjuesjette symposium i Oslo 28.–30. mai 1997*. Utgjeven i samarbeid med Nordisk språkråd. Redigert av Botolv Helleland & Leif Nilsson. Uppsala 1999. (NORNA-rapporter 68.) I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 19, s. 157–161.
- Gjerdåker, Johannes: Stølsnamn. I: (d.s.): *Stølar i vossaffjell*. Voss bygdeboknemnd, s. 20–22.
- Gotås, Thor: Oppnavn. I: d.s.: *På loffen. Landstrykere og vagabonder langs norske landeveier*. Oslo, s. 84–87.
- Grønvik, Ottar: Navnet Oslo. I: *Maal og Minne*, s. 17–22.
- Hallaråker, Peter: *Offisielle stadnamn i Møre og Romsdal. Inndelingsnamn og kommunikasjonsnamn med vekt på veg- og gatenamn*. 2. utgåva. Volda. 400 sider.
- Hallaråker, Peter: Names and triple identity among the Norwegian Americans as reflected in family and place names. I: *Global EuroLinguistics. European Languages in North America – Migration, Maintenance and Death*. Red. av P. Sture Ureland. Tübingen, s. 231–241.
- Hallaråker, Peter: Stadnamnarkivet for Møre og Romsdal. I: *Nytt om namn* 33, s. 32–35.
- Hallaråker, Peter: Veg- og gatenamn i Ørsta – kultur- og personminne. I: *Møre-Nytt* 28.12.

- Hansen, Åse Kari: Analyse av stedsnavn i gammelt språkkontaktområde. En metodediskusjon. I: *Namn i en föränderlig värld. Rapport från den tolfte nordiska namnforskarkongressen, Tavastehus 13–17 juni 1998*. Red. av Gunilla Harling-Kranck. (Studier i nordisk filologi 78.) Helsingfors, s. 80–94.
- Harildstad, Gudmund: Garborg og Labråten – mål og namn. I: *Nytt om namn* 33, s. 40–41.
- Harsson, Margit (utgj.): Hoel, Kåre: *Bustadnavn i Østfold. 4. Spydeberg*. Utgitt av Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo. Oslo. 311 sider.
- Harsson, Margit: Om *Stikle-* og *Stiklestad*. I: *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2000*. Redigert av Kristoffer Kruken. Universitetet i Oslo. Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap. Oslo, s. 23–34.
- Harsson, Margit: Namn i møtet mellom land og vatn. [Melding av:] Per Hultqvist: *Stränder och namn. Ortnamnsmiljöer och ortnamn vid Dalslands Vänerkust*. Göteborg 2001. I: *Dugnad 3-4/2001* (tidsskrift for etnologi).
- Haslum, Vidar: Stedsnavn fra Heibø. Skåtøy herred, Kragerø, Telemark. *Prøver av stedsnavn fra Levangsheia*. 9. hefte. 28 sider. Bergen.
- Haslum, Vidar: Stedsnavn fra Ørvik. Skåtøy herred, Kragerø, Telemark. *Prøver av stedsnavn fra Levangsheia*. 10. hefte. 24 sider. Bergen.
- Haslum, Vidar: Stedsnavn fra Stabbestad. Skåtøy herred, Kragerø, Telemark. *Prøver av stedsnavn fra Levangsheia*. 11. hefte. 16 sider. Bergen.
- Haslum, Vidar. 2001. Stedsnavn fra Myra. Skåtøy herred, Kragerø, Telemark. *Prøver av stedsnavn fra Levangsheia*. 12. hefte. 28 sider. Bergen.
- Haslum, Vidar: Den nest beste informanten. En stedsnavninnsamlers erfaring. I: *Nytt om namn* 34, s. 30–32.
- Haslum, Vidar: [Melding av] Torbjørn Låg: *Agders historie 800-1350*. Kristiansand 1999. I: *Nytt om namn* 33, s. 50.
- Haslum, Vidar: Stedsnavnene i Jondalen – 50 år etter. [Melding av] Audhild M. Tho: *Stedsnavnene i Jondalen – 50 år etter*. Hovedoppgave. Universitetet i Oslo. Våren 1999. 159 sider. I: *Nytt om namn* 33, s. 53–54.
- Haugen, Morten: Veinavn i Ørland. Andre del. I: *Årbok for Fosen*, s. 33–56.
- Helander, Kaisa Rautio: Samiske og norske kommunenavn i Norge – dobbeltnavn eller tospråklige navn? I: *Namn i en föränderlig värld. Rapport från den tolfte nordiska namnforskarkongressen, Tavastehus 13–17 juni 1998*. Red. av Gunilla Harling-Kranck. (Studier i nordisk filologi 78.) Helsingfors, s. 246–259.

- Helander, Kaisa Rautio: Saamic. I: *Onomastica Uralica 1a. Selected Bibliography of the Onomastics of the Uralian Languages*. Edited by István Hoffmann. Helsinki, s. 205–241.
- Helleland, Botolv: To namnepensjonistar ser seg attende – Alv Muri og Gunhild Birkeland. I: *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2000*. Redigert av Kristoffer Kruken. Universitetet i Oslo. Institutt for nordistikk og litteraturvitskap. Oslo, s. 17–22
- Helleland, Botolv: Jortenslåtta. I: *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2000*. Redigert av Kristoffer Kruken. Universitetet i Oslo. Institutt for nordistikk og litteraturvitskap. Oslo, s. 35–39.
- Helleland, Botolv: Onomastics in Norway – main achievements September 2000 – September 2001. I: *47th Annual Ehrensperger Report*. Red. av Thomas J. Gasque. American Name Society, s. 14–15 (på nettet: <http://www.wtsn.binghamton.edu/ANS/>).
- Helleland, Botolv: Evaluering av stadnamnlova. I: *Nytt om namn* 33, s. 12.
- Helleland, Botolv: Randa som førenamn. I: *Nytt om namn* 33, s. 12–13.
- Helleland, Botolv: Om bruk av godkjende stadnamn. I: *Nytt om namn* 34, s. 8–9.
- Helleland, Botolv: Majorstua – Majorstuen. I: *St. Hanshaugen – Ullevål Budstikke* 3/2001.
- Helleland, Botolv: Namnedagar. I: *Markus menighetsblad* 1/2001, s. 9–10.
- Helleland, Botolv: Påske- i stadnamn. I: *Markus menighetsblad* 2/2001, s. 16.
- Helleland, Botolv: Stadnamnet Holstein i Oslo. I: *Aftenposten Aften* 16.8.
- Helleland, Botolv: Svenske namnedagar. [Melding av] Eva Brylla (red.): *Namnlängdsboken. Historien bakom namnen i almanackan utgiven av Namnlängdskommittén*. (Skrifter utgivna av Svenska språknämnden 83.) Norstedts Ordbok. Stockholm 2000. I: *Nytt om namn* 33, s. 46.
- Helleland, Botolv: Offisielle stadnamn i ny utgåve. [Melding av] Peter Hallaråker: *Offisielle stadnamn i Møre og Romsdal. Inndelingsnamn og kommunikasjonsnamn med vekt på veg- og gatenamn*. Volda 2001. 2. utgåva. I: *Nytt om namn* 34, s. 41.
- Helleland, Botolv: Norsk målsoga – klassikar i ny utgåve. [Melding av] Gustav Indrebø: *Norsk målsoga*. Andre utgåva. Bergen 2001. I: *Nytt om namn* 34, s. 42–43.
- Helleland, Botolv: Namnevandring på Stord. [Melding av] Kari Lønning Aarø & Jan Rabben: *Namnevandring i Stord og Fitjar*. Stord 2001. I: *Nytt om namn* 34, s. 43–44.

- Helleland, Botolv: Fjelltoppar med namneforklaringar. [Melding av] Erik W. Thommessen: *Kremen av topper 3. Med et utvalg skogstopper*. Oslo 2001. I: *Nytt om namn* 34, s. 45.
- Helleland, Botolv: Namn i en föränderlig värld. [Melding av] Gunilla Harling-Kranck (red.): *Namn i en föränderlig värld. Rapport från den tolfte nordiska namnforskarkongressen, Tavastehus 13–17 juni 1998*. (Studier i nordisk filologi 78.) Helsingfors 2001. I: *Nytt om namn* 34, s. 46.
- Hille, Arnoldus: Lalm. I: *Namn og Nemne* 18, s. 59–64.
- Hoel, Kåre: *Bustadnavn i Østfold. 4. Spydeberg*. Utgitt av Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo ved Margit Harsson. Oslo. 311 sider.
- Jenstad, Tor Erik: Offentleg normering av stadnamn – kulturvern og lokal-demokrati. I: *Nord-Trøndelag historielag. Årbok for 2001*, s. 80–92.
- Jenstad, Tor Erik: Tradisjonelle bygdelagsnamn – ei forsømt namnegruppe. I: *Adresseavisen* 12.1.
- Johannessen, Ole-Jørgen: «Var hann kendr við móður sína». Metronymika, metronymikonbruk og metronymikonbærere i norrøn middelalder. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 19, s. 31–82.
- Johannessen, Ole-Jørgen: [Melding av] Kristin Bakken: *Leksikalisering av sammensetninger. En studie av leksikaliseringsprosessen belyst ved et gammelnorsk diplommateriale fra 1300-tallet*. XII, 319 s. Oslo: Universitetsforlaget AS (Scandinavian University Press) 1998. (Acta Humaniora 38.) I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 19, s. 113–116.
- Jørgensen, Bent: *Namn og gard. Studium av busetnadsnamn på -land*. Doktordisputas ved Universitetet i Bergen, 23. juni 2000. 2. opponent. I: *Namn og Nemne* 18, s. 32–45.
- Karikoski, Elin Vanja: Rujafinske slektsnavn i endring. I: *Namn i en föränderlig värld. Rapport från den tolfte nordiska namnforskarkongressen, Tavastehus 13–17 juni 1998*. Red. av Gunilla Harling-Kranck. (Studier i nordisk filologi 78.) Helsingfors, s. 154–164.
- Korslund, Frode: Vinland, 'beitelandet'. Eit tilsvar til Gösta Holms artikkel «Vinland, 'vinranklandet'» i *Maal og Minne* 2 (1997). I: *Maal og Minne*, s. 33–39.
- Korslund, Frode: Øynavnet *Åven* i Råde. I: *Nytt om namn* 33, s. 38–40.
- Kruken, Kristoffer: Andrenamnet som tiltalenamn i Noreg. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 19, s. 97–111.
- Kruken, Kristoffer (red.): *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2000*. Universitetet i Oslo. Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap. Oslo. 56 sider.

- Leibring, Katharina: [Melding av] Gudlaud Nedreid: «*Ender og daa ein Aslaksen eller Bragestad*». *Etternamnsskikken på Sør- og Vestlandet. Studiar i folketeljingsmaterialet frå 1801*. 1. Tekstdel. [IV], VIII, 361 s. – 2. Materialdel. [IV], II, 314 s. Kristiansand: Høgskolen i Agder. 1998. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 19, s. 129–132.
- Lockertsen, Roger: Noreg i Europa på 1100-talet: Nidaros var namnet. I: *Dag og Tid* 18.5., s. 14–15.
- Löfdahl, Maria: [Melding av] *Oluf Rygh. Artikler om en foregangsmann i humanistisk forskning*. Redigert av Berit Sandnes, Jørn Sandnes, Ola Stemshaug & Lars F. Stenvik. Uppsala 2000. (NORNA-rapporter 70 A.) *Oluf Rygh. Rapport fra symposium på Stiklestad 13.–15. mai 1999*. Redigert av Berit Sandnes, Jørn Sandnes, Ola Stemshaug & Lars F. Stenvik. Uppsala 2000. (NORNA-rapporter 70 B.) I: *Namn och bygd* 89, s. 193–196.
- Løøv, Anders: Sørsamiske personnavn fra førkristen tid til nåtid. I: *Kristendommens indflydelse på nordisk navngivning. Rapport fra NORNAs 28. symposium i Skálholt 25.–28. maj 2000*. Redigeret af Svavar Sigmundsson. (NORNA-rapporter 74.) Uppsala, s. 59–66.
- Løøv, Anders: Sørsamenes valg av dåpsnavn på 1700- og 1800-tallet. I: *Namn i en föränderlig värld. Rapport från den tolfte nordiska namnforskarkongressen, Tavastehus 13–17 juni 1998*. Red. av Gunilla Harling-Kranck. (Studier i nordisk filologi 78.) Helsingfors, s. 202–209.
- Myhren, Magne: Åkne – eit sjeldsynt mannsnamn. I: *Nytt om namn* 34, s. 33, og *Talatrusten*, s. 7.
- Myrheim, Frode: Norsk Etternamnleksikon [sic]. [Melding av] Olav Veka: *Norsk etternamnleksikon. Norske slektsnamn – utbreiing, tyding og opphav*. Det Norske Samlaget 2000. I: *Genealogen* 1/2001, s. 75–77.
- Nes, Oddvar: [Melding av] Eva Nyman: *Nordiska ortnamn på -und*. Acta Academiae Regiae Gustavi Adolphi LXX = Studier till en svensk ortnamnsatlas 16. Uppsala: Kungl. Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur, 2000. 631 s. I: *Namn och Nemne* 18, s. 126–128.
- Neset, Trygve: Fjellet Herbensen i Elgådalen. Betyr namnet eigenleg Hebergstenen? I: *Årbok for Nord-Østerdalen*, s. 47–48.
- Neset, Trygve: Mela og Marsjøen – er det ein samanheng mellom elve- namnet og sjønamnet? I: *Årbok for Nord-Østerdalen*, s. 49–50.
- Nyström, Staffan: [Melding av] Kristin Bakken: *Leksikalisering av sammensetninger. En studie av leksikaliseringprosessen belyst ved et gammelnorsk diplommateriale fra 1300-tallet*. Oslo 1998. I: *Namn och bygd* 89, s. 157–160.

- Pedersen, Aud-Kirsti: Stadnamn og språkkontakt. Klassifikasjon av stadnamnmateriale med utgangspunkt i levande og utdøydd språkkontakt. I: *Namn og nemne* 18, s. 99–116.
- Pedersen, Kjell Erland: Samiske stedsnavn i Harstad kommune. I: *Årbok for Harstad* 14, s. 19.
- Reisæter, Guro: Eit fleirkulturelt perspektiv på framlegg til ny lov om personnamn. I: *Nytt om namn* 34, s. 17–25.
- Rentenaar, Rob: [Melding av] Åse Kari Hansen: *Språkkontakt i gammelt koloniområde. En studie av normannerbosetningens stedsnavn, med særleg vekt på navnegruppa -tuit*. Bergen 1998. I: *Namn och bygd* 89, s. 170–173.
- Rindal, Magnus: Oslo – for siste gong. I: *Maal og Minne*, s. 23–24.
- Rostvik, Allan: [Melding av] *Utanlandske namn i Norden. Rapport frå NORNAs tjuesjette symposium i Oslo 28.–30. mai 1997*. Redigert av Botolv Helleland & Leif Nilsson. Uppsala 1999. (NORNA-rapporter 68.) I: *Namn och bygd* 89, s. 211–214.
- Sandberg, Per-Øivind: *Gatenavn i Hamar kommune*. Hamar Rotary klubb. 64 sider. Ill.
- Sandnes, Berit: Norrønt språk dør ut på Orknøyene og Shetland. I: *Motskrift* 1/2001.
- Sandnes, Jørn: Vinland – navnet og realitetene. I: *Leiv Eriksson, Helge Ingstad og Vinland. Kjelder og tradisjonar. Innlegg ved eit seminar i regi av Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab 13–14 oktober 2000*. Redigert av Jan Ragnar Hagland og Steinar Supphellen. (DKNVS. Skrifter 1/2001.) Trondheim, s. 91–98.
- Schmidt, Tom: *Prestrud og Sebu i Øystre Slidre*. I: *Seksjon for namnegranskning. Årsmelding 2000*. Redigert av Kristoffer Kruken. Universitetet i Oslo. Institutt for nordistikk og litteraturvitskap. Oslo, s. 41–56.
- Schmidt, Tom: 514 enkeltartikler om personnavn. I: *Caplex* (nettversjon og prenta utgåve). Oslo.
- Schmidt, Tom: [Melding av] Åse Wetås: *Namneskiftet Kristiania – Oslo*. Oslo: Novus forlag 2000. I: *NOMINA. Journal of the Society for Name Studies in Britain and Ireland* 24, s. 115–117.
- Schmidt, Tom: [Melding av] *Den nordiska namnforskningen. I går, i dag, i morgon. Handlingar frå NORNA:s 25:e symposium i Uppsala 7–9 februari 1997*. Redigerade av Mats Wahlberg. Uppsala 1999. (NORNA-rapporter 67.) I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 19, s. 137–142.
- Seim, Karin Fjellhammer: Navnematerialet i de grønlandske (rune)innskriftene. I: *Namn og Nemne* 18, s. 7–13.

- Skevik, Olav: Hylla i Beitstad. I: *Nord-Trøndelag historielag. Årbok for 2001*, s. 181–186.
- Stefánsson, Magnús: Kommentarer [til Jørn Sandnes' foredrag *Vinland – navnet og realitetene*]. I: *Leiv Eriksson, Helge Ingstad og Vinland. Kjelder og tradisjonar. Innlegg ved eit seminar i regi av Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab 13–14 oktober 2000*. Redigert av Jan Ragnar Hagland og Steinar Supphellen. (DKNVS. Skrifter 1/2001.) Trondheim, s. 99–103.
- Stemshaug, Ola: *Staðir*-namn i Romsdalen. I: *Romsdal sogelag. Årsskrift*, s. 213–232.
- Stemshaug, Ola: Ja til Gyldenblå og Månestråle. I: *Adresseavisen* 26.3. [Kronikk i høve NOU 2001: 1. *Lov om personnavn*.]
- Stemshaug, Ola: [Melding av] Åse Wetås: *Namneskiftet Kristiania – Oslo*. Oslo: Novus forlag 2000. 242 s. I: *Namn og Nemne* 18, s. 120–121.
- Strandberg, Svante: [Melding av] Inge Særheim: *Namn og gard. Studium av busetnadsnamn på -land*. Stavanger 2001. I: *Namn och bygd* 89, s. 206–211.
- Stylegar, Frans-Arne og Inger Vågen: *Signaturer fra en annen tid. Hidre-historie i sagn og stedsnavn*. Kystmuseet Fedrenes minne. Hidra. 214 sider. Ill.
- Svendsen, Yngve, María José A. Escobar, Merethe H. Grinde, Ivar Utne, Stephan Gudbrand Johan Fredrik Mo og Kristin Os (sekr. Pan Farmakis): *Lov om personnavn. Tradisjon, liberalisering og forenkling*. (Norges offentlige utredninger 2001: 1.) Oslo. 156 sider.
- Særheim, Inge: *Namn og gard. Studium av busetnadsnamn på -land*. (Tidvise skrifter 38.) Høgskolen i Stavanger. 508 sider.
- Særheim, Inge: *Namn og gard. Studium av busetnadsnamn på -land* [sic]. Doktordisputas ved Universitetet i Bergen, 23. juni 2000. Svar frå doktoranden. I: *Namn og Nemne* 18, s. 45–58.
- Særheim, Inge: Hans Krahes teori om ein gammaleuropeisk hydronymi. Ei kritisk vurdering etter 50 års diskusjon. I: *Maal og Minne*, s. 1–16.
- Særheim, Inge: *Daniel Braut og Gabriel Gram*. Nokre drag ved namnebruken i Arne Garborgs diktning. I: *Maal og Minne*, s. 161–182.
- Særheim, Inge: Sørvestnorske *staðir*-namn – føreledda og alderen til namna. I: *Namn och bygd* 89, s. 29–51.
- Thorsen, Liv Emma: Hundena. I: (d.s.): *Hund! Fornuft og følelser*. Pax forlag. Oslo, s. 371–377.
- Utne, Ivar: Fornamn som er like etternamn. I: *Namn og Nemne* 18, s. 79–98.

- Utne, Ivar: Hvor kom navna Per, Pål og Espen Askeladd fra? I: *Nordica Bergensia* 25, s. 81–101.
- Utne, Ivar: Utviklinga av slektsnavn i Norge, med særlig vekt på sen-navn. I: *Genealogen* 2/2001, s. 13–26.
- Utne, Ivar: Nye navnekulturer i landet. I: *Norsklæreren* 5/2001, s. 48–53.
- Utne, Ivar: Enklare å velje namn. I: *Bergens Tidende* 11.2. (Om framlegget til ny personnamnlov.)
- Utne, Ivar: Ny personnamnlov med vide rammer. *Adresseavisen* 5.4.
- Utne, Ivar: [Melding av] Olav Veka: *Norsk etternamnleksikon. Norske slektsnamn – utbreiing, tyding og opphav*. Oslo: Det Norske Samlaget, 2000. 501 s. I: *Namn og Nemne* 18, s. 117–120.
- Valtavuo-Pfeifer, Ritva: [Melding av] Olav Veka: *Norsk etternamnleksikon. Norske slektsnamn – utbreiing, tyding og opphav*. Oslo 2000. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 19, s. 162–166.
- Veka, Olav: *Norsk etternamnleksikon. Norske slektsnamn – utbreiing, tyding og opphav*. Det Norske Samlaget. Oslo. 2. opplag, noko revidert.
- Veka, Olav: Bondevik – typisk norsk. I: *Språknytt* 3/2001, s. 36–39.
- Veka, Olav: [Melding av] Georg Søndergaard: *Danske for- og etternavne [sic]. Betydning, oprindelse, udbredelse*. Askholms Forlag. U.å. I: *Nytt om namn* 33, s. 43–45.
- Veka, Olav: [Melding av] Per Billesø: *20.000 slægtsnavne i Danmark*. 176 s. Værløse: Billesø og Baltzer 1999. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 19, s. 116–117.
- Vikør, Lars S.: [Melding av] Tom Schmidt: *Norske gårdsnavn på -by og -bø med personnavnforledd*. Del 1 + Del 2. Det historisk-filosofiske fakultet, Universitetet i Oslo. (Series of dissertations submitted to the Faculty of Arts, University of Oslo, No. 87.) I: *Nytt om namn* 33, s. 42–43.
- Wahlberg, Mats: *Namn og gard. Studium av busetnadsnamn på -land*. Doktordisputas ved Universitetet i Bergen, 23. juni 2000. 1. opponent. I: *Namn og Nemne* 18, s. 15–32.
- Wahlberg, Mats: [Melding av] Eli Johanne Ellingsve: *Menneske og stedene. Sannsynliggjøring av relasjonar mellom overledd og underledd i sammensatte stedsnavn med personnavn i underledd*. Bergen 1999. I: *Namn och bygd* 89, s. 162–165.
- Wetås, Åse: Då hovudstaden på ny fekk namnet *Oslo*. I: *Byminner* 1/2001 (utgjeve av Oslo bymuseum), s. 2–13.
- Widmark, Gun: Oslo och u-omljudet. I: *Maal og Minne*, s. 25–27.
- Aarø, Kari Lønning og Jan Rabben: *Namnevandring i Stord og Fitjar*. Eige forlag. Stord. 232 sider. Ill.

2000 – tillegg

- Helleland, Botolv: Das norwegische Ortsnamengesetz – Entstehung, Ziel und Handhabung. I: *Onoma* 35, s. 259–277.
- Helleland, Botolv: Der Namenschatz einer westnorwegischen Ortschaft (Lofthus). Ein Spiegel der Ausnutzung der Natur durch den Menschen. I: *Raum, Zeit, Medium – Sprache und ihre Determinanten. Festschrift für Hans Ramge zum 60. Geburtstag*. Herausgegeben von Gerd Richter, Jörg Riecke und Britt-Marie Schuster. Hessische Historische Kommission Darmstadt, s. 81–102.
- Helleland, Botolv: Place-names (Geographical Names) on and off the Coast of Norway: Names of Oil Fields Compared to Traditional Place-names. I: *Journal of Geography Education* (Department of Geography Education. Seoul National University). Vol. 44 (2000, 12), s. 62–70.
- Kristiansen, Jan Ivar: Slett ikke bare Ole og Niels, Anne og Marthe. I: *Genealogen* 1/2000, s. 46.
- Kristiansen, Jan Ivar: Navn navn navn. I: *Genealogen* 2/2000, s. 57.
- Nes, Oddvar: [Melding av] John Kousgård Sørensen: *Danske sø- og ånavne*. VIII. Tilføjelser. Analyser. Registre. København 1996. I: *Namn og Nemne* 17, s. 121–122.
- Nyström, Staffan: [Melding av] Eli Johanne Ellingsve: *Menneskene og stedene. Sannsynliggjøring av relasjoner mellom overledd og underledd i sammensatte stedsnavn med personnavn i underledd*. Bergen 1999. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 18, s. 130–131.
- Utne, Ivar: Ivar Aasens navnebok. [Melding av] Ivar Aasen: *Norsk Navnebog eller Samling af Mandsnavne og Kvindenavne*. Ved Kristoffer Kruken og Terje Aarset. Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet. Nr. 3. Høgskulen i Volda. Volda 1997. I: *Genealogen* 1/2000, s. 58–59.

1999 – tillegg

- Amundgård, Arne: Personnamn i stadnamn i fjellet. I: *Gåmålt frå Lesja og Lesjaskog*, s. 40–43.
- Glomstein, Ivar: Hva skal byen hete? Hovedstadens navneskifte fra Kristiania til Oslo. I: *St. Hallvard* 3/1999, s. 30–40.
- Megaard, John: Hvor sto «Slaget i Hjôrungavágr»? Jomsvikingeberetningens stedsnavn og Sæmundr fróði. I: *Alvíssmál* 9, s. 29–54.
- Syrstad, Ola: Namneskikk i gamle dagar. I: *Meldal historielag. Årsskrift*, s. 62–63.
- Aars, Ivar: Frå Røyne og Rustespringen til Nasaret og Nebraska. Valdresnavn på vandring. I: *Årbok for Valdres*, s. 182–198.